



**Utvalg:** Kontrollutvalet i Eidfjord kommune  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset  
**Dato:** 01.10.2019  
**Tidspunkt:** 09:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Kjartan Haugsnes tlf. 901 89 542 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kjartan Haugsnes møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Jostein Hovland  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Rådmann

## Saksliste

| Utvalgs-<br>saksnr | Innhold                                                                      | Lukket | Arkiv-<br>saksnr |
|--------------------|------------------------------------------------------------------------------|--------|------------------|
| PS 23/19           | Godkjenning av innkalling og sakliste                                        |        |                  |
| PS 24/19           | Godkjenning av møteprotokoll fra forrige møte                                |        |                  |
| PS 25/19           | Orientering frå rådmann - henvending                                         |        | 2015/49          |
| PS 26/19           | Orientering frå rådmann, spørsmål om tilsettingar.                           |        | 2015/49          |
| PS 27/19           | Budsjett for kontrollarbeidet i Eidfjord kommune 2020                        |        | 2015/120         |
| PS 28/19           | Evaluering av kontrollarbeidet i Eidfjord kommune 2015 - 2019.               |        | 2015/43          |
| PS 29/19           | Rapport, selskapskontroll av Indre Hordland Miljøverk IKS                    |        | 2018/41          |
| PS 30/19           | IHR presenterer overordna revisjonsplan for Eidfjord kommune 2019            |        | 2015/48          |
| PS 31/19           | Milepælsorientering forvaltningsrevisjon Bygging av ny sjukeheim i Eidfjord. |        | 2017/44          |
| PS 32/19           | Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024, bestilling av prosjektplan        |        | 2019/43          |
| PS 33/19           | Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024, bestilling av prosjektplan          |        | 2019/44          |
| PS 34/19           | Referatsaker                                                                 |        |                  |
| RS 5/19            | Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon september 2019             |        | 2019/15          |
| PS 35/19           | Eventuelt                                                                    |        |                  |

**PS 23/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 24/19 Godkjenning av møteprotokoll fra forrige møte**



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 219  
Arkivnr: 2015/49-32  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                              | Saknr. | Møtedato   |
|------------------------------------|--------|------------|
| Kontrollutvalet i Eidfjord kommune | 25/19  | 01.10.2019 |

### Orientering frå rådmann - henvending

Bakgrunn for saka.

Sekretariatet har motteke ei henvending knytt til utbygging på Garen i Sysendalen frå Gunnar Garen. Henvendinga er sendt vidare til rådmann og vi har bedd han kome og gjere greie for kommunen sin ståstad i saka.

Sjølve henvendinga frå Gunnar Garen er av sekretariatet unnateke offentlegheit og vil verte sendt kontrollutvalet på raudt papir.

Det er avtala at rådmannen kjem og orienterer utvalet i møtet 1. oktober 09.15

### Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 219  
Arkivnr: 2015/49-33  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                              | Saknr. | Møtedato   |
|------------------------------------|--------|------------|
| Kontrollutvalet i Eidfjord kommune | 26/19  | 01.10.2019 |

### Orientering frå rådmann, spørsmål om tilsettingar.

Bakgrunn for saka.

I kontrollutvalet sitt møte 24.05.2019 vart det frå utvalsleiar stilt spørsmål knytt til tilsettingar i Eidfjord kommune. Partsbrev vart sendt frå sekretariatet til rådmann 06.06.2019 med følgjande innhald:

I kontrollutvalet sitt møte i Eidfjord kommune 24.05.2019 vart følgjande protokollert i sak:

*«PS 19/19 Eventuelt*

*Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Eidfjord kommune - 24.05.2019*

*Handsaming i møtet:*

*Utvalsleiar Jostein Hovland stilte spørsmål om tilsettingar i Eidfjord kommune.*

*Rådmann Geir Underhaug ba om å få spørsmåla skriftleg.  
Utvalsleiar sender spørsmålet til sekretariatet ved høve.*

*Vedtak: Ingen vedtak vart gjort.»*

Sekretariatet har no motteke spørsmålet frå utvalsleiar og sender det no til rådmann.

*«Spm til Rådmann Ang. Tilsettinger i Eidfjord kommune.*

*"Problemstilling: Det er komme utvalgsleiar for øyre at det er gjort fleire tilsettinger siste 6 mnd utan utlysing, verken internt eller eksternt. Stillingar som er nemnt, styrar Barnehage. Assistent på skule. Kommunal sjef og ass.*

*Er dette ny praksis? Kvifor?*

*Jostein Hovland»*

Drøfting:

Det er avtala at rådmann kjem og orienterer utvalet i møtet 1. oktober kl. 09.15

**Forslag til vedtak**

Informasjonen vart teken til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 151  
Arkivnr: 2015/120-24  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                              | Saknr. | Møtedato   |
|------------------------------------|--------|------------|
| Kontrollutvalet i Eidfjord kommune | 27/19  | 01.10.2019 |

### Budsjett for kontrollarbeidet i Eidfjord kommune 2020

Stortinget gjorde vedtak om ny kommunelov 22.06.2018 og denne skal i hovudsak tre i kraft fra konstituerande møte i kommunestyra for valperioden 2019 – 2023. På bakgrunn av ny kommunelov gjorde KMD 17.06.2019 vedtak om ny forskrift for kontrollutval og revisjon. Forskrifta trer i kraft i si heilheit frå konstituerande møte i ny valperiode.

Av forskrifta kan ein i § 2 «Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet» lese:

*«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»*

#### Drøfting:

Kontrollutvalet er gjeve ansvaret i høve kommunelova § 2 å utarbeida budsjettforslag for kommunen sitt kontrollarbeid. Budsjettforslaget vert innstilt direkte til politisk organ då det er administrasjonen som i hovudsak vert gjenstand for kontroll og revisjon.

I budsjettforslag for revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i dei dokument sekretariatet har motteke frå Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og korrespondanse med dagleg leiar Elin Bye, august 2019.

For Eidfjord kommune er følgjande lagt til grunn.

- I epost frå IHR, dagsett 20.08.2019 vert det opplyst at alle tal frå revisjonen er ekskl. MVA
- Grunnpakke revisjon og forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll på inntil 200 timar med ein årleg kostnad på kr. 530 000,-
- Det er ikkje oppgjeve timepris for tinging av forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll eller andre timebaserte tingingar utover grunnpakke. Sekretariatet har i budsjettforslaget lagt til grunn ein timepris på kr. 1000,-, slik at samla revisjonskostnad vert kr. 660.000.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 90189542 - E-postadresse: [kjartan.haugsnnes@hfk.no](mailto:kjartan.haugsnnes@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

- I tilsendt dokumentasjon frå IHR har sekretariatet ikkje motteke dokumentasjon på om grunnpakke revisjon – fastpris og innhald:
  - 1) Attestasjonar
  - 2) Prosjektrekneskap
  - 3) Attestasjon MVA kompensasjon
  - 4) Revisjon av eventuelle kommunale føretak (KF)
  - 5) Deltaking i kontrollutvalsmøter
- Sekretariatet legg til grunn at pkt. 1-5 overfor er inkludert i fastpris revisjon. Dette har til no vore inkludert i prisavtale mellom kommunar og IHR. Det er og inkludert i fastpris i kontraktar mellom privat revisjon og kommunar vi er sekretariat for.
- Årsavslutning 2019 er ikkje ein del av grunnpakken, men skal fakturerast som ein del av eksisterande avtale med IHR i kvar enkelt kommune.
- Sekretariatet har ikkje motteke overslag frå IHR over pensjonskostnadene for tidlegare tilsette for 2020.

Som ein kan sjå av punkta over er det knytt stor usikkerhet til tala, og Eidfjord kommune må pårekne endringar i første driftsår, 2020. Frå sekretariatet si side er det viktig at ein del føresetnader vert lagt til grunn for vidare arbeid då vi skal følge opp budsjettet på vegne av kontrollutvalet:

- a) Det er kontrollutvalet som vedtek bruk av dei 200 timane i grunnpakken til mellom anna forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll årleg. Det er kontrollutvalet som gjennom vedtak fritt disponerer desse timane. Dette vil og vere i tråd med praksis i alle kommunar med privat revisjon, og korleis praksis har vore i IHR – kommunane til og med 2019.

Om kontrollutvalet vil gjennomføra forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll, planarbeid eller andre timebaserte tingingar skjer dette etter vedtak i kontrollutvalet. Vidare må ein legge til grunn at timane i grunnpakken er overførbare frå eit år til eit anna (rollover).

- b) Sekretariatet vil sterkt tilrå at kontrollutvalet innstiller på at det skal gjennomførast minimum ein forvaltningsrevisjon i året i Eidfjord kommune. I budsjettforslaget som ligg føre er det lagt inn 100 timar utover grunnpakka til dette arbeidet. I kommunar av Eidfjord sin storleik er det vanleg å legge til grunn 350 timar årleg til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Det ligg til kontrollutvalet si vedtaksmynde om det skal gjennomførast årleg forvaltningsrevisjon så lenge dette er mogleg innan budsjetttramma frå kommunestyret.
- c) Sekretariatet legg til grunn i sitt forslag til budsjett at forenkla etterlevingskontroll er ein del av rekneskapsrevisjonen etter kommunelova § 24.9 og då ein del av fastpris. Om kontrollutvalet ønskjer ein utvida etterlevingskontroll vil dette skje etter vedtak og tinging i kontrollutvalet, og vert belasta timetalet kontrollutvalet har til disposisjon etter budsjettvedtak i kommunestyret.

Sekretariatet har som utgangspunkt at budsjett for kontrollarbeid skal vere så føreseieleg som mogleg. Eit føreseieleg kostnadsbilete får ein ved å avklare kva som skal vere ein del av fastpris og kva som vert fakturert etter medgått tid.

Sekretariatet har forståing for at alle tal og oppgåver ikkje er på plass i høve avtalar mellom nytt samanslått revisjonsselskap og den enkelte kommune, men vil på bakgrunn av dei tal og oppgåver som er motteke påpeika at revisjonskostnadene ser ut til å auke for alle eigarkommunane til Indre Hordaland Revisjonsdistrikt. For Eidfjord kommune vil auken utgjere noko over 60% i høve dagens avtale mellom IHR og kommunen. Ein stor kommune som Askøy, med nærare 30.000 innbyggjarar, hadde eit budsjett for revisjon i 2019 på kr. 865.300. Tilråding frå kontrollutvalet for 2020 er eit budsjett for revisjon i Askøy kommune på kr. 881 690,-. Dette inkluderer 550 timar til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte bestillingar.



Andre budsjettpostar:

Det vert lagt opp til 5 møter i kontrollutvalet i 2020. Ellers er det lagt inn møtegodtgjersle, kostnader til at medlemmane i kontrollutvalet kan delta på ein nasjonal fagleg kontrollkonferanse, reisekostnader og servering på utvalsmøta. Nytt frå 2020 er at kontrollutvalet auker til 5 medlemmer, slik minstetalet er blitt, jf. ny kommunelov.

Det er og lagt inn forslag om ekstra tiltaksmidler. Dette er midler som er tenkt til ev. ad-hoc oppgåver, til dømes øvrig forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller andre utgreiingar, som måtte komme undervegs i året. Bakgrunnen for slike ekstra oppgåver kan til dømes vere medieoppslag eller bestillingar frå kommunestyret som ikkje står i godkjent plan.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide ein plan som viser kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon innan, jf. ny kommunelov § 23-3. Denne planen skal ta utgangspunkt i ein risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunal verksemd og verksemd i kommunale selskap.

Vidare skal kontrollutvalet minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide ein plan for eigarskapskontroll som skal gjennomførast, jf. ny kommunelov § 23-4. Denne skal og ta utgangspunkt i risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunen sin eigarskap. Det normale er at kontrollutvalet ber revisor om å stå for dette arbeidet. Etter sekretariatet si meining kan dette løysast innanfor dei 200 timane kontrollutvalet får til disposisjon i grunnpakken som ligg i utkastet til ny avtale mellom kommunen og nytt kommunalt revisjonsselskap.

Det er og vanleg at medlemmane i kontrollutvalet deltek på folkevaldopplæring spesielt innretta mot arbeidet i kontrollutvalet i starten av ny valperiode. Sekretariat for kontrollutvalget har planlagt ei slik samling i februar 2020 og det er lagt inn kostnader som kan dekke dette.

Pris for tenestene sekretariatet gjer for kontrollutvalet er lagt inn i høve avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Eidfjord kommune.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett inkludert dei endringar som vert gjort i møtet, men gjer merksam på den usikkerheit som ligg i det totale kostnadsbilete for revisjon.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett inkludert dei endringar som vert gjort i møtet.
2. Kontrollutvalet vil sterkt tilrå at det vert gjennomført årleg forvaltningsrevisjon i Eidfjord kommune.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Budsjet for kontrollarbeidet i Eidfjord kommune 2020

## Budsjettforslag for kontrollutvalet i Eidfjord kommune for 2020

| Konto | Tekst                                  |  | Rekneskap<br>2018 | Budsjett 2019     | Budsjett 2020     | Merknad                        |
|-------|----------------------------------------|--|-------------------|-------------------|-------------------|--------------------------------|
| 10800 | Godtgjersle folkevalde                 |  | kr 20 913         | kr 23 252         | kr 26 440         | 5 medlemmer av utvalet         |
| 10803 | Tapt arbeidsforteneste                 |  | kr 3 921          | kr 6 000          | kr 6 000          |                                |
| 10803 | Feriepenger tapt arbeidsforteneste     |  | kr -              | kr 720            | kr 720            |                                |
|       | Delsum                                 |  | kr -              | <b>kr 29 972</b>  | <b>kr 33 160</b>  |                                |
| 10990 | Arbeidsgiveravgift (AGA)               |  | kr 2 651          | kr 3 597          | kr 3 979          |                                |
|       | Delsum                                 |  | kr 27 669         | <b>kr 33 569</b>  | <b>kr 37 139</b>  |                                |
| 11000 | Diverse                                |  | kr -              | kr 2 000          | kr 2 000          |                                |
| 11002 | Abonement                              |  | kr 4 450          | kr 9 100          | kr 9 100          |                                |
| 11002 | Abonement                              |  | kr -              | kr -              | kr -              |                                |
| 11151 | Servering på møta                      |  | kr 1 193          | kr 6 000          | kr 6 000          |                                |
| 11207 | Reiseutg.m.m. ikkje oppg. pl.          |  | kr 1 375          | kr -              | kr -              |                                |
| 11500 | Kurs/konferanse                        |  | kr 5 975          | kr 10 000         | kr 10 000         | Kurs og konferanse, t.d FKT    |
| 11500 | Folkevaldopplæring for kontrollutvalet |  | kr -              | kr -              | kr 20 000         |                                |
| 11600 | Reise- og opphaldsutgifter oppg.pl.    |  | kr 183            | kr 2 500          | kr 4 000          | Reise ifm. konferanser         |
| 11601 | Køyre godtgjersle tilsette             |  |                   | kr 5 000          | kr 5 000          |                                |
| 11951 | Kontingentar                           |  | kr 3 500          | kr 3 500          | kr 3 500          | Forum for Kontroll og Tilsyn   |
| 13300 | Kjøp av sekretariatstenester           |  | kr 120 000        | kr 120 250        | kr 123 500        | I høve avtale.                 |
| 12700 | Kjøp av konsulenttenester              |  | kr -              | kr -              |                   |                                |
| 13750 | IHR MVA pliktig                        |  | kr -              | kr 27 477         | kr 30 000         | Estimert tal                   |
| 13750 | Ekstra tiltaksmidlar                   |  |                   | kr 30 000         | kr 30 000         |                                |
|       | Delsum                                 |  | kr -              | <b>kr 215 827</b> | <b>kr 243 100</b> |                                |
| 14290 | Meirverdiavgift                        |  | kr 29 434         | kr 52 157         | kr 58 780         |                                |
| 17290 | Moms-kompensasjon                      |  | kr -29 434        | kr -52 157        | kr -58 780        |                                |
| 13750 | IHR ikkje momspiktig honorar           |  | kr 494 175        | kr 428 414        | kr 630 000        | Samla rev.honorar kr. 660 000* |
| 13750 | Pensjon tidlegare tilsette i IHR       |  | kr -              | kr 60 000         | kr 60 000         | Estimert tal                   |
| 14500 | Overført til andre kommunar            |  |                   |                   |                   |                                |
|       | Total budsjetttramme                   |  | <b>kr 659 828</b> | <b>kr 737 810</b> | <b>kr 970 239</b> |                                |

\* Ny avtale med revisor frå 2020, 530 000 kr i fastpris inkl. 200 t til forv.rev + 100 timar til ein årleg forvaltningsrevisjon



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 014  
Arkivnr: 2015/43-18  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                              | Saknr. | Møtedato   |
|------------------------------------|--------|------------|
| Kontrollutvalet i Eidfjord kommune | 28/19  | 01.10.2019 |

## Evaluering av kontrollarbeidet i Eidfjord kommune 2015 - 2019.

### Bakgrunn for saka:

I 2016 ga Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) ut 2. utgåve av kontrollutvalsboka.  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kontrollutvalgsboken/id2468270/>

Boka er utarbeidd for å styrke arbeidet med eigenkontrollen i kommunane. Vi er kjent med at KMD har planar om å utarbeide ei 3. utgåve av boka som tek omsyn til endringane som kjem i ny kommunelov med forskrifter, som skal tre i kraft hausten 2019

### Drøfting:

Kapittel 11 i boken omhandlar "Oppfølging og evaluering" av kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen sitt arbeid. I dette kapittelet står bl.a. dette:

*«Det kan vere nyttig for kontrollutvalet å evaluere eige arbeid jamleg. Målsetjinga er å sørgje for kontinuerleg læring og forbetring ved å fokusere på korleis kontrollutvalet fyller sin kontroll- og tilsynsfunksjon. Kontrollutvalet si samhandling med sekretariatet og revisjonen bør vere ein del av evalueringa. Evalueringa kan gjerne gjennomførast som ein dialog med revisor og sekretær, dersom dette ikkje er til hinder for at kontrollutvalet kan snakke ope og ærleg om sine erfaringar. Sentrale spørsmål vil vere om kontrollutvalet sine forventingar blir innfridde, om saker blir tilstrekkeleg førebudde og korleis samhandlinga kan bli endå betre.*

*Det kan skrivast referat frå evalueringa. Dersom ein identifiserer forbetringsområde, bør ein føreslå konkrete tiltak. Det er også viktig at kontrollutvalet sine samhandlingspartnarar får høve til å evaluere arbeidet til kontrollutvalet og kome med innspel til forbetringsområde. Både kommunestyret og administrasjonen kan ha verdifulle erfaringar som kan vere med på å gjere kontrollutvalet sitt arbeid endå betre. Å Invitere desse aktørane med på ei evaluering kan også medverke til å synleggjere og forankre kontrollutvalet sitt arbeid.*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 90189542 - E-postadresse: [kjartan.haugsnnes@hfk.no](mailto:kjartan.haugsnnes@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

*Når kontrollutvalsperioden går mot slutten, er det viktig å leggje til rette for erfaringsoverføring til neste kontrollutval. Det er ein føremon at ikkje alle medlemmene blir skifta ut, slik at ein sikrar ein viss kontinuitet i arbeidet til utvalet. Sekretariatet og revisjonen vil også vere med på å halde oppe stabilitet. Det er uansett avgjerande å etablere ein god praksis for erfaringsoverføring.»*

No er snart valperioden 2015 – 2019 ferdig og det kan, etter sekretariatet si meining, være bra at det blir gjennomført ei evaluering av det arbeidet kontrollutvalet har gjort i denne valperioden i tråd med det som går fram over. Dette kan gjerast f.eks. ved at kontrollutval, sekretariat og revisjon saman drøfter aktuelle spørsmål som omhandlar evaluering og erfaringsoverføring til nytt kontrollutval. Sekretariatet har utarbeidd eit skjema med forslag til spørsmål som kan brukast i ei slik evaluering. Skjemaet ligg ved. Ordførar og rådmann er også invitert til å delta i evalueringa.

#### Konklusjon:

Sekretariatet rår til at det blir gjennomført ei evaluering i dette møtet. Evalueringa bør resultere i eit forslag til ev. endringar/forbetringar i rutinane som kan gjere arbeidet med eigenkontrollen i Eidfjord kommune endå betre. Resultatet av evalueringa bør leggjast fram for kontrollutvalet for valperioden 2019 - 2023.

#### **Forslag til vedtak**

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Eidfjord kommune i valperioden 2015 – 2019 blir å legge fram for kontrollutvalet i valperioden 2019 – 2023.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Evaluering av kontrollarbeidet i Eidfjord kommune 2015 - 2019.

## Skjema for evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Eidfjord kommune, valperioden 2015 – 2019.

Kontrollutvalet (heretter kalla KUV), ordførar, rådmann, revisor og sekretariatet vil gjennomføre evaluering av arbeidet i KUV i valperioden 2015 – 2019. Evalueringa inneheld desse spørsmåla:

| Nr. | Spørsmål                                                                                                                          | Svar |
|-----|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------|
| 1   | I kva grad blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte?<br>Kva kan gjerast betre?                                 |      |
| 2   | Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?                                                                             |      |
| 3   | Klarer KUV å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte?<br>Kva kan gjerast betre?                                                  |      |
| 4   | I kva grad har KUV hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?                                            |      |
| 5   | Korleis blir KUV oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som kommunestyret og administrasjonen?                                  |      |
| 6   | Har kommunestyret og administrasjonen forståing av kva rolle og ansvar KUV har? Korleis kan KUV bidra til ei god forståing?       |      |
| 7   | Er det klåre roller og klår ansvarsdeling mellom KUV, kommunestyret og administrasjonen?                                          |      |
| 8   | I kva grad er KUV synleg nok på kommunen si heimeside?                                                                            |      |
| 9   | Bør KUV gjere meir og/ eller mindre av noko?                                                                                      |      |
| 10  | Korleis fungerer samhandlinga med revisor? Kva kan gjerast betre?                                                                 |      |
| 11  | Korleis fungerer arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll?                                         |      |
| 12  | Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet? Kva kan gjerast betre?                                                           |      |
| 13  | Kontrollutvalet og henvendingar:<br>- Frå innbyggjarar<br>- Tilsette<br>- Andre folkevalde                                        |      |
| 14  | Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KUV innehalde og kor omfattande bør det vera?<br>- Tilstrekkeleg ressursar til opplæring. |      |
| 15  | Folkevaldopplæringa for kommunestyret:<br>- Bør KUV få delta her?<br>- Bør roller og ansvar for KUV presenterast her?             |      |
| 16  | Anna                                                                                                                              |      |



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216  
Arkivnr: 2018/41-4  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                              | Saknr. | Møtedato   |
|------------------------------------|--------|------------|
| Kontrollutvalet i Eidfjord kommune | 29/19  | 01.10.2019 |

## Rapport, selskapskontroll av Indre Hordland Miljøverk IKS

### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 31.05.2018, PS 17/18

1. Kontrollutvalet i Eidfjord kommune ønskjer å delta i selskapskontroll av IHM.
2. Kontrollutvalet i Eidfjord kommune har slike innspel til arbeidet:
  - Undersøke tilsyn og kapasitet i høve hytterrenovasjon.
  - Sjølvkost hytterrenovasjon – vil fleire abonnentar gje lågare pris?

Dette vedtaket kom på bakgrunn av invitasjon frå kontrollutvalet på Voss til alle eiagarkommunane i Indre Hordaland Miljøverk (Heretter kalla IHM)

Kontrollutvalet på Voss gjorde slikt vedtak 05.11.2018

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Indre Hordaland Miljøverk IKS med utgangspunkt i endeleg prosjektplanen, slik den ligg føre.
2. Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil 180 timer, inkl. ev presentasjon i kommunestyret.
3. Kontrollutvalet ber om at IHR set opp forslag til tiltak i rapporten i prioritert rekkefølge
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå IHR innan 15.08.2019, ferdig verifisert og med selskapet og rådmennene sine uttaler vedlagt og/eller innarbeidd

Alle eigarkommunane i IHM har slutta seg til selskapskontrollen av selskapet, med kontrollutvalet i Voss kommune som «vertsskap»

### Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med selskapskontrollen er:

Formålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere om Indre Hordaland Miljøverk IKS driv økonomisk forsvarleg, i samsvar med sentrale lover og regelverk.

**Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:**

1. Korleis er selskapet organisert?
  - a. Monopoldel (hushald/fritidseigedommar/slam) i. Undersøke tilsyn og kapasitet i høve hytterenovasjon.
  - b. Næringsdel (konkurranse og risiko)
  - c. Sterk vekst i aktivitet og tal tilsette
2. Har selskapet etablert system og rutinar for å sikre at dei driv målretta og effektivt?
  - a. Vert sjølvkostreglane for tenestene ivareteke av selskapet?
  - b. Er det tilfredsstillande skilje mellom sjølvkostdelen og næringsdelen?
  - c. Sjølvkost hytterenovasjon – vil fleire abonnentar gje lågare pris?
3. Kva rutinar, fullmakter og praksis har selskapet knytt til innkjøpsavtalar?
  - a. Inngåing av kontraktar
  - b. Sams/felles avtale mellom avfallsselskap i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, gjeldande transport til og forbrenning av avfall i Sverige.
4. Korleis handterer selskapet økonomiske forpliktingar til etterdrift av deponi?
  - a. Vert det avsett tilstrekkeleg til 30 års etterdrift?
5. Følgjer selskapet opp selskapsavtalen og andre føringar frå eigarane?
6. Korleis følgjer selskapet opp dotterselskap/ tilknytta selskap?
  - a. Formålsparagrafen i selskapsavtalen
  - b. Økonomisk drift
7. Korleis vil kommunesamanslåinga i regionen påverke selskapet?
  - a. Endring i eigarforhold?
  - b. Etterdrift og andre forpliktingar
  - c. Sjå på selskapsavtale i høve inn og uttreden av kommunar i selskapet.

Drøfting:

IHR har no gjort ferdig selskapskontroll av IHM IKS. Revisjonsrapport er levert og ligg ved. Rådmannen har hatt rapporten til uttale, notat frå IHR og uttale frå rådmann på Voss ligg ved. Uttale frå selskapet ligg og ved.

Prosjektet er gjennomført i tråd med standard for forvaltningsrevisjon og IHR har nytta ulike metodar for informasjonsinnsamling. M.a. er det gjennomført dokumentanalyse, intervju og observasjon.

Etter sekretariatet si vurdering er det levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling.

**I samandraget på side 9 rapporten, kjem revisor i tillegg med slike tilrådingar:**

1. IHM bør etterleve anskaffingslova og tilhøyrande forskrift i forhold til prinsippet om konkurranse og kunngjeringsplikt, og etablere retningslinjer og rutinar som sikrar dette.
2. IHM bør inngå rammeavtalar med leverandørar som dei jamleg kjøper tenester frå og ha rutine på å fornya desse i tråd med regelverket. Prinsippet om konkurranse, som kjem fram av anskaffingslova § 4, bør følgjast ved inngåing av rammeavtalar.
3. IHM bør følgja retningslinjene for berekning av sjølvkost og eventuelle avvik frå dei bør grunngjevast.



4. Utjæmningsfondet bør gradvis byggjast ned. For å få dette til bør fondet sjåast i samanheng med gebyrsatsane.

Forslag til innstilling byggjer på tilrådingane som går fram av samandrag og konklusjon, på side 9 i rapporten.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet føreslår for kommunestyret at dei ber generalforsamlinga om å syta for å sette i verk revisor sine tilrådingar.

#### Konklusjon:

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar.

I gjeldande forskrift om kontrollutval § 15 står det slik (om selskapskontroll)

#### *§ 15. Rapportering om selskapskontrollen*

*Kontrollutvalget fastsetter selv hvordan utført selskapskontroll skal rapporteres til utvalget, herunder hvilket innhold slik rapport skal ha. Et selskap som er omfattet av selskapskontrollen, og den som utøver kommunens eierfunksjon, skal alltid gis anledning til å gi uttrykk for sitt syn på de forhold som omtales i rapporten. Eventuelle kommentarer skal fremgå av rapporten.*

*Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av selskapskontroll skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke kontroller som er gjennomført samt om resultatene av disse.*

I ny forskrift om kontrollutvalg kan ein i § 5 lese:

*Kontrollutvalgets oppfølging av kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om revisjoner og eierskapskontroller*

*Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er fulgt opp.*

Selskapskontroll er ikkje med som omgrep i ny kommunelov.

### **Forslag til innstilling**

På bakgrunn av selskapskontroll av Indre Hordaland Miljøverk IKS ber kommunestyret i Eidfjord kommune generalforsamlinga i selskapet syta for at:

1. IHM etterlever anskaffingslova og tilhøyrande forskrift i forhold til prinsippet om konkurranse og kunngjeringsplikt, og etablere retningslinjer og rutinar som sikrar dette.
2. IHM inngår rammeavtalar med leverandørar som dei jamleg kjøper tenester frå og ha rutine på å fornya desse i tråd med regelverket. Prinsippet om konkurranse, som kjem fram av anskaffingslova § 4, bør følgjast ved inngåing av rammeavtalar.
3. IHM følgjer retningslinjene for berekning av sjølvkost og eventuelle avvik frå dei bør grunngjevast.
4. Utjamningsfondet gradvis vert bygt ned. For å få dette til bør fondet sjåast i samanheng med gebyrsatsane.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Rapport, selskapskontroll av Indre Hordland Miljøverk IKS
- 2 Notat frå IHR
- 3 Uttale frå rådmannen i Voss kommune



Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

Forvaltningsrevisjon | Rekneskapskontroll | Intern kontroll | Rådgjeving og oppdrag



## Selskapskontroll

### Indre Hordaland Miljøverk IKS

Oppdrag for kontrollutvalet

IHR rapport nr. 4

## Forord

Kommunestyret har etter kommunelova § 76 det øvste ansvaret for tilsyn med den kommunale verksemda, også den som er skilt ut som eige rettssubjekt. Selskapskontroll skal i følge kontrollutvalsforskrifta § 13 utførast basert på ein plan for selskapskontroll som er vedteke av kommunestyret.<sup>1</sup> Bakgrunnen for denne selskapskontrollen er plan for selskapskontroll 2016-2020 vedteke av kommunestyret i Voss kommune 17.11.2016 (sak 69/16). Indre Hordaland Miljøverk IKS var prioritert som prosjekt nr. 2 i denne planen.

Selskapskontroll består av to kontrollformer: eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap. Dersom selskapskontroll skal omfatta selskapet si verksemd - spørsmål som krev innsyn i selskapet si drift - må dette gjerast i form av ein forvaltningsrevisjon<sup>2</sup>, noko som er tilfellet for dette prosjektet.

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt takkar kontrollutvalet for oppdraget. Vi vil også takke dei involverte i frå Indre Hordaland Miljøverk som har bidratt med informasjon/fakta for godt samarbeid i dette prosjektet. Arbeidet er utført av Gro Kristin Kårdal Andersen og Elin Bye, revisor og dagleg leiar i Indre Hordaland Revisjonsdistrikt. Revisorane sin uavhengigheit er vurdert.

Voss, den 28. august 2019

Revisjonssjef

Elin Bye

---

<sup>1</sup> NKRF (22.10.2018): Veileder i selskapskontroll, s.14.

<sup>2</sup> NKRF (22.10.2018): Veileder i selskapskontroll, s.15.

# Innhald

|                                                                                                                                                           |           |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| <b>SAMANDRAG .....</b>                                                                                                                                    | <b>5</b>  |
| <b>1 INNLEIING .....</b>                                                                                                                                  | <b>10</b> |
| 1.1 BAKGRUNN .....                                                                                                                                        | 10        |
| 1.2 FORMÅL OG PROBLEMSTILLINGAR .....                                                                                                                     | 13        |
| 1.3 AVGRENSING .....                                                                                                                                      | 14        |
| 1.4 METODE.....                                                                                                                                           | 14        |
| 1.5 REVISJONSKRITERIUM .....                                                                                                                              | 15        |
| 1.6 HØYRING .....                                                                                                                                         | 16        |
| <b>2 KORLEIS ER SELSKAPET ORGANISERT? .....</b>                                                                                                           | <b>17</b> |
| 2.1 REVISJONSKRITERIUM .....                                                                                                                              | 18        |
| 2.2 DATA .....                                                                                                                                            | 19        |
| 2.3 VURDERING OG KONKLUSJON .....                                                                                                                         | 24        |
| <b>3 HAR SELSKAPET ETABLERT SYSTEM OG RUTINAR FOR Å SIKRE AT DEI DRIV MÅLRETTA OG EFFEKTIVT? .....</b>                                                    | <b>25</b> |
| 3.1 VERT SJØLVKOSTREGLANE FOR TENESTENE IVARETEKE AV SELSKAPET? .....                                                                                     | 25        |
| 3.2 ER DET TILFREDSSTILLANDE SKILJE MELLOM SJØLVKOSTDELEN OG NÆRINGSDELEN? .....                                                                          | 29        |
| 3.3 SJØLVKOST HYTTERENOVASJON – VIL FLEIRE ABONNENTAR GJE LÅGARE PRIS? .....                                                                              | 33        |
| 3.4 TILRÅDING.....                                                                                                                                        | 34        |
| <b>4 KVA RUTINAR, FULLMAKTER OG PRAKSIS HAR SELSKAPET KNYTT TIL INNKJØPSAVTALAR? .....</b>                                                                | <b>35</b> |
| 4.1 REVISJONSKRITERIUM .....                                                                                                                              | 35        |
| 4.2 INNGÅING AV KONTRAKTAR .....                                                                                                                          | 36        |
| 4.3 SAMS/FELLES AVTALE MELLOM AVFALLSSELSKAP I ROGALAND, HORDALAND, SOGN OG FJORDANE, GJELDANDE<br>TRANSPORT TIL OG FORBRENNING AV AVFALL I SVERIGE. .... | 40        |
| 4.4 TILRÅDING.....                                                                                                                                        | 41        |
| <b>5 KORLEIS HANDTERER SELSKAPET ØKONOMISKE FORPLIKTINGAR TIL ETTERDRIFT AV DEPONI? .....</b>                                                             | <b>42</b> |
| 5.1 VERT DET AVSETT TILSTREKKELEG TIL 30 ÅRS ETTERDRIFT? .....                                                                                            | 42        |
| <b>6 FØLGJER SELSKAPET OPP SELSKAPSAVTALEN OG ANDRE FØRINGAR FRÅ EIGARANE? .....</b>                                                                      | <b>48</b> |
| 6.1 REVISJONSKRITERIUM .....                                                                                                                              | 48        |
| 6.2 DATA .....                                                                                                                                            | 49        |
| 6.3 VURDERING OG KONKLUSJON .....                                                                                                                         | 50        |
| <b>7 KORLEIS FØLGJER SELSKAPET OPP DOTTERSELSKAP / TILKNYTTA SELSKAP? .....</b>                                                                           | <b>52</b> |
| 7.1 REVISJONSKRITERIUM .....                                                                                                                              | 53        |
| 7.2 DATA .....                                                                                                                                            | 53        |
| 7.3 VURDERING OG KONKLUSJON .....                                                                                                                         | 56        |
| <b>8 KORLEIS VIL KOMMUNESAMANSLÅINGA I REGIONEN PÅVERKE SELSKAPET? .....</b>                                                                              | <b>57</b> |
| 8.1 REVISJONSKRITERIUM .....                                                                                                                              | 57        |
| 8.2 DATA .....                                                                                                                                            | 58        |

|                                                                    |                               |           |
|--------------------------------------------------------------------|-------------------------------|-----------|
| 8.3                                                                | VURDERING OG KONKLUSJON ..... | 61        |
| <b>VEDLEGG 1: HØYRING IHM.....</b>                                 |                               | <b>63</b> |
| <b>VEDLEGG 2: HØYRING RÅDMENN I EIGARKOMMUNANE .....</b>           |                               | <b>72</b> |
| <b>VEDLEGG 3: LITTERATURLISTE .....</b>                            |                               | <b>74</b> |
| <b>VEDLEGG 4: LISTE OVER TABELLAR OG FIGURAR I RAPPORTEN .....</b> |                               | <b>76</b> |

## Samandrag

Denne rapporten er utført på oppdrag frå kontrollutvala i eigarkommunane til Indre Hordaland Miljøverk IKS (IHM), med Voss kommune sitt kontrollutval som hovudbestillar av prosjektet. Føremålet med selskapskontrollen har vore å undersøke og vurdere om IHM driv økonomisk forsvarleg, i samsvar med sentrale lover og regelverk.

Problemstillingane til denne rapporten vert presentert i kapittel 1.2. Nedanfor vert det gitt eit samandrag for kvar av problemstillingane.

### **Korleis er selskapet organisert?**

IHM er stifta og organisert som eit interkommunalt selskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss. Selskapet utføre lovpålagte oppgåver innan avfallssektoren på vegne av eigarkommunane. I tillegg til å handtere lovpålagte oppgåver tilbyr IHM avfallsløysingar, rådgjeving og tenester til industri og næringsliv i regionen.

5000 hytter inngår i IHM si renovasjonsordning for hushaldningsavfall. Per i dag har returpunkta for hytterrenovasjon varierende grad av sortering. Det vert for tida arbeida med ei betre løysing for hytterrenovasjon i Jondal. Eit tilsvarende arbeid ynskjer IHM også å få gjennomført i andre hytteområder.

Selskapet har dei seinare åra hatt ein auke i aktivitet og i tal tilsette. Meir omfattande hytterrenovasjon og turisme er noko av årsaka til dette. I tillegg har selskapet valt å tilsetja eigne medarbeidarar framfor innleige av tenester, det vil sei at noko av kostnadane er flytta frå drift til personale. Utvida sorteringsløysing og auka krav om kunnskap er også faktorar som spelar inn. Den kommande kommunesamanslåinga kan få innverknad på aktivitet og bemanningssituasjonen til IHM. Kva konsekvensar det vil ha for bemanningssituasjonen er endå ikkje klart. Revisjonen sitt inntrykk er at leiinga har fokus på å sikre selskapet inn i framtida.

### **Har selskapet etablert system og rutinar for å sikre at dei driv målretta og effektivt?**

Revisjonen gjer merksam på at i dette kapittelet har vi fokus på sjølvkostområdet.

*Vert sjølvkostreglane for tenestene ivareteke av selskapet?* IHM har bygd opp eit sjølvkostfond som per 31.12.2018 er på 12,4 mill. kroner. Størrelsen på utjamningsfondet samsvarar ikkje med tankegangen bak generasjonsprinsippet<sup>3</sup>. Det kan synast som om det ikkje har vore tilstrekkeleg fokus på generasjonsprinsippet frå utjamningfondet vart etablert i 2004 og fram til i dag. Revisjonen har påpeikt dette i møte ovanfor leiinga i 2018. Styringsverktøy som leiinga nyttar for å halde oversikt over sjølvkostområdet er budsjett og rekneskapen som omhandlar lovpålagte tenester. Selskapet har ikkje utarbeida eigen sjølvkostkalkyle (for- og etterkalkyle), dei nyttar heller ikkje kalkulatorisk rentekostnad. Ein konsekvens av dette meiner revisjonen kan vera at utjamningsfondet mogleg er for stort. Når det gjeld avskrivingar vert det nytta lineære avskrivingar, i tråd med retningslinjene for berekning av

---

<sup>3</sup> Generasjonsprinsippet innebære at kommunen / selskapet ikkje skal bygge opp eit fond over lengre tid, men ha ein planlagt prosess for opp- og nedbygging av fondet.

sjølvkost for kommunale tenester. Retningslinjene er ikkje rettsleg bindande, men eventuelle avvik frå dei bør grunngjevast.

*Er det tilfredsstillande skilje mellom sjølvkostdelen og næringsdelen?* Selskapet tilfredsstillar krava i avfallsforskrifta § 15-4 om å utarbeide separat rekneskap for den lovpålagt handtering av hushaldningsavfall. Kostnadene vert fordelt forholdsmessig med utgangspunkt i faktisk vekt. Faktisk vekt kan gi eit godt uttrykk for kostnadsfordelinga. Metoden som er nytta er konkret, transparent og dokumenterbar, og tek i vare grunntanken bak kravet om forholdsmessig kostnadsfordeling; å sikra etterleving av sjølvkostprinsippet og å hindre ulovleg kryssubsidiering<sup>4</sup>.

*Sjølvkost hytterrenovasjon – vil fleire abonnentar gje lågare pris?* IHM har eit prinsipp om å ikkje differensiere gebyra til hytteeigarar innan same gebyrklasse. Innanfor same gebyrklasse skal det ikkje differensierast avhengig av om fritidsbustaden ligg sentralt eller avsidesliggande (kvar hytta ligg). Det er mellom anna avfallsmengda (storleik) og infrastruktur (veg fram til hytta) ein betalar for, ikkje i kva område hytta er lokalisert. Fleire abonnentar i eit hytteområdet vil derfor ikkje gi lågare gebyr for IHM si avfallshandtering.

### **Kva rutinar, fullmakter og praksis har selskapet knytt til innkjøpsavtalar?**

*Inngåing av kontraktar:* Revisjonen har gjennomgått to prosjekt, her har vi funne at IHM har brote regelverket som går fram av anskaffingslova og tilhøyrande forskrift for begge prosjekta, og utført «ein ulovleg direkte anskaffing». «Ein ulovleg direkte anskaffing» er ei anskaffing som ikkje er kunngjort, sjølv om det føreligg kunngjeringsplikt etter regelverket. Dette reknast som eit svært grovt brot på regelverket sidan det unndrar kontrakten frå open konkurranse.<sup>5</sup> Gjennomførte tilleggsoppgåver, for dei to prosjekta som revisjonen har kontrollert, er anten utført av valt entreprenør, eller har vore tildelt andre leverandørar utan at konkurranse har vore gjennomført. Tildeling av tilleggsoppgåver utan tilbodskonkurranse med ny leverandør, som i estimert verdi er under terskelverdien er eit brot på lov og forskrift om offentleg anskaffing. Ei utviding av eksisterande kontrakt er mogeleg utan konkurranse når kostnaden naturleg er knytt til definert prosjekt. Revisjonen har ikkje tatt stilling til dette forholdet. Det er signalisert frå leiinga at alle relevante prosjekt med verdi over kunngjeringsplikta framover skal leggjast ut på Doffin. Dette viser at selskapet no ynskjer å ha fokus på å følgje regelverket for offentleg anskaffing.

I forhold til kjøp av prosjektleiing- og rådgivingstenester har ikkje revisjonen funne dokumentasjon på at desse har vore konkurranseutsett etter lov og forskrift om offentleg anskaffing. Kontraktsverdien og rammeavtale tilseier at tenesta skulle vore konkurranseutsett etter del I i anskaffingsforskrifta for kjøp under 1,3 mill. kroner. Vår tilråding er at dersom IHM regelmessig kjøper tenester frå same leverandør til fleire prosjekt bør selskapet inngå ein fleirårig rammeavtale med leverandøren, og ha rutine på å fornya desse i tråd med regelverket. Prinsippet om konkurranse, som kjem fram av anskaffingslova § 4, bør følgjast ved inngåing av rammeavtalar.

---

<sup>4</sup> Miljødirektoratet (M-258/2014), Veileder: beregning av kommunale avfallsgebyr – utdypning av avfallsforskriften kapittel 15, s. 11.

<sup>5</sup> Veileder til reglene om offentlig anskaffelser (2017), s.103.



Når det gjeld inngåing av kontraktar meiner revisjonen det har vore uklare føringar i vedtak og leiing. Selskapet har sjølv tatt grep og satt i verk nye innkjøpsrutinar, gjeldande frå hausten 2018. Alle som skal teikne firma skal no ha nødvendige fullmakter.

*Sams/felles avtale mellom avfallsselskap i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, gjeldande transport til og forbrenning av avfall i Sverige:* IHM hadde anbudsrunde i 2014 for handsaming av restavfall, og det vart inngått avtale med Geminor. Denne prosessen gjorde IHM felles med SIM (Sunnhordaland Interkommunale Miljøverk IKS), SIMAS (Sogn Interkommunale Miljø- og Avfallsselskap IKS) og SUM (Sunnfjord Miljøverk IKS). Det vart inngått separate kontraktar med Geminor for kvart selskap og avtalane vart underskreve på forskjellige tidspunkt. Det føreligg soleis ikkje ein felles avtale mellom avfallsselskapa og Geminor. Avtalen som IHM har hatt med Geminor er knytt til henting og behandling av restavfall. Prosessen knytt til inngåing av denne avtalen vart korrekt gjennomført og dokumentert i tråd med anskaffingslova og tilhøyrande forskrift. IHM har valt å nytta opsjonen som ligg i avtalen med Geminor. Avtalen som IHM har med Geminor er derfor utvida med eitt år frå 01.04.2019.

### **Korleis handterer selskapet økonomiske forpliktingar til etterdrift av deponi?**

I følgje avfallsforskrifta § 9-10 (1) er det krav om at deponi skal ha «tilfredsstillande finansiell garanti», dette kjem også fram av gjeldande løyve frå 2009. IHM har frå år 2000 hatt bruksrett til deponiformål, desse rettighetene vart erverva ved ekspropriasjon. Med bakgrunn i ny detaljreguleringsplan frå 2017 for avfallsmottaket på Bjørkemoen har Bjørke Sandtak AS og IHM forhandla fram avtale om leige av areal, her også område til deponi. Avtalen er foreløpig ikkje signert. Avtalen er viktig for IHM for å sikre deponiareal for framtidig drift. Dersom avtalen vert signert slik det no ligg an, vil selskapet kunne ha drift fram til og med 31.12.2059. Etter denne perioden har dei i følgje avtalen rett til etterdrift. IHM har per 31.12.2018 avsett 10,5 mill. kroner til etterdrift av deponi. I kapittel 5 visar vi ei berekning av kva etterdrifta vil koste, berekninga er gjort av tidlegare dagleg leiar<sup>6</sup>. Med ein periode på 40 år igjen med ordinær drift før etterdriftsfasen, med årleg avsetning på 1 mill. kroner i samsvar med plan, meiner revisjonen at selskapet ligg godt an i forhold til vår forståing av kva som vil vera tilfredsstillande finansiell garanti. Om desse føresetnadane vert innfridd synes det å vera avsett tilstrekkeleg til 30 års etterdrift. Denne vurderinga er gjort under føresetnad av at selskapet er i drift ut leigeperioden til år 2059 og at det vert avsett 1 mill. kroner årleg i bank.

### **Følgjer selskapet opp selskapsavtalen og andre føringar frå eigarane?**

Representantskapet: Ut i frå gjennomgang av protokollar frå representantskapsmøte, samt deltaking i møta meiner revisjonen at representantskapet oppfyller krava som går fram av selskapsavtalen § 6, kor det vert stilt krav om tal medlemmer frå deltakarkommunane og kva saker representantskapet skal handsame. Det kjem også fram av protokoll at representantskapet får orientering frå leiinga om relevante tema. Revisjonen sitt inntrykk, gjennom deltaking i møta, er at det har vore gitt gode orienteringar frå leiinga.

---

<sup>6</sup> Fram til og med januar 2019

Styret: Det er revisjonen si oppfatning at styra vert godt orientert om drifta i selskapet gjennom orienteringar frå dagleg leiar og andre nøkkelpersonell. Vi meiner derfor at styret har eit godt utgangspunkt for å handsama oppgåve si, slik det kjem fram av selskapsavtalen § 7.

Lånegjeld: I selskapsavtalen står det at «dersom summen av samla lånegjeld kjem over 35 mill. kroner ved nye låneopptak, må låneopptaket godkjennast av eigarkommunane». IHM har per 31.12.2018 12,9 mill. kroner i langsiktig gjeld. Det vart gjort eit nytt låneopptak i fyrste halvår av 2019 på 13 mill. kroner og selskapet har per juni 2019 ei langsiktig gjeld på 25,9 mill. kroner. Samla lånegjeld er under 35 mill. kroner og godkjenning av eigarkommunane er derfor ikkje nødvendig.

Revisjonen er ikkje kjent med at det føreligg andre føringar frå eigarane utanom det som kjem fram av selskapsavtalen til IHM og oversikt over rullering av kvar styre- og representantskapsmøta skal haldast.

### **Korleis følgjer selskapet opp dotterselskap/ tilknytta selskap?**

*Formålsparagraf:* IHM har 50 % eigardel i Hordaland Bioenergi AS (HBio). Dei har to representantar som sit i styret til HBio, dette er dagleg leiar i IHM og eit av styremedlemmene til IHM. Gjennom styreverv i HBio held både dagleg leiar og styremedlem i IHM seg oppdatert på kva som røre seg i selskapet. I tillegg har HBio ei årleg orientering til styret i IHM. Gjennom styrearbeidet i HBio og ved orienteringar får ein anledning til å følgje opp at selskapet drive innanfor formålsparagrafen.

*Økonomisk drift:* IHM har jamleg bidratt med kapital til HBio. Dei har per årsslutt 2018 ytt 11,8 mill. kroner. Det kjem fram av vedteken investerings- og finansieringsplan for HBio 2018-2020 at ytterlegare kapitalbehov kommande år er nødvendig. Auka kapitalbehov er grunna i auke i investering og vidare prosjektutvikling i dotterselskap, særskilt fjernvarme i sentrum av Voss. I tillegg vart det i 2019 vedteke at IHM skal yte eit kortsiktig likviditetslån til HBio på 2 mill. kroner. Oppsummert meiner revisjonen at IHM har ei tilfredsstillande oppfølging av HBio knytt til formålsparagrafen og den økonomiske drifta. Dei vert oppdatert gjennom styrearbeid i HBio og har jamleg dialog med selskapet.

### **Korleis vil kommunesamanslåinga i regionen påverke selskapet?**

*Endring i eigarforhold:* Både i partsamansett utval og i fellesnemnda til Ullensvang kommune er det gjort vedtak om at Ullensvang kommune skal ha renovasjon som ei sjølvstendig kommunal teneste. Konsekvensen er at Ullensvang herad og Jondal kommune må seie opp avtalen dei har med IHM. Etter det revisjonen kjenner til har IHM foreløpig ikkje mottatt noko skriftleg oppseiing av avtalen frå verken Ullensvang eller Jondal. Den daglege drifta av IHM går difor soleis som normalt, men leiinga arbeidar ut i frå at dei to kommunane vil melde seg ut og ein planlegg ut frå at utmeldinga vil gjelde frå sommaren 2021. Konsekvensane av ei utmelding for IHM vil vera at dei mistar ca. 4,4 tusen innbyggjarar. Ved ei utmelding av Ullensvang herad og Jondal kommune vil IHM tape 5,8 mill. kroner i årlege gebyrinntekter.

*Etterdrift og andre forpliktingar:* Det er dialog mellom IHM og kommunane som skal melde seg ut, men ein har ikkje kome endeleg i mål med tanke på kva dei økonomiske konsekvensane vil verta. Det vert jobba med å fastsette nettoverdien av selskapet. Det er usikkerheit knytt til endeleg utfall av forhandling mellom Ullensvang kommune og IHM. Slik revisjonen tolkar regelverket skal ikkje IHM betale ut meir enn Ullensvang herad og Jondal kommune sin del av innskote kapital om nettoforpliktinga er positiv, jf. lov om interkommunale selskap § 30 (3). Mest truleg er nettoforpliktinga negativ, noko

som medfører at kommunane må betale inn til selskapet for å dekke sin del av forpliktinga, jf. § 30 (5) og § 3 (1).

*Selskapsavtalen i høve inn- og uttreden av kommunar i selskapet:* Selskapsavtalen til IHM regulerer ikkje inn- eller utmelding av kommunar, men det kjem klart fram av § 4 at kommunane heftar uavgrensa for sin prosentdel av selskapet sine plikter. For utmelding er det lov om interkommunale selskap § 30 som er gjeldande, denne samsvarar i stor grad med det som kjem fram av selskapet sine vedtekter under § 12. Når det gjeld ei eventuell innmelding av nye kommunar vert dette omtala i selskapet sine vedtekter under § 11.

### **Tilrådingar**

Kontrollutvalet har bedt revisjonen om å setje opp forslag til tiltak i rapporten i prioritert rekkefølge. For revisjonen sitt forslag, sjå oversikta nedanfor:

1. IHM bør etterleve anskaffingslova og tilhøyrande forskrift i forhold til prinsippet om konkurranse og kunngjeringsplikt, og etablere retningslinjer og rutinar som sikrar dette.
2. IHM bør inngå rammeavtalar med leverandørar som dei jamleg kjøper tenester frå og ha rutine på å fornya desse i tråd med regelverket. Prinsippet om konkurranse, som kjem fram av anskaffingslova § 4, bør følgjast ved inngåing av rammeavtalar.
3. IHM bør følgja retningslinjene for berekning av sjølvkost og eventuelle avvik frå dei bør grunngjevast.
4. Utjamningsfondet bør gradvis byggjast ned. For å få dette til bør fondet sjåast i samanheng med gebyrsatsane.

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Denne rapporten er utført på oppdrag frå kontrollutvala i eigarkommunane til Indre Hordaland Miljøverk IKS (IHM), med Voss kommune sitt kontrollutval som hovudbestillar av prosjektet.

Bakgrunnen for denne selskapskontrollen er plan for selskapskontroll 2016-2020 vedtatt av kommunestyret i Voss kommune 17.11.2016 (sak 69/16). Indre Hordaland Miljøverk IKS var prioritert som prosjekt nr. 2 i denne planen. I felles møte mellom kontrollutvala til Voss og Granvin kom det fram at det var viktig å velja eit prosjekt som hadde verdi for den nye kommunen, og dei vart einige om at det var mest naturleg å starte prosjekt for selskapskontroll av IHM<sup>7</sup>.

Selskapskontroll består av to kontrollformer: eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap. Dersom selskapskontroll skal omfatta selskapet si verksemd - spørsmål som krev innsyn i selskapet si drift - må dette gjerast i form av ein forvaltningsrevisjon<sup>8</sup>, noko som er tilfellet for dette prosjektet.

I PS 21/18 i møte i kontrollutvalet på Voss 3. april 2018 gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

### **Handsaming i møtet:**

*Moment å ta med seg ved vurdering av problemstillingane;*

- Sterk verkst i aktivitet og antal tilsette
- Næringsdelen i høve til monopoldelen.
- Eigarforholda, er dette under endring jamfør kommunesamanslåinga
- Etterdrift (ha spesielt merksemd på dei eigarkommunane som eventuelt trekker seg ut).
- Har selskapet eit sikringsfond for å dekkja opp etterdrift.
- Sjølvkostvurderingar (gjeld kun på monopoldelen)
- Hytterrenovasjon
- Indre Hordaland Miljøverk IKS sine datterselskap
- Innkjøpsavtalar

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber IHR levera forslag til prosjektplan for å gjennomføra selskapskontroll av Indre Hordaland Miljøverk IKS, i tråd med dei føringane utvalet har gjeve i dette møtet, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
2. IHR utarbeider ein førebels prosjektplan som vert å senda til medlemmane i kontrollutvalet og til sekretariatet til eventuelle innspel og merknader.

---

<sup>7</sup> Møteinnkalling kontrollutvalet Voss 03.04.2018, PS 21/18

<sup>8</sup> NKRF (22.10.2018): Veileder i selskapskontroll, s.15.

3. Deretter vert prosjektplanen sendt til kontrollutvala i dei andre eigarkommunane til handsaming.
4. Forslag til prosjektplan vert å handsama i eit eventuelt ekstramøte før ferien.

I kontrollutvalsmøte på Voss 05.11.2018, PS 58/18, vart endeleg prosjektplanen for selskapskontroll av IHM godkjent:

#### **Handsaming i møtet:**

*IHR presenterte forslag til prosjektplan slik den ligg føre, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet i Jondal hadde eit ønske om at arbeidsmiljø bør inngå som problemstilling. Kontrollutvalet diskuterte dette, men fant ut at dette blir for omfattande. IHR fekk støtte for utsett dato for ferdigstilling (15.08.2019). Det vart og avklart at rådmennene i alle eigarkommunane får rapporten til uttale. Forslag til vedtak pkt. 1-3 og redigert pkt. 4, vart samrøystes vedteke.*

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Indre Hordaland Miljøverk IKS med utgangspunkt i endeleg prosjektplanen, slik den ligg føre.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil 180 timer, inkl. ev presentasjon i kommunestyret.
3. Kontrollutvalet ber om at IHR set opp forslag til tiltak i rapporten i prioritert rekkefølge
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå IHR innan 15.08.2019, ferdig verifisert og med selskapet og rådmennene sine uttaler vedlagt og/eller innarbeidd

## **Innspel frå dei andre kontrollutvala i eigarkommunane**

### **Ulvik**

Kontrollutvalsmøte 30.04.18, sak 20/18

Vedtak:

1. Kontrollutvalet i Ulvik herad ønskjer å delta i selskapskontroll av IHM.
2. Jamfør Pkt. 7 i prosjektplanen: Nytt pkt. c – Sjå på selskapsavtale i høve inn og uttreten av kommunar i selskapet.

### **Jondal**

Kontrollutvalsmøte 11.05.18, sak 15/18

«Kontrollutvalet i Jondal kommune tek i mot invitasjonen frå Kontrollutvalet i Voss kommune om å vera med på selskapskontroll av Indre Hordaland Miljøverk. Det bør vurderast om arbeidsmiljøet og bør vurderast i tillegg til dei problemstillingane som er opplista i prosjektplanen, eller erstatta ein eller fleire av dei.»

### **Granvin**

Kontrollutvalsmøte 14.05.18, sak. 06/18

Framlegg til vedtak: Kontrollutvalet i Granvin, vil delta i den planlagde selskapskontrollen av Indre Hordaland Miljøverk IKS, under føresetnad av budsjettdekning.

Vedtak: Samrøystes likt med framlegget.

### **Ullensvang**

Kontrollutvalsmøte 28.05.18, sak. 17/18

Vedtak:

1. Kontrollutvalet i Ullensvang herad ønskjer å delta i selskapskontroll av IHM.

### **Eidfjord**

Kontrollutvalsmøte 31.05.18, sak 17/18

Vedtak:

1. Kontrollutvalet i Eidfjord kommune ønskjer å delta i selskapskontroll av IHM.
2. Kontrollutvalet i Eidfjord kommune har slike innspel til arbeidet:
  - Undersøke tilsyn og kapasitet i høve hytterrenovasjon.
  - Sjølvkost hytterrenovasjon – vil fleire abonnentar gje lågare pris?

## 1.2 Formål og problemstillingar

Formålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere om Indre Hordaland Miljøverk IKS driv økonomisk forsvarleg, i samsvar med sentrale lover og regelverk.

### **Problemstillingar:**

Basert på kontrollutvalet sine punkt ovanfor, samt innspel frå dei andre eigarkommunane, vart følgjande problemstillingar definert:

1. Korleis er selskapet organisert?
  - a. Monopoldel (hushald/fritidseigedommar/slam)
    - i. Undersøke tilsyn og kapasitet i høve hytterenovasjon.
  - b. Næringsdel (konkurranse og risiko)
  - c. Sterk vekst i aktivitet og tal tilsette
2. Har selskapet etablert system og rutinar for å sikre at dei driv målretta og effektivt?
  - a. Vert sjølvkostreglane for tenestene ivareteke av selskapet?
  - b. Er det tilfredsstillande skilje mellom sjølvkostdelen og næringsdelen?
  - c. Sjølvkost hytterenovasjon – vil fleire abonnentar gje lågare pris?
3. Kva rutinar, fullmakter og praksis har selskapet knytt til innkjøpsavtalar?
  - a. Inngåing av kontraktar
  - b. Sams/felles avtale mellom avfallsselskap i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, gjeldande transport til og forbrenning av avfall i Sverige.
4. Korleis handterer selskapet økonomiske forpliktingar til etterdrift av deponi?
  - a. Vert det avsett tilstrekkeleg til 30 års etterdrift?
5. Følgjer selskapet opp selskapsavtalen og andre føringar frå eigarane?
6. Korleis følgjer selskapet opp dotterselskap/ tilknytta selskap?
  - a. Formålsparagrafen i selskapsavtalen
  - b. Økonomisk drift
7. Korleis vil kommunesamanslåinga i regionen påverke selskapet?
  - a. Endring i eigarforhold?
  - b. Etterdrift og andre forpliktingar
  - c. Sjå på selskapsavtale i høve inn og uttreden av kommunar i selskapet.

### 1.3 Avgrensing

Hovudfokus i selskapskontrollen å undersøke og vurdere om Indre Hordaland Miljøverk IKS driv økonomisk forsvarleg, i samsvar med sentrale lover og regler. Vurderingane skal byggjast på informasjon som kjem fram gjennom selskapskontrollen.

### 1.4 Metode

Selskapskontrollen er gjennomført i samsvar med RSK 001 standard for forvaltningsrevisjon og rettleiar for selskapskontroll<sup>9</sup>. Datainnsamlinga er gjennomført i perioden november 2018 til juni 2019.

#### **Oppstartsmøte**

Revisjonen har hatt oppstartsmøte med tidlegare dagleg leiar<sup>10</sup>, styreleiar og økonomisjef. Føremålet med møte var å informere om prosessen til selskapskontrollen og opprette dialog mellom revisjonen og selskapet. I dette møtet hadde vi ein gjennomgang av problemstillingane til selskapskontrollen, og leiinga orienterte litt om selskapet.

#### **Dokumentanalyse**

Revisjonen har gjennomgått protokollar frå styremøte og representantskapsmøte for 2018 og 2019. Revisjonen har også gjennomgått selskapsavtalen og vedtektene, samt årsmelding og årsrekneskap til IHM for 2018 og fleire år tilbake.

Sjølvkost: I samband med revisjon av sjølvkostområdet har vi gjennomgått IHM sitt berekningsark for sjølvkost; «Master Avfallsstatistikk». I tillegg har vi sett på selskapet sitt budsjett.

Innkjøp: Vi har innhenta underliggende kontraktar og avtalar knytt til to konkrete prosjekt, samt budsjett, prosjektrekneskap og underliggende fakturaer. Vi har også innhenta dokumentasjon på korleis tilbuds konkurranse har vore gjennomført. IHM sine nye innkjøpsrutinar og oversikt over fullmakter har vi og gjennomgått.

Verdivurdering IHM: Presentasjon lagt fram av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt for fellesnemnda til Ullensvang kommune 08.02.2019, med underliggende dokumentasjon.

Tilknytt selskap: Vi har innhenta og gjennomgått rekneskap 2018, samt investering og finansieringsplan HBio 2018-2020.

Kommunesamanslåing: Revisjonen har gjennomgått saksutgreiing og vedtak for partssamansett utval og fellesnemnda i Ullensvang kommune for sak som omhandla val av renovasjonsordning, samt innlegg i Avisa Hordaland og Hardanger Folkeblad knytt til saka.

Revisjonen har innhenta informasjon frå Brønnøysundregistrene. I tillegg er informasjon innhenta frå heimesida til IHM og HBio.

---

<sup>9</sup> NKRF (11.10.2018): Veileder i selskapskontroll

<sup>10</sup> Fram til og med januar 2019



## **Intervju**

I tillegg til oppstartsmøte har revisjonen gjennomført intervju med tidlegare dagleg leiar<sup>11</sup>, økonomisjef, driftssjef, leiar for næring og miljørådgivar. Referat frå alle intervju er verifisert av deltakarane i etterkant. Undervegs i rapportskrivinga har vi hatt behov for oppfølgingssamtale / spørsmål med økonomisjef. Det har og vore e-post korrespondanse med styreleiar, samt nokon av intervjuobjekta undervegs i arbeidet.

IHM fekk ny dagleg leiar i mai 2019, vi har ikkje gjennomført noko eige intervju med han, men han har fått utkast til rapport på høyring og gitt tilbakemelding til revisjonen i møte og i høyringsbrev.

## **Observasjon**

Revisjonen har vore til stades på fleire av styre- og representantskapsmøta til IHM. Revisjonen var og i møte i fellesnemnda til Ullensvang kommune 08.02.2019.

## **Spørjeundersøking**

I prosjektplanen står det at spørjeundersøking er ein av metodane som vil verta nytta i selskapskontrollen. I revisjonen sitt arbeid med rapporten og innhenting av informasjon har vi ikkje funne det hensiktsmessig å nytta spørjeundersøking for å få informasjon til datadelen. Revisjonen meiner at for denne selskapskontrollen har dokumentanalyse, intervju og observasjon gitt betre informasjonsgrunnlag enn kva ei spørjeundersøking ville ha gitt oss.

## **1.5 Revisjonskriterium**

Kriterium/kontrollpunkt for dette prosjektet er utleia frå lover, forskrifter og rettleiarar, samt internt regelverk:

- Lov om interkommunale selskaper
- Lov om offentlige anskaffelser (anskaffingslova)
- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om offentlige anskaffelser (anskaffelsesforskriften)
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2014): Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstenester
- Miljødirektoratet (M-258 / 2014), Veileder: beregning av kommunale avfallsgebyr – utdypning av avfallsforskriften kapittel 15
- Selskapsavtalen og vedtektene for IHM

Opplistinga er ikkje uttømande.

---

<sup>11</sup> Fram til og med januar 2019

## 1.6 Høyring

Leiinga ved Indre Hordaland Miljøverk IKS har hatt utkast til rapport på høyring. Før høyringsrunden var ferdig hadde revisjonen eit avklaringsmøte med styreleiar og dagleg leiar kor faktadelen vart drøfta. Revisjonen har retta opp datafeil og misforståingar, samt justert teksten der det var nødvendig etter innspel frå høyringsmøte. Selskapet sin kommentar er lagt ved rapporten, sjå vedlegg 1.

Etter å ha gjennomført høyring hjå selskapet har rapporten blitt sendt på høyring til rådmennene i eigarkommunane. Høyringsvar vert lagt ved som vedlegg til rapporten, sjå vedlegg 2.

## 2 Korleis er selskapet organisert?

Indre Hordaland Miljøverk IKS (IHM) er eit interkommunalt avfallsselskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss. Hovudanlegget til verksemda ligg i Voss kommune. I tillegg har dei seks miljøstasjonar plassert i eigarkommunane i Hardanger.

På byrjinga av nittitalet vart det sett statlege krav til kommunane med tanke på miljø og kompetanse. Dei statlege krava utløyste behov for eit interkommunalt renovasjonsselskap. Selskapet vart stifta i 1994.

### **Interkommunalt selskap**

Kommunar, fylkeskommunar og interkommunale selskap kan gå saman og danne interkommunale selskap etter lov om interkommunale selskap. Det må som minimum vera to deltakarar i eit IKS. Kvar av deltakarane har eit uavgrensa ansvar for ein gitt prosent eller brøkdel av selskapet si samla forplikting. Til saman utgjer deltakarane sin del den samla forpliktinga i selskapet. Dette skil eit interkommunalt selskap frå eit aksjeselskap, kor deltakaransvaret er avgrensa til innskote kapital.<sup>12</sup>

Representantskapet er det øvste mynde i eit interkommunalt selskap. Representantskapet representerer eigar, medan sjølve forvaltninga av selskapet vert utøvd av styret og dagleg leiar.<sup>13</sup> Kommunen som eigar har innflytelse gjennom vedtak i representantskapet.

### **Organisasjonskart**


Figur 2.1 nedanfor visar IHM sitt organisasjonskart som var gjeldande frå hausten 2018. Det har vore gjort omorganiseringar i selskapet og hausten 2018 vart det nye organisasjonskartet presentert for styre. Tidlegare dagleg leiar slutta i januar 2019. Fram til ny dagleg leiar var på plass har styreleiar fungert som dagleg leiar i ein mellomfase. IHM fekk ny dagleg leiar frå mai 2019. I tillegg til dagleg leiar har selskapet fire einingsleiarar for områda næring, økonomi, administrasjon og drift. Under dagleg leiar har selskapet også tre rådgjevarar, mellom anna knytt til miljø, HMS og kommunikasjon.

---

<sup>12</sup> Resch-Knudsen (2011), s.73.

<sup>13</sup> Resch-Knudsen (2011), s.74.

I figuren nedanfor visar vi IHM sitt organisasjonskart.



FIGUR 2.1 ORGANISASJONSKART FOR IHM (GJELDANDE FRÅ HAUSTEN 2018)

## 2.1 Revisjonskriterium

Dette temaet er av beskrivande karakter og er ikkje målt opp mot nokre konkrete revisjonskriterium.

## 2.2 Data

### 2.2.1 Monopoldel

Selskapet utføre oppgåver innan avfallssektoren som kommunane er pålagte etter forureiningslova. Desse oppgåvene er delegert til IHM ved selskapsdanning.

Etter forureiningslova § 30 skal kommunen sørge for innsamling av hushaldningsavfall. Det går fram av Miljødirektoratet sin rettleiar for berekning av kommunale avfallsgebyr<sup>14</sup> at det er ei lovpålagt oppgåve for kommunane å samle inn avfall frå fritidseigedommar på lik linje med anna hushaldningsavfall jf. forureiningslova § 30 (1). Som følgje av dette er fritidsbustader også gebyrpliktige. Kommunen skal og sørge for at det er eit tilstrekkeleg tilbod for mottak av farleg avfall<sup>15</sup> frå hushald, jf. avfallsforskrifta § 11-10. Denne plikta som kommunane har knytt til innsamling av hushaldningsavfall gjer at kommunen har monopol på innsamling av denne type avfall. Dette kjem og klart fram av forureiningslova § 30 (3), kor det står at utan kommunen sitt samtykke må ingen samle inn hushaldningsavfall.

Gebyra skal årleg vedtakast av eigarkommunane. IHM sitt styre og representantskap gjev tilråding til kommunane om endring av gebyr.<sup>16</sup> Det er IHM som står for fakturering av gebyra, dei krev inn gebyra på vegne av den enkelte kommune. Miljøstasjonane er delvis gebyrfinansiert, mykje av hushalds- og hageavfall kan derfor leverast gratis til miljøstasjonane.

Tabellen nedanfor visar ei oversikt over nokon av hovudtala frå rekneskapen til IHM for 2018.

| IHM - oversikt frå rekneskapen 2018 |            |            |            |  |             |            |
|-------------------------------------|------------|------------|------------|--|-------------|------------|
|                                     | Total      | Hushald    | % av total |  | Næring      | % av total |
| Driftsinntekter                     | 68 421 536 | 41 667 460 | 61 %       |  | 26 754 078  | 39 %       |
| Driftskostnader                     | 72 218 649 | 39 351 040 | 54 %       |  | 32 867 609  | 46 %       |
| Driftsresultat                      | -3 797 113 | 2 316 420  |            |  | -6 113 531  |            |
| Årsresultat                         | -7 800 453 | 2 366 327  |            |  | -10 166 777 |            |

TABELL 2.1 OVERSIKT FRÅ REKNESKAPEN TIL IHM 2018

Som ein ser av tabell 2.1 utgjer driftsinntektene frå hushald 61 % av dei totale inntektene til IHM i 2018, medan driftskostnadane for hushald står for 54 % av dei totale kostnadane.

IHM samlar inn avfall frå rundt 9000 hushald og 5000 hytter.<sup>17</sup> Til saman er det ca. 22.000 innbyggjarar i eigarkommunane. IHM har egne tilsette sjåførar, totalt 11 transportmedarbeidarar, kor fire av desse

<sup>14</sup> Miljødirektoratet (M-258/2014), Veileder: beregning av kommunale avfallsgebyr – utdypning av avfallsforskriften kapittel 15, kap.4.3.3

<sup>15</sup> FA-avfall

<sup>16</sup> Betalingsregulativ for gebyr etter forureiningslova § 34. Kommunal forskrift for eigarkommunane, gjeldande frå 01.01.2019.

<sup>17</sup> IHM si heimeside: <https://www.ihm.no/indre-hordaland-miljoverk>

høyrrer inn under næring. Dei har og 13 produksjonsmedarbeidarar. Driftssjef fortel i intervju at IHM arbeidar med optimalisering og effektivisering av ruter, og at dei planlegg for sesongvariasjonar. Dei har fokus på kostnadsbilete og gode avtalar på vedlikehald, samt rett utstyr og fornying av utstyr.

Eit viktig tiltak for å nå målsetnaden til IHM for avfallsreduksjon og auka materialgjenvinning, er å drive haldningsskapande arbeid blant innbyggjarane / brukarane. IHM tilbyr mellom anna undervisningsopplegg og omvising for skuleklassar, og har vore ein aktiv medspelar for å rydde strendene langs Hardangerfjorden. I 2018 vart det gjennomført ein plukkanalyse. Resultatet frå analysen vert eit viktig grunnlag for utforming av framtidige tiltak.

I tillegg til det haldningsskapande arbeidet har IHM lagt til rette for sortering av avfall. I 2018 vart det innført ny henteordning, med egne dunkar for glas- og metallemballasje. Dei nye dunkane vart innført utan auke i gebyr.<sup>18</sup> I takt med strengare krav frå EU og nasjonale myndigheiter om større del materialgjenvinning, er dette eit tiltak for å auka mengda av utsortert glas- og metallemballasje<sup>19</sup>. IHM har såleis etablert henteordning for fem ulike fraksjonar: papp og papir, plastemballasje, matavfall, glas- og metallemballasje og restavfall. I 2018 fekk også IHM ein eigen app, med denne appen kan abonnentane mellom anna halde oversikt over opningstider, returpunkt, tømmekalenderen og få varsling på mobilen.

#### 2.2.1.1 Undersøke tilsyn og kapasitet i høve hytterrenovasjon.

Selskapet har opplevd stor auke i avfall frå abonnentar og hyttecontainerar. Dette skuldast meir bruk av hytter og vekst i reiselivet.<sup>20</sup> Det har og vore misbruk av ordninga. Det har vore eit problem at fastbuande lokalt og i nabokommunane, samt tilfeldig trafikk har nytta ordninga. Grunneigarar og andre som har hatt punkta tett inn på seg har mellom anna klagt på at renovasjonsordninga ikkje har fungert, med overfylte containerar etc. Problem knytt til hytterrenovasjon er ikkje ukjent i avfallsbransjen, og er også gjeldande for andre avfallsselskap. I protokoll frå styremøte 12.06.2018 står det at det vert arbeida med betre løysingar for hytterrenovasjon.

IHM sine returpunkt knytt til hytterrenovasjon er små og mange. Driftssjef meiner mange av dei bør takast vekk. Det har vore ein utrulling av hytterrenovasjonsordninga og IHM har følgd kommunedelplan avfall 2006 - 2009, noko som er ei av årsakene til at det er mange og små punkter.

Returpunkta for hytterrenovasjon har varierende grad av sortering. Mange hyttepunkt har full sortering, nokre har litt sortering og mange har ingen sortering. IHM ynskjer at hytteigarar skal nytta miljøstasjonane for levering av avfall som ikkje kan leverast til returpunkta som er satt ut til hytterrenovasjon. IHM sine miljøstasjonar har ope ein dag i veka. Tilgjengelegheit til ein open miljøstasjon kan vera ei utfordring for hytteigarar. I Eidfjord er for eksempel miljøstasjonen open på onsdagar, ein dag som kan vera vanskeleg for hytteigarar å nytta.

---

<sup>18</sup> Referat frå styremøte IHM 28.08.2018, sak 31/18

<sup>19</sup> Årsmelding IHM 2018

<sup>20</sup> Referat frå styremøte IHM 28.08.2018, sak 31/18

Problem knytt til hytterrenovasjon visar seg å vera størst i høgsesongane, som sommarferie, påske-, jul- og vinterferie. I følge dagleg leiar er det ei stor utfordring knytt til at innbyggjarane og turistar ikkje forstår skilje mellom hytteavfall (gebyrfinansiert) og avfall i det offentlege rom / turistavfall (finansiert av kommunane sjølve). Returpunkta for hytterrenovasjon vert ofte nytta av turistar. Utanom høgsesongane fungerer stort sett ordninga bra meiner driftssjef.

På sikt ynskjer IHM å etablere innbydande og fine returpunkt til hytterrenovasjon. Driftssjef ser for seg færre, men større og betre returpunkt tilrettelagt for sortering, med mogelegheit for elektronisk innlåsing. For å finne gode plasseringar til returpunkt har IHM behov for bistand frå den enkelte kommune i forhold til grunn og avtale med grunneigar. For å få til ei vellukka ordning er IHM avhengig av at hytteeigarar opplever eigarskap til renovasjonsordninga. Ved framleige av hytter, som er vorte meir vanleg, mistar ein ofte noko av dette eigarskapet.

Det vert arbeidd med betre løysingar for hytterrenovasjon i Jondal. Arbeidet vart sett i gang etter at det vart retta spørsmål frå representantskapet knytt til dårleg handtering av hytterrenovasjon i Jondal. Av protokoll frå representantskapsmøte 26.04.2018 kjem det fram under orienteringssaker at det er sett i gang arbeid knytt til sorteringsløysing for hytteområda i Jondal. Arbeidet har mellom anna gått ut på å kartlegge tømmepunkta. I representantskapsmøte 08.11.2018 orienterte driftssjef om arbeidet som er gjort for å kartlegge og betra sorteringa i hytteområdet i Jondal. Det kjem fram av protokoll at det er gjort fleire synfaringar, og hausten 2018 vart det gjort synfaring saman med teknisk etat i Jondal. IHM arbeidar med å få til færre og større oppstillingsplassar, dette for å få til ei betre sortering av avfall. Av protokoll frå representantskapsmøte 25.04.2019 kjem det fram at Jondal kommune skal avklare med grunneigarar der dette er naudsynt. Arbeidet i Jondal knytt til avklaring med grunneigar har no stoppa noko opp. Arbeidet som IHM har starta i Jondal ynskjer dei også å få gjennomført i andre hytteområder.

I Eidfjord er det planlagt utbygging av alpinlandsbyen Eidfjord Resort i Sysendalen. Representant frå Eidfjord Resort har tatt kontakt med IHM, dei ynskjer å sjå på løysingar for hytterrenovasjon. IHM har god erfaring med at der utbyggjar og hytteeigarar visar interesse for renovasjonsordninga og ynskjer å påverke den (eigarskap), fungerer ordninga bra. Dette har dei mellom anna klart å få til på Nedkvitne ved golfanlegget.

IHM ynskjer å lære frå andre operatørar i avfallsbransjen. Dei ser for eksempel mot andre kommunar og selskap, som Trondheim kommune og SIMAS (Sogn Interkommunale Miljø- og Avfallsselskap IKS), kor dei nyttar andre framtidsretta løysingar for handtering av avfall.

### 2.2.2 Næringsdel

Forutan å handtere tenester knytt til hushald og hytterrenovasjon tilbyr også IHM avfallsløysingar, rådgjeving og tenester til industri og næringsliv i regionen. 1. juli 2004 vart lovverket endra og næringsavfall vart konkurranseutsett.

Som ein ser av tabell 2.1 utgjer driftsinntektene frå næring 39 % av dei totale inntektene til IHM i 2018, medan driftskostnadane for næring står for 46 % av dei totale kostnadane.

IHM har eigen leiar for næring. Leiar for næring har mellom anna ansvar for inngåing av kontraktar med kundar. Leiar rapporterer årleg til styret om drifta, samt om pågåande og nye prosjekt.

Næringsdelen har fire faste sjåførar, og disponere to krokbilar og to liftbilar. Ein del næringsavfall går også i komprimatorbilar på rute. Skåpbil vert også nytta, mellom anna til transport av farleg avfall. Næring har også ein koordinator (næringsmedarbeidar) som tek i mot ordre via telefon og e-post, samt fakturerer. I tillegg har næring ei 100% stilling fordelt på to medarbeidarar.

Næringsdelen til IHM tar hand om næringskundar, også offentleg sektor. Det vil seie dei kundane som ikkje inngår under den lovpålagte handteringa av hushaldningsavfall. IHM handterer avfall både for dei minste og dei største i regionen. Dei største prosjekta til næring er knytt til handtering av avfall for entreprenørar i byggebransjen. Næringsdelen har og oppdrag utover eigarkommunane, mellom anna i Sogn og Odda. Dei handterer treverk, lettare forureina masse, farleg avfall, restavfall og blanda avfall til sortering.

Det er egne køyreruter for næringsdelen. Næringsdelen hentar mellom anna inn avfall som er levert til miljøstasjonane i eigarkommunane. Avfall frå miljøstasjonane består både av avfall frå næring og frå hushald. IHM har seks miljøstasjonar lokalisert i eigarkommunane i Hardanger. IHM koordinerer også køyrerutene mellom næring og hushald, dette av både praktiske og miljømessige omsyn. Køyring vert registrert i IHM sine system, og dei har køyrestatistikk på kor mange oppdrag dei har for næring.

### **Konkurranse, samarbeid og risiko**

Ragn-Sells avdeling Voss er den konkurrenten til IHM som er lokalt plassert saman med IHM. Ragn-Sells tilbyr leige av container og anna avfallshandtering. Per i dag har ikkje IHM noko samarbeid med Ragn-Sells.

Retura samarbeid: Retura er ei franchisebasert kjede og IHM er eit av fleire selskap som har eigarskap i Retura. Kjeda er landsdekkande, noko som gjer at IHM kan vera med på anbudsprosessar for større kundar som Bane Nor og Felleskjøpet.

Franzefoss og Norsk Gjenvinning har ein del oppdrag i heile landet, IHM har fast samarbeid med desse. IHM handtere avfall for både Franzefoss og Norsk Gjenvinning dersom dei får oppdrag i området til IHM. IHM leverer også farleg avfall til Franzefoss.

Når det gjeld risiko knytt til å oppretthalde marknadsposisjonen til IHM kan kommunesamanslåinga mellom Ullensvang, Jondal og Odda føre til at ein mistar oppdrag i offentleg sektor, som skule, barnehage og sjukeheim. Leiar for næring har informert om at Ullensvang herad utgjer i overkant av 2 % av omsetninga til IHM si næringsavdeling, og Jondal kommune utgjer mindre enn 1 % av omsetninga til næring.

### **2.2.3 Sterk vekst i aktivitet og tal tilsette**

Det har vore ein auke i aktivitet og krav om kunnskap i bransjen. I møte med driftssjef og miljørådgjevar kjem det fram at IHM har opplevd stor auke i avfall frå abonnentar og hyttecontainerar. Dette skuldast



mellom anna meir bruk av hytter og vekst i reiselivet i regionen. Mengd av avfall har auka, og samtidig har IHM etablert betre utsortering, f. eks. glas- og metallemballasje.

Tabell 2.2 nedanfor visar ein oversikt over personalkostnadene til IHM dei siste fem åra.

| År                | 2014       | 2015       | 2016       | 2017       | 2018       |
|-------------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| Personalkostnader | 19 110 411 | 20 252 440 | 21 663 554 | 24 758 099 | 29 984 877 |

TABELL 2.2 OVERSIKT PERSONALKOSTNADER IHM 2014 – 2018<sup>21</sup>

Som ein ser av tabellen ovanfor har personalkostnadene stege ein del dei siste åra. Frå 2014 til 2018 har selskapet hatt ein auke i personalkostnader på 10,9 mill. kroner, det vil sei ein auke på 57 %. I 2014 hadde selskapet 27 årsverk. Ved utgangen av året 2017 hadde selskapet 32 årsverk, og i 2018 hadde selskapet 38 årsverk.

I møte med styreleiar, tidlegare dagleg leiar<sup>22</sup> og økonomisjef kom det fram at årsaka til auken i tal tilsette og personalkostnader er samansett av fleire faktorar. Mellom anna har hytterenovasjon vorte meir omfattande, og reiseliv / turisme fyller opp returpunkt. I tillegg har selskapet flytta ein del av aktivitetane frå innleige (drift) til fast tilsette. Det vil sei at IHM no gjer meir av arbeidet sjølv, dei leigar ikkje lengre inn så mykje arbeidskraft. Her er altså kostnadene flytta frå drift til personell. Dette er særskilt knytt til transport og bemanning på miljøstasjonane.

IHM starta innsamling med transport i eigenregi frå 01.01.2014 etter over 18 år med samanhengande kontraktperiodar med Torstein Øvsthus & Søn AS (Øvsthus).<sup>23</sup> Fleire av sjåførane til Øvsthus vart tilsett hjå IHM.

Drift av miljøstasjonane var tidlegare ved innleie av personale frå kommunane, no er alle tilsette hjå IHM. Reinhold var tidlegare arbeid som selskapet leigde inn, no har IHM eigen tilsett i kombinert stilling med ansvar for reinhold og kantine.

Det har vorte utvida system for dunkar, nyleg med eigen dunk for glas- og metallemballasje. Dette krev også meir ressursar å handtere.

IHM har starta ein prosess for å optimalisere drifta, og dagleg leiar seier at dei har klare mål om å endre både omsetning og resultat for IHM i løpet av ein fem års periode.

I representantskapsmøte 25.04.2019 kom det fram at det i 2018 vart tilsett 5 nye medarbeidarar; tre sjåførar, driftssjef og kantine/reinholdsmedarbeidar. Mykje innleige og sjukefråvær var årsaka til at det var naudsynt å tilsetja nye sjåførar.

I følgje dagleg leiar har næringsdelen hatt ein jamn og fin auke i omsetnaden dei siste fire åra sett under eitt, i 2016 var det ein auke på 16 % frå året før. Det har også vorte tilsett ein ekstra sjåfør, og IHM har no to krokbilar, mot ein tidlegare. Ved behov har dei leigd inn ekstra sjåførar, og har i tillegg faste vikarar for avlasting i toppsesongar.

<sup>21</sup> Informasjon henta frå Årsmelding IHM frå 2014 til 2018

<sup>22</sup> Fram til og med januar 2019

<sup>23</sup> Referat frå styremøte IHM 26.03.2014

På representantskapsmøte 25.04.2019 sa styreleiar at det vil bli ein gjennomgang av personalkostnadene til IHM, då dei ligg for høgt på personalkostnadene samanlikna med tilsvarende bedrifter. Den kommande kommunesamanslåinga kan og få innverknad på bemanningssituasjonen til IHM. Leiinga arbeidar ut i frå at Ullensvang herad og Jondal kommune kjem til å melde seg ut av IHM. Dette er med i den vidare vurderinga til IHM med tanke på korleis ein best skal innretta seg mot framtida. Kva konsekvensar det vil ha for bemanningssituasjonen er endå ikkje klart.

## 2.3 Vurdering og konklusjon

IHM er stifta og organisert som eit interkommunalt selskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss. Oppbygginga av organisasjonen er i tråd med lov om interkommunale selskap med tanke på deltakarar, representantskap, styre og selskapsavtale. Dette er nærmare omtalt i kapittel 6. Innhald og aktivitet i verksemda er også å finne i andre tilsvarende verksemder i bransjen. Selskapet utfører lovpålagte oppgåver innan avfallssektoren på vegne av eigarkommunane. Dei samlar inn avfall frå hushald og fritidseigedommar, jf. krav som kjem fram av forureiningslova § 30 (1). I tillegg til å handtere lovpålagte oppgåver tilbyr IHM avfallsløysingar, rådgjeving og tenester til industri og næringsliv i regionen.

Det har vore ein utrulling av hytterrenovasjonsordninga og IHM har følgd kommunedelplan avfall 2006 - 2009, noko som er ei av årsakene til at det er mange og små punkt. 5000 hytter inngår i renovasjonsordninga for hushaldningsavfall som IHM hentar inn for sine eigarkommunar. Per i dag har returpunkta for hytterrenovasjon varierende grad av sortering. Mange hyttepunkt har full sortering, nokre har litt sortering og mange har ingen sortering. Det vert for tida arbeida med ei betre løysing for hytterrenovasjon i Jondal. Eit tilsvarende arbeid ynskjer IHM også å få gjennomført i andre hytteområde.

Selskapet har dei seinare åra hatt ein auke i aktivitet og i tal tilsette. Meir omfattande hytterrenovasjon og turisme er noko av årsaka til dette. Ei utfordring for IHM har vore at returpunkta for hytterrenovasjon ofte vert nytta av turistar. I tillegg har selskapet valt å tilsetja eigne medarbeidarar framfor innleige av tenester, det vil sei at nokon av kostnadane er flytta frå drift til personale. Utvida sorteringsløysing og auka krav om kunnskap er også faktorar som spelar inn. Det er signalisert frå leiinga at det vil bli ein gjennomgang av personalkostnadene. Den kommande kommunesamanslåinga kan og få innverknad på aktivitet og bemanningssituasjonen til IHM. Kva konsekvensar det vil ha for bemanningssituasjonen er endå ikkje klart. Revisjonen sitt inntrykk er at leiinga har fokus på å sikre selskapet inn i framtida.

### 3 Har selskapet etablert system og rutinar for å sikre at dei driv målretta og effektivt?

Revisjonen vil presisere at i dette kapittelet har vi fokus på sjølvkostområdet.

#### 3.1 Vert sjølvkostreglane for tenestene ivareteke av selskapet?

##### 3.1.1 Revisjonskriterium

###### **Forureiningslova**

Ihht **forurl. § 34 (1)** (*avfallsgebyr*) skal kommunen fastsette «gebyrer til dekning av kostnader forbundet med avfallssektoren, herunder innsamling, transport, mottak, oppbevaring, behandling, etterkontroll m.v. Kostnadene skal fullt ut dekkes inn gjennom gebyrene. Med kostnader menes både kapitalkostnader og driftskostnader. For avfall som kommunen har plikt til å samle inn, motta og/eller behandle etter §§ 29, 30 eller 31 må gebyret ikke overstige kommunens kostnader.»

For monopoldelen (husholdningsavfall) krev lova at kommunane skal ta full sjølvkost. For næringsavfall kan ein ha fortjeneste. Inntektene frå næringsavfall kan ikkje subsidiere monopoldelen, då denne delen skal ha full sjølvkost.

###### **Avfallsforskrifta**

I følgje avfallsforskrifta **§ 15-3** skal «avfallsgebyret fastsettes slik at det svarer til de totale kostnadene kommunene påføres ved lovpålagt håndtering av husholdningsavfall. Det skal sikres full kostnadsdekning. Kommunen skal ikke ha fortjeneste på slik avfallshåndtering. Kun kostnader ved og inntekter fra lovpålagt håndtering av husholdningsavfall skal inngå i beregningen av avfallsgebyret.»

###### **Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester<sup>24</sup>**

Gebyrheimel: «innenfor de områder der selvkost er satt som den rettslege rammen for brukerbetaling, må kommunen utarbeide en selvkostkalkyle (for- og etterkalkyle) av kostnadene innenfor de aktuelle tjenesteområdene. Dette må gjøres for å føre kontroll med at gebyrinntektene ikke overstiger kommunens selvkost.»

Direkte kostnader knyttet til kjerneproduktet: «direkte kostnader kan alltid henføres til den aktuelle selvkosttjenesten. Direkte kostnader er arbeid, varer og tjenester som anvendes for å yte tjenesten».

Indirekte kostnader og fordeling: «fordelingsmetode for indirekte kostnader i selvkostkalkylen bør primært være en som best gir uttrykk for bruken av interntjenesten».

---

<sup>24</sup> Kommunal- og moderniseringsdepartementet (H-3/14): Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester.

Sjølvcostkalkylen – kapitalkostnader:

- Avskrivingskostnader: i sjølvcostkalkylen skal det leggst til grunn lineære avskrivingar.
- Alternativkostnader (kalkulatorisk rentekostnad): i sjølvcostkalkylen skal kostnadane vera uavhengig av kva for finansieringsform som er nytta (bruk av lån eller eigenkapital). Alternativkostnader (kalkulatorisk rentekostnad) skal bereknast for alle anskaffingar av varige driftsmidlar.

### Rettleiar - berekning av kommunale avfallsgebyr<sup>25</sup>, s. 7

«I henhold til forurensningsloven § 34 og avfallsforskriften kapittel 15, skal kun kostnader som kan knyttes til den lovpålagte delen dekkes over avfallsgebyret.»

### 3.1.2 Data

For å sikra at prinsippet om sjølvcost vert ivareteken over tid må ein sjå på gebyrinntekta og berekna sjølvcost over fleire år i samanheng. Samla sett skal gebyrinntekta samsvare med sjølvcost. Ei praktisk tilnærming vil vera at inntektene over nokre år ikkje skal overstige kostnadane for åra sett under eitt.<sup>26</sup>

| IHM - HUSHALD              | 2014              | 2015              | 2016              | 2017              | 2018              | Total              |
|----------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|--------------------|
| Gebyrinntekter             | 30 639 964        | 33 154 235        | 33 798 446        | 35 539 938        | 37 371 193        | 170 503 776        |
| Andre inntekter            | 2 688 908         | 1 628 758         | 2 404 402         | 4 506 899         | 4 296 267         | 15 525 234         |
| <b>Sum driftsinntekter</b> | <b>33 328 872</b> | <b>34 782 993</b> | <b>36 202 848</b> | <b>40 046 837</b> | <b>41 667 460</b> | <b>186 029 010</b> |
| Sum driftskostnader        | 33 138 932        | 34 892 889        | 37 529 097        | 38 774 872        | 39 351 040        | 183 686 830        |
| <b>Driftsresultat</b>      | <b>189 940</b>    | <b>-109 896</b>   | <b>-1 326 249</b> | <b>1 271 965</b>  | <b>2 316 420</b>  | <b>2 342 180</b>   |
| Renteinntekter             | 433 602           | 354 047           | 261 642           | 231 237           | 212 890           | 1 493 418          |
| Rentekostnader             | 348 269           | 267 349           | 229 893           | 191 782           | 162 983           | 1 200 276          |
| <b>Årsresultat</b>         | <b>275 273</b>    | <b>-23 198</b>    | <b>-1 294 500</b> | <b>1 311 420</b>  | <b>2 366 327</b>  | <b>2 635 322</b>   |

TABELL 3.1 OVERSIKT REKNESKAPSTAL IHM 2014 - 2018<sup>27</sup>

Tabell 3.1 ovanfor visar inntekter og kostnader for hushald dei siste fem år. Samla sett for denne perioden har selskapet eit overskot på 2,6 mill. kroner. Vi ser at overskotet kjem frå dei to siste åra. For å ivareta generasjonsprinsippet skal eit positiv resultat frå hushald tilbakeførast til brukarane. Dette vert løyst i praksis gjennom eit sjølvcostfond, i rekneskapen til IHM heiter dette utjamningsfond hushald.

<sup>25</sup> Miljødirektoratet (M-258/2014), Veileder: beregning av kommunale avfallsgebyr – utdypning av avfallsforskriften kapittel 15

<sup>26</sup> Kommunal- og moderniseringsdepartementet (februar 2014): Retningslinjer for beregning av selvcost for kommunale betalingstjenester, s. 27 (punkt 7.2)

<sup>27</sup> Informasjon henta frå Årsmelding IHM frå 2014 til 2018

Generasjonsprinsippet inneber at kommunen / selskapet ikkje skal bygge opp eit fond over lengre tid, men ha ein planlagt prosess for opp- og nedbygging av fondet. For å ivareta generasjonsprinsippet må eit positivt sjølvkostresultat (overskot) vera tilbakeført til brukarane av sjølvkostenesten innan fem år.<sup>28</sup>

I tabell 3.2 nedanfor gir vi ein oversikt over utjamningsfondet til IHM dei siste fem åra.

| <b>Utjamningsfond hushald</b>                                      | <b>2014</b>       | <b>2015</b>      | <b>2016</b>      | <b>2017</b>      | <b>2018</b>       |
|--------------------------------------------------------------------|-------------------|------------------|------------------|------------------|-------------------|
| Utjamning hushald<br>(før disponering av årets resultat)           | 9 857 643         | 10 132 917       | 9 109 720        | 7 815 220        | 6 065 174         |
| Reduksjon / auke av fond                                           |                   | -1 000 000       |                  | -1 750 046       | 3 999 826         |
| Årsresultat hushald                                                | 275 274           | -23 197          | -1 294 500       | 0                | 2 366 326         |
| <b>Utjamning hushald<br/>(etter disponering av årets resultat)</b> | <b>10 132 917</b> | <b>9 109 720</b> | <b>7 815 220</b> | <b>6 065 174</b> | <b>12 431 326</b> |

TABELL 3.2 OVERSIKT UTJAMNINGSFOND HUSHALD 2014 - 2018

Ved gjennomgang av tidlegare års rekneskapstal ser vi at selskapet oppretta utjamningsfondet for hushald i 2004. Deler av årsresultatet i perioden frå 2004 til 2013 har vorte avsett til utjamningsfondet. Utjamningsfondet har gradvis bygd seg opp, i perioden frå 2004 til 2013 vart det avsett ca. 10 mill. kroner. I frå 2014 oppretta selskapet separat rekneskapsoppstilling for hushald og næring, dette i tråd med avfallsforskrifta § 15-4 (1). Prinsippet har då vore at resultat frå hushald reduserer eller aukar utjamningsfondet. I 2015 reduserte ein fondet med 1 mill. kroner, dette var uavhengig av resultatet for hushald for dette året. I 2017 vart utjamningsfondet redusert med 1,75 mill. kroner, medan årets resultat for hushald ikkje vart ført mot utjamningsfond hushald. I ettertid såg ein at det var feil å ikkje ta omsyn til resultatet til hushald i 2017. I forbindelse med årsoppgjersrevisjonen for 2018 gjekk revisjonen tilbake og såg på historikken bak utjamningsfondet hushald. Det vart då oppdaga at det i perioden 1999 - 2003 var gjort avsetningar mot anna eigenkapital som skulle ha vore ført mot utjamningsfond hushald. Tidlegare års feil knytt til utjamningsfond hushald vart korrigert for i 2018 rekneskapen, som vist i tabellen ovanfor. I tillegg til årets resultat for hushald 2018 vart utjamningsfondet auka med 3,99 mill. kroner. Per 31.12.2018 er utjamningsfondet på 12,4 mill. kroner.

I protokoll frå styremøte 12.06.2018 kjem det fram at det vart gjort vedtak om at styret rår representantskapet å vedta auke i gebyr for hushaldningsabonnement for 2019 med 2,5 %. Denne satsen vart også nytta i 2018 og 2017. I representantskapsmøte 08.11.2018 kjem det fram av sak 5 at gebyrsatsane er endra i samsvar med budsjett. Gebyr er auka med 2,5 %. I saksdokumentet står det at kommunane har hatt høve til å kommentere dette i løpet av hausten 2018, men at det ikkje har kome tilbagemelding frå nokon av kommunane. Av budsjett og økonomiplan for 2019 ser vi at det er lagt opp til at selskapet skal forsetje med denne årlege auken av gebyrinntekter. Økonomisjef i IHM seier selskapet framover skal ha fokus på å få redusert utjamningsfondet, og eit tiltak kan vera å justere gebyra.

<sup>28</sup> Kommunal- og moderniseringsdepartementet (februar 2014): Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester, s. 27 (punkt 7.2)

Styringsverktøy som leiinga nyttar for å halde oversikt over sjølvkostområdet er budsjett og rekneskapen til hushald. I følgje retningslinjer for berekning av sjølvkost (H-3/14) skal det i sjølvkostkalkylen leggjast til grunn lineære avskrivingar. Økonomisjef bekreftar at det vert nytta lineære avskrivingar for alle driftsmidlar i rekneskapen. Når det gjeld alternativkostnader (kalkulatorisk rentekostnad) er dette noko som ikkje vert nytta.

### 3.1.3 Vurdering og konklusjon

Verksemda knytt til sjølvkostdelen (hushald) er monopolverksemd, og dei lovpålagte oppgåvene skal gjennomførast til sjølvkost over tid. Det vil seie at alle abonnentar berre skal betale det i gebyr som det kostar verksemda å utføre sine tenester. For å kunne berekna gebyret må ein kjenne kostnadane ved denne delen av verksemda. Sjølvkostdelen skal ikkje drive med overskot eller underskot over tid. Eventuelle overskot skal setjast av i eit sjølvkostfond og tilsvarande ved underskot så nyttar ein i frå sjølvkostfondet. Verksemda kan ikkje ta gebyr som ikkje er rettferdiggjort i faktiske kostnader.

IHM har bygd opp eit sjølvkostfond, her kalla utjamningsfond hushald, som per 31.12.2018 er på 12,4 mill. kroner. Størrelsen på utjamningsfondet samsvarar ikkje med tankegangen bak generasjonsprinsippet. Det kan synes som om det ikkje har vore tilstrekkeleg fokus på generasjonsprinsippet frå utjamningfondet vart etablert i 2004 og fram til i dag. Revisjonen har påpeikt dette i møte ovanfor leiinga i 2018.

Det kjem fram av budsjett og økonomiplan 2019 til IHM at gebyrsatsane årleg skal aukast med 2,5 %. Med tanke på generasjonsprinsippet meiner revisjonen at selskapet bør ha ein klar plan på korleis dei gradvis skal bygge ned utjamningsfondet. Ein årleg auke i gebyrsatsane på 2,5 % meiner revisjonen ikkje er hensiktsmessig med tanke på ei nedbygging av fondet. Økonomisjef er einig i dette og seier eit tiltak kan vera å justere gebyra.

Revisjonen har med utgangspunkt i rekneskapen for 2018 og 2017 gjennomgått prinsippa / metodane som IHM har lagt til grunn for føring og fordeling av inntekter og kostnader for sjølvkosttenesta (hushald). Vi har ikkje gjort detaljerte kontrollar knytt til berekningar av fordelingsnøklar og rekneskapspostar som inngår i rekneskapen for hushald. Selskapet har ikkje utarbeida eigen sjølvkostkalkyle (for- og etterkalkyle), dei nyttar heller ikkje kalkulatorisk rentekostnad. Ein konsekvens av dette meiner revisjonen kan vera at utjamningsfondet mogleg er for stort. Når det gjeld avskrivingar vert det nytta lineære avskrivingar, i tråd med retningslinjene for berekning av sjølvkost for kommunale tenester. (H-3/14). Retningslinjene er ikkje rettsleg bindande, men eventuelle avvik frå dei bør grunngjevast<sup>29</sup>.

---

<sup>29</sup> Kommunal- og moderniseringsdepartementet (februar 2014): Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester, s. 8 (punkt 2.2)

## 3.2 Er det tilfredsstillende skilje mellom sjølvkostdelen og næringsdelen?

### 3.2.1 Revisjonskriterium

#### **Avfallsforskrifta**

I avfallsforskrifta § 15-1 (2) står det at forskrifta har til formål å hindre ulovleg kryssubsidiering mellom kommunen sin lovpålagte handtering av husholdningsavfall og avfallstenester som kommunen sel i marknaden, her avfallstenester knytt til handtering av næringsavfall og husholdningsavfall frå andre kommunar som kommunen sel avfallstenester til.

I forskrifta står det vidare i § 15-4 at «kommunen skal ha separat regnskap for lovpålagt handtering av husholdningsavfall. Dette innebærer at kommunen for hvert regnskapsår skal utarbeide adskilte regnskap for resultat og balanse, for å etablere et tydelig skille mellom den lovpålagte handteringen av husholdningsavfall og avfallshandtering i markedet.

Alle kostnader ved lovpålagt handtering av husholdningsavfall skal dekkes over avfallsgebyret. Dersom kommunen også selger avfallstjenester i markedet, skal de kostnadene som er felles for lovpålagt handtering av husholdningsavfall og for avfallstjenestene som selges i markedet fordeles forholdsmessig.»

Reglane som kjem fram av § 15-4 skal forhindre kryssubsidiering mellom kommunen sin lovpålagte handtering av husholdningsavfall og avfallstenester knytt til næringsavfall.

#### **Forureiningslova**

Husholdningsavfall er privatavfall frå husholdingar, her også større gjenstandar som inventar og liknande. Næringsavfall er avfall frå offentleg og private verksemder og institusjonar, jf. **forurl. § 27a**.

#### **Rettleiar - berekning av kommunale avfallsgebyr<sup>30</sup>, s. 10**

«Et regnskapsmessig skille og dokumentasjon av kostnadene som fordeles til den lovpålagte delen av avfallshandteringen, vil bidra til å unngå kryssubsidiering mellom lovpålagt og kommersiell virksomhet. Kostnadsfordelingen skal dokumenteres og kontrolleres. Det foreligger ikke et krav om organisatorisk skille mellom virksomhetene.»

«For de tilfellene hvor et (elektronisk) regnskapssystem har funksjonalitet for å kunne etablere et klart skille mellom kommersiell drift og den lovpålagte delen er dette tilstrekkelig, og det er ikke nødvendig med to separate regnskapssystem. Det legges da til grunn at skillet skjer for hver enkelt kostnads- og inntekstpost i regnskapet, og at det benyttes fordelingsnøkler der hvor direkte fordeling ikke er mulig. Valg av fordelingsnøkler for de ulike postene må kunne begrunnes og dokumenteres.»

---

<sup>30</sup> Miljødirektoratet (M-258/2014), Veileder: beregning av kommunale avfallsgebyr – utdypning av avfallsforskriften kapittel 15

### **Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester<sup>31</sup>, s. 34**

Det kjem klart fram av retningslinjene at det er forbod mot kryssubsidiering<sup>32</sup> av sjølvkosttenester. Det vil sei at sjølvkost ikkje skal belastast mot kostnader som ikkje er knytt til sjølvkosttenesta.

#### **3.2.2 Data**

IHM utfører i dag lovpålagte renovasjonstenester (hushald), og konkurranseutsett næringsaktivitet (næring). IHM er eitt juridisk selskap og fører eitt rekneskap for all aktivitet i selskapet.

Inntektene vert ført på eigne salskonti, merka Hushald eller Næring (gruppe 1 = hushald og gruppe 2 = næring). Nokre Conti inneheld inntekter frå begge gruppene, dette er typisk inntekter frå sal av fraksjoner som er samla inn både i hushald og næringsdelen (gruppe 0 = fordelingsnøkkel mellom hushald og næring). Inntektene på desse inntektskonti vert fordelt mellom næring og hushald med utgangspunkt i kva som er fakturert, og i tillegg vert det gjort ei vurdering basert på skjønn. Selskapet har ikkje noko dokumentasjon som viser korleis fordelinga er berekna for inntektene.

Alle kostnadene vert ført mot gruppe 0 (gruppe 0 = felleskostnader, her vert det gjort ei fordeling mellom hushald og næring). Det føreligg ingen direkte kostnader, alle kostnadene vert fordelt med utgangspunkt i fastsett fordelingsnøkkel.

I forbindelse med avslutning av rekneskapen vert kostnadene fordelt mellom hushald og næring med utgangspunkt i fordelingsnøklar. Det vert gjort ei vurdering av fordelingsnøkklane årleg. Fleire personar hjå IHM er involvert i denne vurderinga; økonomisjef, driftssjef, arbeidsformann, mottak / vekt og controller. Kostnadene vert fordelt mellom næring og hushald basert på avfallsstatistikk der ein reknar ut volumet/vekt som er samla inn frå næring og volumet/vekt samla inn frå hushald. Desse fordelingsnøkklane vert oppdatert ein gong i året, og dei er gjenstand for årleg revisjon basert på faktisk volum/vekt for dei ulike avfallsfraksjonane<sup>33</sup>. I tillegg vert det gjort ei vurdering etter skjønn. Denne vurderinga er ein tidkrevjande prosess for selskapet. Berekning av fordelingsnøkkel for kostnadene er dokumentert i eit excel ark som heiter «Master Avfallsstatistikk».

Det føreligg ikkje separate rekneskap i sjølve rekneskapssystemet som selskapet nyttar. Det rekneskapsmessige skilje mellom hushald og næring vert utarbeida manuelt av økonomisjef i forbindelse med årsavslutning. Fastsett fordelingsnøkkel vert nytta. Tabell 3.3 og 3.4 nedanfor visar kva fordelingsnøkkel som er nytta i rekneskapen for 2018 og 2017.

---

<sup>31</sup> Kommunal- og moderniseringsdepartementet (H-3/14): Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester

<sup>32</sup> Kryssubsidiering bruke ein her som begrep ved uriktig henføring av kostnader frå ein teneste til ein gebyrfinansiert sjølvkostteneste.

<sup>33</sup> Avfallsfraksjon er ein einsarta type avfall. Reint papir er ein fraksjon, medan glasemballasje er en anna fraksjon osv.



| IHM - oversikt frå rekneskapen 2018 |                   |                   |             |  |                   |             |
|-------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------|--|-------------------|-------------|
|                                     | Total             | Hushald           | % av total  |  | Næring            | % av total  |
| <b>Driftsinntekter</b>              | <b>68 421 536</b> | <b>41 667 460</b> | <b>61 %</b> |  | <b>26 754 078</b> | <b>39 %</b> |
| <i>Gebyrinntekter</i>               | 37 371 193        | 37 371 193        | 100 %       |  | 0                 | 0 %         |
| <i>Andre driftsinntekter</i>        | 31 050 343        | 4 296 267         | 14 %        |  | 27 337 186        | 88 %        |
| <b>Driftskostnader</b>              | <b>72 218 649</b> | <b>39 351 040</b> | <b>54 %</b> |  | <b>32 867 609</b> | <b>46 %</b> |
| <i>Innsamling, transport</i>        | 11 033 161        | 5 471 093         | 50 %        |  | 5 562 068         | 50 %        |
| <i>Avfallshandsaming</i>            | 15 707 731        | 7 790 323         | 50 %        |  | 7 917 408         | 50 %        |
| <i>Personalkostnader</i>            | 29 984 877        | 18 405 857        | 61 %        |  | 11 579 020        | 39 %        |
| <i>Avskrivningar</i>                | 7 162 148         | 3 552 101         | 50 %        |  | 3 610 047         | 50 %        |
| <i>Andre driftskostnader</i>        | 8 330 732         | 4 131 666         | 50 %        |  | 4 199 066         | 50 %        |

TABELL 3.3 OVERSIKT REKNEKAPSTAL 2018 MED FORDELINGSNØKLAR

| IHM - oversikt frå rekneskapen 2017 |                   |                   |             |  |                   |             |
|-------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------|--|-------------------|-------------|
|                                     | Total             | Hushald           | % av total  |  | Næring            | % av total  |
| <b>Driftsinntekter</b>              | <b>66 488 537</b> | <b>40 046 837</b> | <b>60 %</b> |  | <b>26 441 699</b> | <b>40 %</b> |
| <i>Gebyrinntekter</i>               | 35 539 938        | 35 539 938        | 100 %       |  | 0                 | 0 %         |
| <i>Andre driftsinntekter</i>        | 30 948 599        | 4 506 899         | 15 %        |  | 26 441 699        | 85 %        |
| <b>Driftskostnader</b>              | <b>63 167 926</b> | <b>38 774 872</b> | <b>61 %</b> |  | <b>24 393 053</b> | <b>39 %</b> |
| <i>Innsamling, transport</i>        | 10 098 111        | 6 198 604         | 61 %        |  | 3 899 507         | 39 %        |
| <i>Avfallshandsaming</i>            | 13 825 348        | 8 486 523         | 61 %        |  | 5 338 824         | 39 %        |
| <i>Personalkostnader</i>            | 24 758 099        | 15 197 462        | 61 %        |  | 9 560 637         | 39 %        |
| <i>Avskrivningar</i>                | 6 865 590         | 4 214 360         | 61 %        |  | 2 651 230         | 39 %        |
| <i>Andre driftskostnader</i>        | 7 620 778         | 4 677 923         | 61 %        |  | 2 942 855         | 39 %        |

TABELL 3.4 OVERSIKT REKNEKAPSTAL 2017 MED FORDELINGSNØKLAR

Ovanfor viser ei oversikt over fordelingsnøklar som er nytta for 2017 og 2018. Revisjonen har også sett på fordelingsnøklane som er nytta for 2016 rekneskapen, for kostnadane er desse like som i 2017. Av tabellane ovanfor ser vi at rekneskapen for 2018 viser ei 50/50 fordeling mellom hushald og næring, med unntak av personalkostnader som har ei fordeling 61/39. I 2017 og 2016 var fordelinga 61/39 for alle kostnadane. Årsak til endring i fordelingsnøkkel har samanheng med vekt på avfallet frå hushald og næring. I 2017 vart det nytta same fordelingsnøkkel som i 2016, medan ein i 2018 gjorde ei berekning med utgangspunkt i avfallsstatistikk. Tidlegare dagleg leiar<sup>34</sup> i IHM meiner det har vore vanskeleg å finna ein god fordelingsnøkkel mellom sjølvkost- og næringsdelen.

<sup>34</sup> Fram til og med januar 2019

### 3.2.3 Vurdering og konklusjon

Selskapet tilfredsstillar krava i avfallsforskrifta § 15-4 om å utarbeide separat rekneskap for den lovpålagt handtering av hushaldningsavfall. Dei har eit skilje mellom den lovpålagte handteringa (hushald) og avfallshandteringa i marknaden (næring).

Inntekter: alle gebyrinntekter vert korrekt ført mot hushald. Inntekter knytt til næringsdelen vert direkte ført mot næring. Når det gjeld inntekter frå sal av fraksjoner som er samla inn både frå hushald og næringsdelen vert det gjort ei fordeling med utgangspunkt i skjønn og det som er fakturert. Det føreligg ikkje dokumentasjon på grunnlag for denne fordelinga.

Kostnader: alle kostnadene vert fordelt med utgangspunkt i fastsett fordelingsnøkkel. Ingen av kostnadene er i rekneskapen definert som direkte. Berekning av fordelingsnøkkel vert dokumentert, dette i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar<sup>35</sup>. Kostnadene vert fordelt forholdsmessig med utgangspunkt i faktisk vekt. Faktisk vekt kan gi eit godt uttrykk for kostnadsfordelinga. Metoden som er nytta er konkret, transparent og dokumenterbar, og tek i vare grunntanken bak kravet om forholdsmessig kostnadsfordeling; å sikra etterleving av sjølvkostprinsippet og å hindre ulovleg kryssubsidiering<sup>36</sup>.

Oppsummert meiner vi at selskapet har eit tilfredsstillande skilje mellom sjølvkostdelen og næringsdelen, og at prinsipp som er nytta for å fordele kostnadene er transparent og dokumenterbar.

---

<sup>35</sup> Miljødirektoratet (M-258/2014), Veileder: beregning av kommunale avfallsgebyr – utdypning av avfallsforskriften kapittel 15, s. 10.

<sup>36</sup> Miljødirektoratet (M-258/2014), Veileder: beregning av kommunale avfallsgebyr – utdypning av avfallsforskriften kapittel 15, s. 11.

### 3.3 Sjølvkost hytterenovasjon – vil fleire abonnentar gje lågare pris?

#### 3.3.1 Revisjonskriterium

##### **Rettleiar - berekning av kommunale avfallsgebyr<sup>37</sup>**

I Miljødirektoratet sin rettleiar kjem det fram av kap. 4.3 at det er klare føringar på kva kriterium som kan gi gebyrreduksjon. Det er mellom anna ikkje anledning til å differensiere gebyr på sosialt grunnlag. Ein kan heller ikkje differensiere på bakgrunn av kvar i kommunen abonnenten bur. Det vil sei at eventuelle innsparingar som følgje av ulik køyreavstand ikkje kan gi grunnlag for lågare gebyr for den lovpålagte handteringa av hushaldningsavfall.

Vidare kjem det fram av kap. 4.3.3 at det er ei lovpålagt oppgåve for kommunane å samle inn avfall frå fritidseigedommar på lik linje med anna hushaldningsavfall jf. **forureiningslova § 30 (1)**. Som følgje av dette er fritidsbustader også gebyrpliktige.

I rettleiinga står det at gebyret skal dekke kommunane sine kostnader knytt til handtering av dette hushaldningsavfallet og det skal ikkje spegla i kva grad den enkelte hytteeigar nyttar seg av tilbodet.

Om gebyr står det at det ikkje er anledning til å fastsette lågare avfallsgebyr for hytteeigarar som har fast bustad i kommunen, enn for hytteeigarar som har fast bustad i andre kommunar. Det vil normalt vere utelukka å fastsette eit høgare gebyr for fritidseigedommar, for på den måten å la hytteeigarane i kommunen subsidiere avfallsgebyret til dei med permanent bustad i kommunen.

##### **Selskapsavtalen for IHM** (sist endra i representantskapet 29.04.2014)

«Selskapet vil arbeide for eit mest mogeleg likt gebyr og einsarta betalingsregulativ i kommunane»

##### **Vedtektene for IHM**

I vedtektene for IHM under § 10 står det at selskapet vil arbeide for eit mest mogeleg likt gebyrnivå og einsarta føresegner i kommunane.

##### **Betalingsregulativ for gebyr etter forureiningslova § 34<sup>38</sup>**

Forskrifta § 5.3 tar for seg renovasjonsgebyr for fritidsbustad. Der står det at gebyra er differensiert og vekta etter eigne kriterium basert på storleik, innlagt straum og veg fram til fritidsbustaden. Dette kjem også fram av kommunedelplan avfall 2006 – 2009, gebyra vert delt inn i tre klassar basert på dei gitte kriteria.

---

<sup>37</sup> Miljødirektoratet (M-258/2014), Veileder: beregning av kommunale avfallsgebyr – utdypning av avfallsforskriften kapittel 15

<sup>38</sup> Kommunal forskrift for Eidfjord kommune, Granvin herad, Jondal kommune, Ullensvang herad, Ulvik herad og Voss kommune, gjeldande frå 01.01.2019.

### 3.3.2 Data

Det har vore ein auke i tal hytter, mellom anna i Myrkdalen og i Eidfjord. Renovasjon i høgfjellet kan til tider vera krevjande.

I møte med styreleiar, tidlegare dagleg leiar<sup>39</sup> og økonomisjef kom det fram at IHM ikkje kan differensiere gebyra til hytteeigarar, då det skal vera lik pris uavhengig av kvar hytta ligg i eigarkommunane innan same gebyrklasse. Dette kom også fram i møte med driftssjef og miljørådgjevar. IHM har same gebyr uavhengig av kvar den enkelte hytta er lokalisert. Det er mellom anna avfallsmengde (storleik) og infrastruktur (veg fram til hytta) ein betalar for, ikkje kvar hyttene er lokalisert.

### 3.3.3 Vurdering og konklusjon

Det kjem fram av datadelen at IHM jobbar ut i frå eit prinsipp om å ikkje differensiere gebyra til hytteeigarar innanfor same gebyrklasse. Innanfor same gebyrklasse skal det ikkje differensierast avhengig av om fritidsbustaden ligg sentralt eller avsidesliggande (kvar hytta ligg). Dette samsvarer med det som står i selskapsavtalen og vedtektene til IHM, at selskapet vil arbeide for eit mest mogeleg likt gebyr og einsarta betalingsregulativ i kommunane.

Informasjon som kjem fram av datadelen samsvarar med Miljødirektoratet<sup>40</sup> sin rettleiar. I rettleiinga kjem det fram at ein ikkje kan differensiere på bakgrunn av kvar i kommunen abonnenten bur. Det vil sei at eventuelle innsparingar som følgje av ulik køyreavstand ikkje kan gi grunnlag for lågare gebyr for den lovpålagte handteringa av hushaldningsavfall.

Oppsummert: Med bakgrunn i vedteken selskapsavtale og vedtekter kjem det fram at ein skal ha eit mest mogeleg likt gebyr, og fleire abonnentar i eit hytteområdet vil derfor ikkje gi lågare gebyr for IHM si avfallshandtering. Det er mellom anna avfallsmengda (storleik) og infrastruktur (veg fram til hytta) ein betalar for, ikkje i kva område hytta er lokalisert.

## 3.4 Tilråding

- ❖ IHM bør følgja retningslinjene for berekning av sjølvkost og eventuelle avvik frå dei bør grunngevest.
- ❖ Utjamningsfondet bør gradvis byggjast ned. For å få dette til bør fondet sjåast i samanheng med gebyrsatsane.

---

<sup>39</sup> Fram til og med januar 2019.

<sup>40</sup> Miljødirektoratet (M-258/2014), Veileder: beregning av kommunale avfallsgebyr – utdypning av avfallsforskriften kapittel 15

## 4 Kva rutinar, fullmakter og praksis har selskapet knytt til innkjøpsavtalar?

### 4.1 Revisjonskriterium

#### **Anskaffingslova**

Anskaffingslova og tilhøyrande forskrift gjeld for alle innkjøp gjort av offentleg etat.

Formålet med loven går fram av § 1: «Loven skal fremme effektiv bruk av samfunnets ressurser. Den skal også bidra til at det offentlige opptrer med integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.»

Krav til å følge anskaffingslova går fram av § 2 bokstav d), då IHM IKS vert å rekna som samanslutningar med ein eller fleire oppdragsgivarar som nemnt i bokstav a til c i same paragraf.

Hovudregelen er at konkurranse skal finne stad. Det går fram av anskaffingslova § 4 at «oppdragsgiveren skal opptre i samsvar med grunnleggende prinsipper om **konkurranse**, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvbarhet og forholdsmessighet». Dette gjeld for alle anskaffingar som er omfatta av lov og forskrift; både over og under terskelverdiane.

#### **Anskaffingsforskrifta**

Kontrakten sin verdi har betydning for kva del av forskrifta som er gjeldande.

*Del I. Alminnelige bestemmelser:* omfattar anskaffingar med kontraktsverdi over kr 100 000 ekskl. mva. Omtalt som tilbodskonkurranse, det vil sei at kommunen / selskapet kan ut å kontakte fleire leverandørar, minimum 3 og fortrinnsvis fem når ein nærmar seg terskelverdien.

*Del II. Anskaffelser under EØS-terskelverdiene og særlege tjenester:* omfattar anskaffingar med anslått kontraktsverdi mellom 1,3 mill. kroner ekskl. mva og EØS-terskelverdiane for anskaffingar, samt kontrakt om særskilte tenester, jf. § 5-1 (2). EØS- terskelverdien er 51 mill. kroner ekskl. mva for bygg- og anleggskontrakter, jf. § 5-3 c).

For anskaffingar som kjem inn under del II står det i § 8-17 (1) at konkurransen skal kunngjerast i Doffin. Der kontrakten kjem over EØS- terskelverdiane er det del III i forskrifta som er gjeldande og det må utlysast i Tenders Electronic Daily (TED).

Når det gjeld rammeavtalar kjem det fram av § 11-1 (1) at oppdragsgjevar skal følge forskrifta når ein inngår rammeavtalar.

I 2016 var den nasjonale terskelverdien for kunngjering i Doffin 0,5 mill. kroner. 01.01.2017 vart terskelverdien oppjustert frå 0,5 til 1,1 mill. kroner. Med verknad frå 06.04.2018 vart den nasjonale terskelverdien igjen justert opp frå 1,1 til 1,3 mill. kroner.

## 4.2 Inngåing av kontraktar

### 4.2.1 Data

For å få ein oversikt over kva rutinar, fullmakter og praksis IHM har rundt innkjøpsavtalar og inngåing av kontraktar har vi tatt utgangspunkt i to prosjekt som revisjonen har sett på. Dette gjeld følgjande prosjekt:

- 1) fliselager m/garasje og
- 2) pumpehus og deponi

Prosjektet knytt til flislager m/garasje vart gjennomført i perioden august 2017 til våren 2018. Prosjekt pumpehus og deponi starta opp i juni 2018 og var ferdig i fyrste halvdel av 2019.

#### **Inngåing av kontrakt – gjennomført og dokumentert i tråd med anskaffingslova og tilhøyrande forskrift**

Begge dei to prosjekta som revisjonen har kontrollert, jf. oversikta ovanfor, har ein verdi som overstig grensa for kunngjering i Doffin. Byggerekneskapen til flislager m/garasje visar ein total verdi på 8,1 mill. kroner og oppjustert budsjett for pumpehus og deponi visar ein verdi på 6,7 mill. kroner. Begge prosjekta vart gjennomført som delte entreprisar. Revisjonen har fått informasjon om at leinga i IHM for fleire år tilbake har hatt ei avgjer om å ikkje leggje ut anbod på Doffin for prosjekt innan bygg og anlegg. Det er ikkje lagt fram skriftleg dokumentasjon på avgjersla. Det er no signalisert frå leinga at alle relevante prosjekt med verdi over kunngjeringsplikta skal leggst ut på Doffin.

Praktisert rutine for anskaffing har vore at prosjektansvarleg har bestilt oppdrag hjå prosjektleiar. Prosjektleiar har utarbeida tilbudsdokument og har i dei to prosjekta revisjonen har kontrollert tatt kontakt med 4-6 leverandørar. Revisjonen sin kontroll visar at det er inngått kontraktar med hovudleverandørar med ein storleik kring 3 mill. kroner. I eit av prosjekta som revisjonen har kontrollert er det også nytta leverandør som har rammeavtale med IHM, avtalen er frå år 2009.

Det går fram av budsjett, prosjektrekneskap og protokoll knytt til dei to prosjekta revisjonen har sett på at det etter anbodskonkurransen har vore lagt til ekstraoppgåver til prosjekta. Gjennomførte tilleggsoppgåver er anten utført av valt entreprenør, eller vore tildelt andre leverandørar utan at konkurranse er gjennomført.

IHM kjøper i dag prosjektleiingstenester eksternt. Revisjonen har hatt ein gjennomgang av avtalane mellom IHM og prosjektleiar. Vi ser at det er inngått avtale om både bygge/prosjektleiing og rådgjevingstenester for flislageret, og det er fakturert ca. kr 650 000. Det går ikkje fram av informasjon eller dokumentasjon at kjøp av denne tenesta er konkurranseutsett (tilbodskonkurranse). For det andre prosjektet, pumpehus og deponi, er det inngått ein rammeavtale gjeldande frå mai 2018 med varigheit på to + to år. I dette prosjektet visar prosjektbudsjettet ca. kr 700 000 i prosjektering og byggjeleiing. Samla verdi er vel 1,3 mill. kroner, men tenestene er delt opp i ulike kontraktar og periodar.

Ved revisjonen sin kontroll av registrerte kunngjeringar i Doffin på IHM, ser vi at nokre kjøp vert kunngjort her. Dei siste åra er det hovudsakeleg transportkøyretøy og avfallsbeholdarar som er kunngjort, medan prosjekt innan bygg og anlegg har vore gjennomført utan kunngjering.

| Kunngjering IHM                                             | Dato for kunngjering av konkurranse |
|-------------------------------------------------------------|-------------------------------------|
| Glass/ metall beholdere                                     | jan.18                              |
| Leveranse sorteringsmaskin                                  | des.16                              |
| Innkjøp av renovasjonsbil                                   | nov.16                              |
| Levering av krokbil                                         | feb.16                              |
| Transport og behandling av restavfall IHM, SIM, SIMS og SUM | feb.14                              |
| Komplette renoveringsbiler                                  | apr.13                              |
| Miljøstasjon Utne                                           | sep.11                              |
| Deponiutviding 2011                                         | jun.11                              |

TABELL 4.1 OVERSIKT KUNNGJERINGAR I DOFFIN I PERIODEN 2011 TIL MAI 2019

Ved kjøp av transportkøyretøy har IHM hatt praksis om å leggje ut kunngjering i Doffin. Det er eit konsultentselskap som har gjort og framleis gjer denne jobben for IHM. Ved innkjøp av glas- og metall dunkar nytta IHM også Doffin for kunngjering. Den siste kunngjeringa i Doffin som omhandlar prosjekt av same type som dei to revisjonen har sett på, var ei deponiutviding i år 2011.

### Inngåing av kontrakt - fullmakter

Revisjonen har undersøkt om det føreligg vedtak om investeringar og tilhøyrande finansiering. Framlagte styringsdokument er ikkje tydeleg spesifisert på investeringsobjekt, budsjett pr. objekt eller korleis investeringa skal finansierast. Prosjektansvarleg har i møte med styret informert om pågåande prosjekt. Leiinga ser ut til å ha vore informert om framdrifta i prosjekta, men revisjonen har ikkje funne klare vedtak kring oppstart av prosjekta.

Alle avtalar og kontraktar for dei to prosjekta revisjonen har sett på er signert av prosjektansvarleg. Revisjonen har undersøkt kven som har rett til å teikne firma og gjera binande avtalar på vegne av IHM. Brønnøysundregisteret syner at det er styreleiar og eit styremedlem i fellesskap som teiknar firma, og dagleg leiar har prokura. IHM sin praksis tilseier at avtalane er signert av person utan prokura.

I tillegg til å ha kontrollert to prosjekt har revisjonen hatt ein gjennomgang med økonomisjef og tidlegare dagleg leiar<sup>41</sup> hjå IHM om selskapet sine innkjøpsrutinar, inkludert fullmakter og beløpsgrenser. Det kjem fram at IHM har fått på plass nye innkjøpsrutinar, dei vart sett i verk hausten 2018. Det er etablert rutineskildring, signerte innkjøpsfullmakter og oversikt over fullmakter med beløpsgrenser. IHM har sendt ut skriv til leverandørar med krav til fakturainnhald. Tidlegare dagleg leiar meiner at rutinen som er satt i verk, fungerer i praksis.

<sup>41</sup> Fram til og med januar 2019

Av styremøtereferat 25.09.2018 (sak 42/18) kjem det fram at økonomisjef hadde ei orientering for styret om arbeidet med nye innkjøpsrutinar. Rutinane var gjeldande frå 1. oktober 2018. Dei nye innkjøpsrutinane omhandlar rutinar for anskaffing, ansvarsmatrise, fullmaktsmatrise og signert innkjøpsfullmakt. I vedtak slutta styret seg til dei nye innkjøpsrutinane.

Tidlegare hadde ikkje selskapet utarbeida rutinar på dette området, og det har ikkje tidlegare vore klare retningslinjer på kven som har formelle fullmakter og beløpsgrenser.

#### 4.2.2 Vurdering og konklusjon

##### **Inngåing av kontrakt – gjennomført og dokumentert i tråd med anskaffingslova og tilhøyrande forskrift**

IHM skal dokumentere på kva måte dei gjennomfører sine innkjøp, jf. prinsippet om etterprøvbarhet som kjem fram av anskaffingslova § 4. For innkjøp med verdi under terskelverdien på 1,3 mill. kroner eks mva skal selskapet gjennomføre ein tilbodskonkurranse der ein kontaktar minimum tre til fem leverandørar. Innkjøper kan også velje å kunngjere anskaffingar i Doffin. For prosjekt som overstig terskelverdien på 1,3 mill. kroner skal anskaffinga kunngjerast i Doffin, jf. anskaffingsforskrifta del II § 8-17. Når ein er over terskelverdien vert konkurranseprinsippet ivareteke ved at oppdragsgivar skal kunngjere konkurransen. Ved kunngjering kan oppdragsgivar nå ut til fleire potensielle leverandørar. For begge metodane gjeld det omfattande krav til dokumentasjon av framgangsmåte, likebehandling og tildelingskriterium for val av leverandørar, jf. anskaffingslova § 4.

I vår analyse av dei to prosjekta som er undersøkt kjem det fram at prosjektleiar har kontakta fire til seks leverandørar for hovudleveransane. Kontraktsummen for dei enkelte hovudleveransane til prosjekta ligg kring 3 mill. kroner. Innkjøpar burde då ha lagt til grunn at prosjektet ville overstige terskelverdien som gir krav til kunngjeringsplikt i Doffin. Resultatet er at IHM har brote regelverket i anskaffingane for begge prosjekta og utført «ein ulovleg direkte anskaffing». Ei ulovleg direkte anskaffing er ei anskaffing som ikkje er kunngjort, sjølv om det føreligg kunngjeringsplikt etter regelverket. Dette reknast som eit svært grovt brot på regelverket sidan det unndrar kontrakten frå open konkurranse.<sup>42</sup>

Det går fram av datadelen at gjennomførte tilleggsoppgåver anten er utført av valt entreprenør, eller har vore tildelt andre leverandørar utan at konkurranse har vore gjennomført. Tildeling av tilleggsoppgåver utan tilbodskonkurranse med ny leverandør, som i estimert verdi er under terskelverdien er eit brot på lov og forskrift om offentleg anskaffing. Ei utviding av eksisterande kontrakt er mogeleg utan konkurranse når kostnaden naturleg er knytt til definert prosjekt. Revisjonen har ikkje tatt stilling til dette forholdet.

I forhold til kjøp av prosjektleiing- og rådgivingstenester har ikkje revisjonen funne dokumentasjon på at desse har vore konkurranseutsett etter lov og forskrift om offentleg anskaffing. Kontraktsverdien og rammeavtale tilseier at tenesta skulle vore konkurranseutsett etter del I i anskaffingsforskrifta for kjøp under 1,3 mill. kroner. Vår tilråding er at dersom IHM regelmessig kjøper tenester frå same leverandør til fleire prosjekt bør selskapet inngå ein fleirårig rammeavtale med leverandøren. I samband med

---

<sup>42</sup> Nærings- og fiskeridepartementet (november 2017): Veileder til reglene om offentlig anskaffelser, s.103



prosjekt pumpehus og deponi inngjekk IHM ein rammeavtale med prosjektleiar i 2018. Revisjonen gjer merksam på at prinsippet om konkurranse, som kjem fram av anskaffingslova § 4, også må følgjast ved inngåing av rammeavtalar. Revisjonen har ikkje fått noko dokumentasjon om at dette prinsippet er følgt for kjøp av prosjektleiing- og rådgivingstenester.

Rammeavtalar skal jamleg lysast ut i tråd med regelverket om offentleg anskaffing. Normal løpetid for ein rammeavtale er fire år, jf. anskaffingsforskrifta § 11-1 (4), ofte med opsjon på 1 + 1 år. I eit av prosjekta som revisjonen har kontrollert er det nytta leverandør som har rammeavtale med IHM, kor avtalen er frå år 2009. Eksisterande rammeavtale er etter regelverket utgått på dato og bør fornyast.

Det kjem fram av datadelen at det er signalisert frå leiinga at alle relevante prosjekt med verdi over kunngjeringsplikta framover skal leggjast ut på Doffin. Dette visar at selskapet no har fokus på å følgje regelverket for offentleg anskaffing.

### **Inngåing av kontrakt - fullmakter**

Alle avtalar og kontraktar for dei to prosjekta revisjonen har sett på er signert av prosjektansvarleg. Brønnøysundregisteret syner at det er styreleiar og eit styremedlem i fellesskap som teiknar firma, og dagleg leiar har prokura. IHM sin praksis tilseier at avtalane er signert av person utan prokura.

Oppsummert meiner revisjonen det har vore uklare føringar i vedtak og leiing. Revisjonen har ikkje funne dokumentasjon på at fullmakt har vore delegert til andre tilsette i organisasjonen. IHM har ikkje etablert interne rutinar som sikrar at dei to prosjekta er gjennomført i tråd med vedtak og gjeldande regelverk. Selskapet har sjølv tatt grep og satt i verk nye innkjøpsrutinar, gjeldande frå hausten 2018. Alle som skal teikne firma skal no ha nødvendige fullmakter.

## 4.3 Sams/felles avtale mellom avfallsselskap i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, gjeldande transport til og forbrenning av avfall i Sverige.

### 4.3.1 Data

IHM hadde anbudsrunde i 2014 for handsaming av restavfall; det vart inngått avtale med Geminor AS. Geminor er eit selskap som tilbyr totalløysingar for energiutnytting av avfall. Selskapet har spesialisert seg på å utvikla kostnadseffektive løysingar for logistikk og behandling av avfall.<sup>43</sup>

Avtalen med Geminor var gjeldande i perioden frå 1. april 2014 og fram til 31. mars 2019. Det var eit konsulentselskapet som gjennomførte kunngjering med kravspesifikasjon og kontraktsvilkår, samt sjølve anbudsprosessen. Denne prosessen gjorde IHM felles med SIM (Sunnhordaland Interkommunale Miljøverk IKS), SIMAS (Sogn Interkommunale Miljø- og Avfallsselskap IKS) og SUM (Sunnfjord Miljøverk IKS):

- Felles kunngjering på Doffin med kravspesifikasjon og kontraktsvilkår.
- Felles forhandling om pris.

Det vart inngått separate kontraktar med Geminor for kvart selskap og avtalane vart underskreve på forskjellige tidspunkt. Avtalen som IHM har hatt med Geminor er knytt til henting og behandling av restavfall.

#### Opsjon

I avtaledokumentet mellom IHM og Geminor står det at «oppdragsgjevar har einsidig rett til å forlenge kontrakten med 1 + 1 år. I kontraktsdokument 4.3 Generelle kontraktsvilkår, punkt 20 står det følgjande: «Dersom dette går fram av avtaledokumentet, har oppdragsgjevar opsjon (einsidig rett) til å forlenge kontrakten på same vilkår og prisar som for denne kontrakten i 1 + 1 år. Dersom oppdragsgivar vel å nytte denne opsjonen, må han varsle leverandør om dette seinast 3 månader før avslutningstidspunktet til kontrakten.»

Tidlegare dagleg leiar<sup>44</sup> meiner dei har hatt ein god avtale med Geminor og IHM har derfor ynskt å nytta seg av opsjonen. IHM bad om at kontrakten vart forlenga med eitt år, med verknad frå 01.04.2019, i signert brev til Geminor den 12.12.18. Dei har mottatt positiv stadfesting, kor Geminor har bekrefta forlenging av avtalen med eit år.

#### Transport av restavfall

I utgangspunktet hadde Geminor levering av restavfall til Sverige. Geminor har brukt Tollpost Globe som hovudleverandør på transport av restavfall. Transportørane har sagt opp avtalen dei hadde med Geminor og Geminor har derfor måtte finne ei anna løysing. Dei har begynt å transportere avfall til Sarpsborg. Det har vore ein plan at restavfallet etter kvart skal leverast til BIR (gjennom Geminor). IHM

---

<sup>43</sup> Signert tilbudsbrief frå Geminor 16.01.2014

<sup>44</sup> Fram til og med januar 2019

har foreløpig ikkje fått noko tidsperspektiv på kva tid dette vil skje. BIR har ikkje hatt kapasitet til å ta imot noko frå IHM. Kvar avfallet vert transportert er avhengig av etterspurnaden etter avfallet, samt logistikk på bilar og mottak.

Det kjem fram av protokoll frå representantskapsmøte 08.11.2018 at «restavfallet ikkje lenger går til Sverige til brenning og at det no vert brent i Norge. Dette medfører mindre utslepp i samband med transport.»

#### 4.3.2 Vurdering og konklusjon

IHM hadde anbudsrunde i 2014 for handsaming av restavfall, og det vart inngått avtale med Geminor. Denne prosessen gjorde IHM felles med SIM (Sunnhordaland Interkommunale Miljøverk IKS), SIMAS (Sogn Interkommunale Miljø- og Avfallsselskap IKS) og SUM (Sunnfjord Miljøverk IKS). Det vart inngått separate kontraktar med Geminor for kvart selskap og avtalane vart underteikna på forskjellige tidspunkt. Det føreligg soleis ikkje ein felles avtale mellom avfallsselskapa og Geminor.

Avtalen som IHM har hatt med Geminor er knytt til henting og behandling av restavfall. Prosessen knytt til inngåing av denne avtalen vart korrekt gjennomført og dokumentert i tråd med anskaffingslova og tilhøyrande forskrift. IHM har valt å nytta opsjonen som ligg i avtalen med Geminor. Avtalen som IHM har med Geminor er derfor utvida med eitt år frå 01.04.2019.

#### 4.4 Tilråding

- ❖ IHM bør etterleve anskaffingslova og tilhøyrande forskrift i forhold til prinsippet om konkurranse og kunngjeringsplikt, og etablere retningslinjer og rutinar som sikrar dette.
- ❖ IHM bør inngå rammeavtalar med leverandørar som dei jamleg kjøper tenester frå og ha rutine på å fornya desse i tråd med regelverket. Prinsippet om konkurranse, som kjem fram av anskaffingslova § 4, bør følgjast ved inngåing av rammeavtalar.

## 5 Korleis handterer selskapet økonomiske forpliktingar til etterdrift av deponi?

### 5.1 Vert det avsett tilstrekkeleg til 30 års etterdrift?

#### 5.1.1 Revisjonskriterium

##### **Avfallsforskrifta**

I følge avfallsforskrifta § 9-10 (1) er det krav om at deponi skal ha «tilfredsstillende finansiell garanti eller tilsvarende sikkerhet for å sikre at forpliktelsene som følger av tillatelsen, herunder avslutnings- og etterdriftsproseduren som kreves etter § 9-15, kan oppfylles»

Vidare seier forskrifta § 9-10 (2) at «samtlige kostnader til anlegg og drift av et deponi skal dekkes ved den prisen som den driftsansvarlige krever for deponering av avfall på deponiet. Dette gjelder også kostnaden ved finansgarantien eller tilsvarende sikkerhet som nevnt i første ledd og anslåtte kostnader ved avslutning og etterdrift av deponiet i en periode på minst 30 år.»

##### **Rettleiar - berekning av kommunale avfallsgebyr<sup>45</sup>**

I kap. 5.4 i rettleiaren står det at forureiningslova byggjer på prinsippet om at «forurenser betaler». I dette ligg det at forbrukarane i dag av renovasjonstenestene også skal betale for det framtidige oppryddingsarbeidet som er knytt til innsamla avfall. Denne forpliktinga skal klassifiserast som avsetning til etterdriftsfond (bunden fond).

Det kjem vidare fram av rettleiaren at for avslutning og etterdrift av deponi, som har mottatt hushaldningsavfall eller avfall som tidlegare var omfatta av definisjonen «forbruksavfall», skal dei kostnadene som er berekna til dette verte dekkja av avsett etterdriftsfond.

#### 5.1.2 Data

IHM har sitt avfallsdeponi på Bjørkemoen på Voss. Det fyrste deponiet vart etablert kring 1980 og ein nyare del vart tatt i bruk i 1996/97. Deponiet til IHM ligg i nær tilknytning til eit verna vassdrag, og det er i den samanheng stilt strenge krav til sikring av deponi og reinsing av sigevatn.<sup>46</sup> Av årsmeldinga til IHM for 2018 går det fram av diagram på side 7 at deponi står for 42 % av hushald- og næringsavfallet i 2018. I følge dagleg leiar er ordinært avfall til deponi redusert kraftig, og seier vidare at avfall til deponi skal auka når forståing av kva som er forureina massar vert betre ute mellom kundane. Mengder til deponi kan verte redusert dersom det vert aktuelt med gjenvinning av deponivarer.

---

<sup>45</sup> Miljødirektoratet (M-258/2014), Veileder: beregning av kommunale avfallsgebyr – utdypning av avfallsforskriften kapittel 15

<sup>46</sup> Referat frå styremøte IHM 26.03.2014

Anlegget fekk nytt driftsløyve i år 2009, og har både deponering, gjenvinning og mellomlagring av avfall.<sup>47</sup>

Løyvet som vart gitt i 2009 omfattar også «følgjande aktivitetar som verksemda har i dag:

- omlastingshall for hushalds- og næringsavfall
- komposteringsanlegg for hage- og parkavfall
- kverning av trevirke
- sorteringsplass for avfallskontroll og blanda avfallsfraksjonar
- mellomlager av utsortert avfallsfraksjonar
- gjenbruksstasjon for hushald og næringsverksemd

I tillegg kvernar verksemda restavfall. Dette er alle aktivitetar som dei siste åra har fått strengare krav til handtering. IHM Bjørkemoen må derfor søkje om endra løyve for alle aktivitetane sine med unntak av deponi. Når søknaden er behandla vil alle aktivitetar og krav knytt til aktivitetane, med unntak av deponidrift, bli slått saman med løyve til farleg og smittefarleg avfall. IHM på Bjørkemoen vil då ha eitt dokument som omfattar løyve med vilkår til deponidrift og eitt dokument som omfattar løyve til drift av avfallsanlegg med alle dei andre aktivitetane verksemda har på Bjørkemoen.»<sup>48</sup>

I løyve<sup>49</sup> gitt av Fylkesmannen i 2009 står det at verksemda skal ha ein tilfredsstillande finansiell garanti eller anna tilsvarande sikkerheit for deponiet. Vidare står det at Fylkesmannen skal orienterast om garantiens form og storleik innan 1.1.2010.

Revisjonen har motteke e-postkorrespondanse frå november 2011 mellom IHM og Fylkesmannen. I e-post frå IHM til Fylkesmannen, knytt til orientering om den finansielle garantien, opplyse IHM om at «det vert oppretta ein eigen bankkonto som kvart år vert tilført det beløp som er nødvendig å setje av i forhold til berekningar. Nødvendig beløp er rekna til 1 mill. kroner årleg.» Vidare i e-post til Fylkesmannen skriv IHM at styret har gjort vedtak om å etablere ein eigen konto til slik avsetjing, «kontoen vert tilført 4 mill. kroner i 2010 og deretter 1 mill. kroner årleg.»

I svar frå Fylkesmannen 23.11.2011 kjem det mellom anna fram at Fylkesmannen ikkje har teke stilling til om det beløpet IHM opplyser er sett av til etterdrift er «tilfredsstillande finansiell garanti» jf. avfallsforskrifta § 9-10. Om dette skriv dei følgjande i svaret sitt; «Dette ønskjer vi ikkje å gjer no, sidan det er varsla revidering av rettleiaren og nye malar for kravstilling til dette i utsleppsløyva. KLIF<sup>50</sup> opplyser også at dette blir eit tema på vår felles fagsamling i mars. Vi vil derfor komme nærmare tilbake til dette når rettleiaren er oppdatert og vi har gjennomgått det med KLIF i mars. Vi tar derfor

---

<sup>47</sup> Miljørapport 2017: IHM sit avfallsmottak, Bjørkemoen – Voss, s.7.

<sup>48</sup> Fylkesmannen i Hordaland (21.09.2018): Løyve til mottak og lagring av farleg avfall og smittefarleg avfall for Indre Hordaland Miljøverk IKS, s. 4.

<sup>49</sup> Fylkesmannen i Hordaland (29.06.2009): Løyve etter forureiningslova til Indre Hordaland Miljøverk IKS for deponering og mellomlagring av avfall på Bjørkemoen i Voss kommune

<sup>50</sup> Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) og direktoratet for naturforvaltning (DN) vart 1.juli 2013 slått saman til ein stor fagetat – Miljødirektoratet.

opplysningane om den finansielle garantien for deponiet på Bjørkemoen til orientering, jamfør kravet i gjeldande utsleppsløyve.» Revisjonen har i juni 2019 vore i kontakt med Fylkesmannen og fått tilbakemelding på at det ikkje er gjeve noko oppdatert tilbakemelding etter fagsamlinga i KLIF i mars 2012 som er journalført hjå Fylkesmannen.

IHM har fond som er øyremerkta til etterdrift av deponi og det vert sett av 1 mill. kroner kvart år. I styret si årsmelding for 2018 står det følgjande: «jf. Forskrift om deponering av avfall, vert det stilt krav til vedlikehald, overvaking og kontroll i etterdriftsfasen. Etterdriftsfasen vert rekna til ein periode på minst 30 år. IHM har per 31.12.18 sett av 10,5 mill. kroner til etterdrift».

I note 11 i rekneskapen til IHM for 2018 står det at det er krav om å stille finansiell garanti for etterdrift. Vidare kjem det fram at det er oppretta ein eigen bankkonto til dekning av etterdriftskostnader. Ved utgangen av 2018 står det 9,69 mill. kroner (inkl. renter) på denne bankkontoen. Økonomisjef har seinare opplyst at det våren 2019 vart satt inn 1 mill. kroner og at det til hausten vil bli satt inn ytterlegare 1 mill. kroner på denne bankkontoen.

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt gjennomførte i byrjinga av året 2019 ei verdivurdering av IHM på oppdrag frå Ullensvang kommune. Formålet med verdivurderinga var å kunne gi fellesnemnda i Ullensvang kommune innsikt i kva økonomiske konsekvensar det kan vera å tre ut av ei etablert renovasjonsordning for noverande Ullensvang herad og Jondal kommune. I forbindelse med verdivurderinga vart det gjort ei berekning av etterdrift av deponi. Berekninga vart gjort av dåverande dagleg leiar, og den tok utgangspunkt i tre hovudområde; reinseanlegg sigevatn, gassanlegg og overvannsanlegg. Antatt årleg kostnad ved bruk av dagens reinseteknologi vart berekna til 2,21 mill. kroner. For berekning, sjå oversikt nedanfor.

**Etterdrift av deponi ved IHM Bjørkemoen.**

Bjørkemoen, 30.01.2019

Oppsettet er basert på 3 hovedområder: Renseanlegg sigevatn, Gassanlegg og Overvannsanlegg.

**Årlig kostnad renseanlegg sigevatn**

|                                              |            |                  |
|----------------------------------------------|------------|------------------|
| Syre                                         | kr.        | 150.000          |
| Vask A og C                                  | kr.        | 250.000          |
| Filter                                       | kr.        | 20.000           |
| Rohib                                        | kr.        | 60.000           |
| Strøm                                        | kr.        | 200.000          |
| Membran (pr. 5 år)                           | kr.        | 150.000          |
| Service årlig                                | kr.        | 100.000          |
| Vakt/drift manntimar                         | kr.        | 250.000          |
| Drift/vedlikehold bygning og infrastruktur   | kr.        | 250.000          |
| Dokumentasjon/Analysar/rapportering/geologar | kr.        | 300.000          |
| Avskrivning (gjenstår 10 år?)                | kr.        |                  |
| <b>Ca. sum år</b>                            | <b>kr.</b> | <b>1.730.000</b> |

**Årlig kostnad gassanlegg**

|                          |            |                |
|--------------------------|------------|----------------|
| Drift/vedlikehold        | kr.        | 180.000        |
| Service 2 ggr pr år      | kr.        | 50.000         |
| Avskrivning (gjenstår ?) | kr.        |                |
| <b>Ca. sum år</b>        | <b>kr.</b> | <b>230.000</b> |

**Årlig kostnad overvannsanlegg**

|                         |            |                |
|-------------------------|------------|----------------|
| Drift/vedlikehold       | kr.        | 200.000        |
| Slamfjerning/røyspyling | kr.        | 50.000         |
| <b>Ca. sum år</b>       | <b>kr.</b> | <b>250.000</b> |

**Antatt årlig kostnad ved bruk av dagens renseteknologi      kr. 2.210.000,- årleg.**

Antatt kostnad pr år dersom ein kan bruka enklare renseanlegg med kummar/utfelling. Kostnaden kan reduserast med ca. 1 mill årlig. Då kjem det utgift med etablering av slikt anlegg på ca.1-2 mill. Dette har lang levetid, treng lite tilsyn og billig i drift. Dette avheng sjølvsagt på kvaliteten på sigevatn og kva milømyndigheitene aksepterar av metode.

Geir Mo

IHM har frå år 2000 hatt bruksrett til deponiformål på Bjørkemoen. Rettane vart erverva ved ekspropriasjon. Ekspropriasjonen gav IHM bruksrett over deponiområdet fram til 2059. Voss kommune vedtok i møte 16.03.2017 (sak 15/17) ny detaljreguleringsplan for avfallsmottaket på Bjørkemoen. Det kjem fram av reguleringsplanen at «føremålet med planen har vore å legge til rette for auka plasskrav knytt til drift og etterdrift. Planen vil og sikre funksjonelle føremålsgrenser for alle involverte partar. Planframlegget legg ikkje til rette for nye verksemdar, berre for utviding av miljøverket. Dette vil ikkje

generere auke i trafikk til og frå, men meir areal vert nytta til deponi.»<sup>51</sup> Med bakgrunn i reguleringsplanen har partane (Bjørke Sandtak AS og IHM) forhandla fram forslag til avtale om leige av areal. I denne avtalen inngår areal til leige for deponi. Leigetida er i avtalen satt fram til 31.12.2059. Etter tidspunkt for avtalen sin slutt skal IHM ha rett til etterdrift. Revisjonen har fått opplyst at endeleg avtale ikkje er ferdigbehandla av IHM. Det er lagt opp til at avtalen skal signerast av styret til IHM i august 2019.

### 5.1.3 Vurdering og konklusjon

I følge avfallsforskrifta § 9-10 (1) er det krav om at deponi skal ha «tilfredsstillande finansiell garanti». Dette kjem også fram av gjeldande løyve frå 2009, kor det står at verksemda skal ha ein tilfredsstillande finansiell garanti eller anna tilsvarande sikkerheit for deponiet. Vidare i løyvet kom det og fram at Fylkesmannen skulle orienterast om garantien sin form og storleik. Som det kjem fram av datadelen ovanfor vart Fylkesmannen orientert om at ein årleg skal setja av 1 mill. kroner til etterdrift av deponi. Fylkesmannen har teke opplysningane om den finansielle garantien for deponiet på Bjørkemoen til orientering, jamfør kravet i gjeldande løyve punkt 9.

IHM har frå år 2000 hatt bruksrett til deponiformål, desse rettighetene vart erverva ved ekspropriasjon. Med bakgrunn i ny detaljreguleringsplan frå 2017 for avfallsmottaket på Bjørkemoen har Bjørke Sandtak AS og IHM forhandla fram avtale om leige av areal, her også område til deponi. Avtalen er foreløpig ikkje signert. Avtalen er viktig for IHM for å sikre deponiareal for framtidig drift. Dersom avtalen vert signert slik det no ligg an, vil selskapet kunne ha drift fram til og med 31.12.2059. Etter denne perioden har dei i følge avtalen rett til etterdrift. Det vil sei at selskapet kan ha 40 år med ordinær drift og deretter ein periode med etterdrift.

Datadelen visar berekning av etterdrift gjort av tidlegare dagleg leiar<sup>52</sup>. Med utgangspunkt i berekninga har revisjonen sett opp følgjande to alternativ:

|                                                                            |           |            |                   |  | 2018             | Rest/avvik |
|----------------------------------------------------------------------------|-----------|------------|-------------------|--|------------------|------------|
|                                                                            |           | estimert   | år                |  |                  |            |
| alt1)                                                                      |           | årskostnad |                   |  | Oppspart på fond |            |
| Dagens teknologi                                                           | 2 210 000 | 30         | 66 300 000        |  | -10 480 996      | 55 819 004 |
| alt 2)                                                                     |           |            |                   |  |                  |            |
| enklare renseanlegg                                                        |           |            |                   |  |                  |            |
| med kumm og utfelling                                                      | 1 210 000 | 30         | 36 300 000        |  |                  |            |
| Investeringer engangsbel                                                   | 2 000 000 |            | 2 000 000         |  |                  |            |
|                                                                            |           |            | <u>38 300 000</u> |  | -10 480 996      | 27 819 004 |
| Kostnader ved avskrivninger av anlegg er ikkje tatt med i beregningen her. |           |            |                   |  |                  |            |

<sup>51</sup> Kommunestyremøte Voss 16.03.2017, sak 15/17: Detaljreguleringsplan avfallsmottak Bjørkemoen, IHM. 2. gongs handsaming, endeleg godkjenning.

<sup>52</sup> Fram til og med januar 2019



IHM har per 31.12.2018 avsett 10,5 mill. kroner. Med utgangspunkt i dei to alternativa ovanfor har selskapet ein gjenståande restsum med alternativ 1 på 55,8 mill. kroner og alternativ 2 på 27,8 mill. kroner. IHM avset årleg 1 mill. kroner til etterdrift. Med ein periode på 40 år igjen med ordinær drift før etterdriftsfasen, med årleg avsetning på 1 mill. kroner i samsvar med plan, meiner revisjonen at selskapet ligg godt an i forhold til vår forståing av kva som vil vera tilfredsstillande finansiell garanti. Om desse føresetnadane vert innfridd synes det å vera avsett tilstrekkeleg til 30 års etterdrift. Denne vurderinga er gjort under føresetnad av at selskapet er i drift ut leigeperioden til år 2059 og at det vert avsett 1 mill. kroner årleg i bank.

## 6 Følgjer selskapet opp selskapsavtalen og andre føringar frå eigarane?

### 6.1 Revisjonskriterium

**Selskapsavtalen for IHM** (sist endra i representantskapet 29.04.2014)

§ 2 Føremålet med selskapet er:

1. «Innsamling og transport av avfall.
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for restavfall.
3. Bygging og drift av innsamlingssystem, mottak og anlegg for gjenvinning i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande nasjonale og strategiske mål i avfallspolitikken.
4. Å vere ein seriøs aktør med tillit i marknaden. Forvaltningsoppgåvene skal ivaretakast på ein slik måte at kommunane får sine oppgåver løyste i samsvar med lovverket, og slik at brukarane opplever tilbodet som meningsfylt.  
Selskapet vil arbeide for avfallsreduksjon og effektiv forvaltning.  
I eit breiare perspektiv vil selskapet samarbeide med aktuelle aktørar for å vidareutvikle dei naturlege ressursane i regionen.
5. Selskapet kan delta i eller eiga selskap med beslekta føremål.»

### § 6 Representantskapet

Selskapet sitt øvste organ er representantskapet. Representantskapet skal ha 15 medlemmer. Kvar av deltakarkommunane skal ha representasjon i representantskapet. Voss skal ha fem representantar og dei andre kommunane skal ha to representantar kvar.

Det går fram av selskapsavtalen kva oppgåver representantskapet skal ha. Dei skal mellom anna handsame selskapet si årsmelding og rekneskap, budsjett, økonomiplan og andre saker som etter lov eller selskapsavtalen skal handsamast av representantskapet.

Representantskapet skal også handsame:

- «framlegg frå styret til endringar i gebyrregulativet.
- fullmakter til styret
- val av leiar i representantskapet (annakvart år)
- val av medlemmer og varamedlemmer til styret
- val av leiar og nestleiar i styret
- val av valnemnd
- val av revisor, fastsetjing av godtgjersle til revisor, medlemmene av representantskapet og styret.
- framlegg om endring av selskapsavtalen for selskapet til eigarkommunane

## § 7 Styret

Forvaltninga av selskapet høyrer inn under styret. Styret skal syte for at «selskapet til ei kvar tid har ei teneleg organisering og sjå til at selskapet til ei kvar tid vert driven i samsvar med lov, selskapsavtalen, selskapet sitt årsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapet. Styret skal sørge for at bokføring og formuesforvaltninga er under betryggande kontroll.»

Styre- og varamedlemmer skal bli valde av representantskapet for to år om gongen, medan styreleiar og nestleiar skal bli valde for eitt år om gongen.

Styret skal førebu saker til representantskapet og kome med framlegg til vedtak.

## § 8 Lånegjeld

Selskapet kan ta opp lån innafor ei samla gjeldsramme på 35 mill. kroner. «Dersom summen av samla lånegjeld kjem over 35 mill. kroner ved nye låneopptak, må låneopptaket godkjennast av medlemskommunane.»

## 6.2 Data

### Representantskapet

Revisjonen har motteke og gjennomgått protokollar frå representantskapsmøta til IHM i 2018 og 2019. Revisjonen har også delteke på nokon av representantskapsmøta. Det går fram av protokollane at representantskapet har 15 medlemmer; fem medlemmer frå Voss og dei andre kommunane har to medlemmer kvar.

Revisjonen ser av møteprotokollane at det har vore gitt orienteringar frå leiinga. I 2018 har mellom anna driftssjef orientert om sorteringsløysing for hytteområdet i Jondal. Orienteringa kom som følge av at det i representantskapsmøte i november 2017 vart etterlyst tilrettelegging for betre sortering for hytteområdet i Jondal kommune. Vi ser og av protokollar at dagleg leiar, styreleiar, økonomisjef og miljørådgivar har hatt orienteringar i møta. Økonomisjef har mellom anna presentert talmateriale i budsjettet. I forbindelse med handsaming av årsrekneskapen for 2018 vart rekneskapen gjennomgått av styreleiar / fungerande dagleg leiar.

Av innkalling og protokollar frå møte ser vi at saker som har vore oppe i representantskapet er:

- Godkjenning av årsmelding og rekneskap
- Val av nye styremedlemmer og varamedlemmer for 2018 – 2020.
- Val av styreleiar og nestleiar (for eit år)
- Val av valnemnda (for eit år)
- Val av revisor og fastsetting av godtgjersle til revisor.
- Val av representantskapsleiar
- Gebyrforskrifta og innsamlingsforskrifta 2019
- Økonomisjef har orientert om økonomirapportar frå selskapet og lagt fram budsjett og økonomiplan for 2019 - 2024.

### **Styret**

Revisjonen har også motteke og gjennomgått protokollar frå styremøta til IHM i 2018 og 2019. Revisjonen har også delteke på nokon av styremøta. På alle styremøta har dagleg leiar ei orientering om den daglege drifta ved IHM. Ved behov har også andre nøkkelpersonell, som økonomisjef, driftssjef og leiar for næring, ei orientering kring tema som har med deira ansvarsområde.

Økonomisjef var mellom anna til stades på styremøte for å orientera om nye innkjøpsrutinar som vart sett i verk hausten 2018. Økonomisjef er også med i møte når budsjett, årsrekneskapen og årsmeldinga vert lagt fram for styret.

Revisjonen si oppfatning gjennom deltaking på representantskapsmøte er at styreleiar har fungert som sekretær for representantskapet, med førebuing av saker.

Revisjonen har blitt gjort kjent med at det er utarbeida eit eige skriv frå eigarane med oversikt over kvar dei enkelte styre- og representantskapsmøta skal haldast (rullering av plass).

### **Lånegjeld**

Det går fram av årsrekneskapen at IHM per 31.12.2018 har 12,9 mill. kroner i langsiktig gjeld.

Av protokoll frå styremøte i februar 2019 står det at «finansiering av flislager og utvida deponi er godkjent av Kommunalbanken<sup>53</sup>. I 2019 er det totalt tatt opp eit nytt lån på 13 mill. kroner, dette i samsvar med styrevedtak 13.12.2018. Den langsiktige gjelda er dermed auka til totalt 25,9 mill. kroner per juni 2019.

## **6.3 Vurdering og konklusjon**

### **Representantskapet**

Etter gjennomgang av protokollar frå representantskapsmøte, samt deltaking i møta meiner revisjonen at representantskapet oppfyller krava som går fram av selskapsavtalen § 6 knytt til medlemmer frå deltakarkommunane og kva saker representantskapet skal handsame. Det kjem også fram av protokoll at representantskapet får orientering frå leiinga om relevante tema. Revisjonen sitt inntrykk, gjennom deltaking i møta, er at det har vore gitt gode orienteringar frå leiinga.

### **Styret**

Det er revisjonen si oppfatning at styra vert godt orientert om drifta i selskapet gjennom orienteringar frå dagleg leiar og andre nøkkelpersonell. Vi meiner derfor at styret har eit godt utgangspunkt for å handsama oppgåve si, slik det kjem fram av selskapsavtalen § 7.

---

<sup>53</sup> Referat frå styremøte IHM 12.02.2019, sak 15/19

**Lånegjeld**


I selskapsavtalen står det at «dersom summen av samla lånegjeld kjem over 35 mill. kroner ved nye låneopptak, må låneopptaket godkjennast av eigarkommunane». IHM har per 31.12.2018 12,9 mill. kroner i langsiktig gjeld. Det vart gjort eit nytt låneopptak i fyrste halvår av 2019 på 13 mill. kroner og selskapet har per juni 2019 ei langsiktig gjeld på 25,9 mill. kroner. Samla lånegjeld er under 35 mill. kroner og godkjenning av eigarkommunane er derfor ikkje nødvendig.

Revisjonen er ikkje kjent med at det føreligg andre føringar frå eigarane utanom det som kjem fram av selskapsavtalen til IHM og oversikt over rullering av kvar styre- og representantskapsmøta skal haldast.

## 7 Korleis følgjer selskapet opp dotterselskap / tilknytta selskap?

IHM har 50 % eigardel i Hordaland Bioenergi AS (HBio). Hordaland Bioenergi vart stifta 24.06.2011. Ved stiftinga var det tre eigarar; Voss Energi AS, IHM og Voss Bioenergi AS. I mars 2013 overtok Voss Energi og IHM Voss Bioenergi sine aksjar og eig i dag 50 % kvar.

HBio har tre dotterselskap; HBio Varmesentral Framnes AS, HBio Varmesentral Myrkdalen AS og HBio Vossevangen Fjernvarme AS. I tillegg eig selskapet 50 % av HBio Varmesentral Skulestad AS saman med Ringerike Bioenergi AS.<sup>54</sup>



FIGUR 7.1 HORDALAND BIOENERGI AS – OVERSIKT DOTTERSELSKAP OG TILKNYTTA SELSKAP

<sup>54</sup> Investerings- og finansieringsplan HBio 2018 – 2020

## 7.1 Revisjonskriterium

Dette temaet er av beskrivande karakter og er ikkje målt opp mot nokre konkrete revisjonskriterium.

## 7.2 Data

### 7.2.1 Formålsparagrafen i selskapsavtalen

Eigarskapet som IHM har i HBio heng mellom anna saman med ein av formålsparagrafane i selskapsavtalen (punkt 4) til IHM, kor det står at «i eit breiare perspektiv vil selskapet samarbeide med aktuelle aktørar for å vidareutvikle dei naturlege ressursane i regionen.»

Hordaland Bioenergi sitt vedtektsfesta formål er «å produsera bioenergi basert på lokale råvarer. Utbygging av varmesentralar og drift av varmesentralar. Selskapet kan drive anna verksemd som har naturleg samanheng med dette<sup>55</sup>.» På selskapet si heimeside står det at selskapet skal bidra til «framtidretta ressursutnytting og lokal verdiskaping gjennom auka hogst og inntening for lokale skogeigarar. Selskapet skal vera ein føretrekt samarbeidspartnar i samband med bygging og drift av varmesentral, samt produksjon og levering av kvalitetsflis».

IHM får inn ein del returtrevirke, og det har vore ein plan at flisar frå IHM skal nyttast. IHM har arbeidd med å få vekk meir spikar på flisene slik at dei kan nyttast, og det er investert i ei kvern med magnet. Både IHM og HBio har miljøprofil som fellesnemnar.

IHM har to representantar som sit i styret til HBio. I protokoll frå styremøte til IHM 08.05.2019 kjem det fram at det vart gjort følgjande vedtak: «Styret i IHM vedtok følgjande representasjon i Hordaland Bioenergi AS sitt styre frå komande generalforsamling: Jon Grønsberg som nytt styremedlem og attval på Marta Tveit som styremedlem.» På generalforsamlinga til HBio 05.06.2019 vart tidlegare dagleg leiar i IHM erstatta som styremedlem med ny dagleg leiar i IHM.

Gjennom styreverv i HBio held både dagleg leiar og styremedlem i IHM seg oppdatert på kva som røre seg i selskapet. Dagleg leiar orientere styret i IHM jamleg om selskapet. I tillegg har Hordaland Bioenergi årleg ei orientering til styret i IHM. Gjennom styrearbeidet får ein anledning til å følgje opp at selskapet driv innanfor formålsparagrafen.

---

<sup>55</sup> Brønnøysundregisterene

## 7.2.2 Økonomisk drift

Tabellen nedanfor visar ei oversikt frå rekneskapen til HBio for 2018.

| <b>Hordaland Bioenergi AS</b>             | <b>31.12.2018</b> | <b>31.12.2017</b>                  |                                |
|-------------------------------------------|-------------------|------------------------------------|--------------------------------|
| <b>Driftsrekneskap</b>                    |                   |                                    |                                |
| Driftsinntekter                           | 2 514 172         | 2 025 550                          |                                |
| Driftskostnader                           | 2 620 319         | 1 867 706                          |                                |
| Årsresultat                               | -110 593          | 167 626                            |                                |
|                                           |                   |                                    |                                |
| <b>Balanse</b>                            |                   |                                    |                                |
| Anleggsmidler                             | 11 205 155        | 8 967 400                          |                                |
| Omløpsmidlar                              | 11 139 528        | 7 522 725                          |                                |
| Eigenkapital                              | 20 847 821        | 15 958 414                         |                                |
| Gjeld                                     | 1 496 862         | 531 711                            |                                |
|                                           |                   |                                    |                                |
| <b>Dotterselskap og tilknytta selskap</b> | <b>Eigarandel</b> | <b>Eigenkapital per 31.12.2018</b> | <b>Resultat per 31.12.2018</b> |
| Hbio Varmesentral Myrdalen AS             | 100 %             | -670 862                           | 190 154                        |
| Hbio Varmesentral Framnes AS              | 100 %             | 666 336                            | 104 218                        |
| Hbio Vossevangen Fjernvarme AS            | 100 %             | 1 920 959                          | -86 785                        |
| Hbio Varmesentral Skulestad AS            | 50 %              | 475 463                            | -62 093                        |

TABELL 7.1 OVERSIKT REKNESKAPTAL FOR HBIO MED DOTTERSELSKAP / TILKNYTTA SELSKAP 2018<sup>56</sup>

Selskapet er i ein utbyggingsfase. Foreløpig har det ikkje vore noko overskotsprosjekt. HBio har gjennom dotterselskapet HBio Vossevangen Fjernvarme etablert fjernvarme på Vangen. Det er bygd flisfyringsanlegg på Gjernes. Anlegget varmar mellom anna opp Voss Gymnas og Vossabadet. Det har vore utfordringar knytt til framføring av fjernevarmerør og ulike trasear har vore undersøkt. I investerings- og finansieringsplan HBio 2018-2020 står det at «prosessen knytt til å finna alternative løysingar har vore krevjande med omsyn på framdrift og kostnader. Uansett alternativ vil ei risikovurdering med omsyn på Vossevangen vassverk krevje grunnvassbrønnar for å vera basert på ei fagleg vurdering. Det har ikkje så langt latt seg gjera å framskaffa den informasjon som konsulentane ynskjer, og Voss kommune har så langt sagt nei til å utføra naudsynt boring som ville gitt mykje av den aktuelle informasjonen.» For ytterlegare informasjon om saksgangen visar vi til eit notat som revisjonen har utarbeida for kontrollutvalet på Voss.<sup>57</sup>

<sup>56</sup> Årsregnskap for 2018 Hordaland Bioenergi AS

<sup>57</sup> Kontrollutvalet på Voss, møte 25.06.2019, sak 41/19: Notat – Byggesak: grøfterase for varmerør Hordaland Bioenergi



Når det gjeld potensial for varmesal på Vangen står det i investerings- og finansierungsplan HBio 2018-2020 at «varmesalet i fjernvarmnettet på Vangen har eit større potensiale enn utløyst. Ein av utfordringane har vore at fleire av Voss kommune sine bygg, som ein hadde forventa å få kopla på, ikkje har kome endå. Ei aktuell utviding av nettet på Vangen vil også vera å utvida nettet mot sjukehuset. Helse Bergen er svært interessert i at sjukehuset vert kopla til fjernvarmenettet.» Selskapet har også prosjekt gjennom dotterselskapa knytt til å byggje opp att varmesentralen på Framnes og utvidingar i Myrkdalen.

Tidlegare dagleg leiar<sup>58</sup> i IHM seier at HBio må opp i eit vist volum for at det skal verta ei lønsam drift. Han har tru på at det etter 2020 vil verta ei god drift, då sjukehuset koplar seg på. HBio har ein intensjonsavtale med Helse Bergen om levering av varme til sjukehuset på Voss. Fleire sentrale bygg på Vangen har også planar om å kopla seg på. Vidare seier han at selskapet er optimistiske og reknar med at frå neste år vil dei gå i balanse, og at dei på sikt vil vera ei verksemd som går med overskot.

IHM har gjennom åra bidratt med kapital i HBio. Per 31.12.2018 har dei ytt totalt 11,8 mill. kroner til selskapet. Av styremøtereferat 28. august 2018 (sak 36 / 18) for IHM kjem det fram at dagleg leiar i HBio hadde ei orientering til styret. Det vart mellom anna orientert om investering- og finansierungsplan 2018-2020 for Hordaland Bioenergi, samt plan for tilførsel av ny kapital frå eigarselskapa. I vedtak står det at «styret i Indre Hordaland Miljøverk IKS tek Hordaland Bioenergi sin Investerings- og finansierungsplan 2018-2020 til etterretning.» Plan for tilførsel av ny kapital var følgjande:

- 2018: 5 mill. kroner, 50 % eigardel IHM = 2,5 mill. kroner
- 2019: 4 mill. kroner, 50 % eigardel IHM = 2 mill. kroner
- 2020: 3 mill. kroner, 50 % eigardel IHM = 1,5 mill. kroner

«Bakgrunnen for auke i kapitalbehov i Hordaland Bioenergi AS er auke i investering og vidare prosjektutvikling i dotterselskap, særleg fjernvarme på Vangen. Vidare framtidig utvikling vil krevja at det vert tilført ny eigenkapital.»<sup>59</sup>

Det vart vedteke i styremøte 28.08.2018 at IHM skal inn med ny kapital i Hordaland Bioenergi AS med inntil 2,5 mill. kroner. Vedtaket var basert på at Voss Energi hadde vedteke tilsvarende kapitalinnskot, noko som medførte at eigarfordelinga vart uendra (50/50%). Det kjem fram av styremøteprotokollen at den nye kapitalen skal gå til auka investering og prosjektutvikling. Vidare står det i styremøteprotokoll at selskapet planlegg å gå med overskot i løpet av tre år.

Styret i IHM følgde opp investering- og finansierungsplan 2018-2020 og vedtok på styremøte 02.02.2019 å gå inn med ny kapital med inntil 2 mill. kroner.

---

<sup>58</sup> Fram til og med januar 2019

<sup>59</sup> Investerings- og finansierungsplan HBio 2018 – 2020

På IHM sitt styremøte 12.03.2019 (sak 22/19) vart det vedteke å yte eit kortsiktig likviditetslån til Hordaland Bioenergi på 2 mill. kroner. Bakgrunnen for dette er knytt til vedteken investerings- og finansieringsplan for HBio og behov for kapitalauke i 2019. Det var ynskjeleg at rekneskapen for 2018 til HBio var ferdig før det vart innleia samtalar med banken om ytterlegare finansiering og utviding av låneramme. Det kortsiktige likviditetslånet skal styrka likviditeten til selskapet fram til ein har grunnlag for vidare finansiering avklart.<sup>60</sup> I styret sitt vedtak står det at lånet skal tilbakebetalast innan 01.12.2019 eller konverterast til eigenkapital. Føresetnaden for vedtaket var at Voss Energi yter eit tilsvarende lån.

Det kjem fram av rekneskapen til IHM for 2018 at det er føreteke nedskriving av aksjane i HBio til verkeleg verdi per 31.12.2018. Nedskrivingane var på 5,5 mill. kroner.

### 7.3 Vurdering og konklusjon

**Formålsparagraf:** Av føremålsparagrafen til HBio kjem det fram at vedtektsfesta formål er «å produsera bioenergi basert på lokale råvarer. Utbygging av varmesentralar og drift av varmesentralar. Selskapet kan drive anna verksemd som har naturleg samanheng med dette<sup>61</sup>.»

IHM har to representantar som sit i styret til HBio, dette er dagleg leiar i IHM og eit av styremedlemmene til IHM. Gjennom styreverv i HBio held både dagleg leiar og styremedlem i IHM seg oppdatert på kva som røre seg i selskapet. Dagleg leiar orientere styret i IHM jamleg om selskapet. I tillegg har Hordaland Bioenergi årleg ei orientering til styret i IHM. Gjennom styrearbeidet i HBio og ved orienteringar får ein anledning til å følgje opp at selskapet driv innanfor formålsparagrafen.

**Økonomisk drift:** IHM har jamleg bidreg med kapital til HBio. Dei har per årsslutt 2018 ytt 11,8 mill. kroner. Det kjem fram av vedteken investerings- og finansieringsplan for 2018-2020 at ytterlegare kapitalbehov kommande år er nødvendig. Auka kapitalbehov er grunna i auke i investering og vidare prosjektutvikling i dotterselskap, særskilt fjernvarme i sentrum av Voss. I tillegg vart det i 2019 vedteke at IHM skal yte eit kortsiktig likviditetslån til HBio på 2 mill. kroner.

Oppsummert meiner revisjonen at IHM har ei tilfredsstillande oppfølging av HBio knytt til formålsparagrafen og den økonomiske drifta. Dei vert oppdatert gjennom styrearbeid i HBio og har jamleg dialog med selskapet.

---

<sup>60</sup> Referat frå styremøte IHM 12.03.2019.

<sup>61</sup> Brønnøysundregisterene

## 8 Korleis vil kommunesamanslåinga i regionen påverke selskapet?

### 8.1 Revisjonskriterium

#### **Lov om interkommunale selskap**

§ 3 omhandlar deltakeransvar. Det går fram av **fyrste ledd** at den enkelte deltakar hefter uavgrensa for ein prosent- eller brøkdel av selskapet sine forpliktingar. Til saman utgjer delane selskapet si samla forplikting. Den enkelte deltakar sitt ansvar for selskapsforpliktinga svarer til deltakaren sin eigardel i selskapet med mindre anna går fram av selskapsavtalen.

§ 4 omhandlar selskapsavtalen. Her kjem det fram under fyrste ledd at vedtak om selskapsavtalen skal gjerast av representantskapet. Eit slikt vedtak krev tilslutning frå alle medlemmane av representantskapet om ikkje anna er fastsett i selskapsavtalen. Endringar i selskapsavtalen som gjeld forhold som omtalt i tredje ledd, skal skje på same måte. Forhold som er omtala i tredje ledd gjeld mellom anna «angivelse av deltakerne» (punkt nr. 2)

Lovkrava som gjeld utmelding av eit interkommunalt selskap går fram av § 30. I **fyrste ledd** står det at den enkelte deltakar kan med eitt år skriftleg varsel sei opp sitt deltakarforhold i selskapet og krevje seg løyst ut av dette. I forhold til eit eventuelt oppgjør går det fram av **tredje ledd** at «utløsningssummen fastsettes til andelens nettoverdi ved oppsigelsesfristens utløp. Utløsningssummen kan likevel ikke overstige verdien av deltakerens innskudd. Utløsningssummen skal utbetales straks. Bestemmelsen i dette ledd kan fravikes ved avtale». Av **femte ledd** kjem det fram at dersom deltakar sin andel er negativ, er dette deltakaren sitt tap som skal innbetalast, om ikkje anna er avtalt. Det kjem klart fram av **sjette ledd** at «den uttreddende deltaker fortsetter å hefte overfor kreditorene for sin andel av selskapsforpliktelsene på uttreddesetidspunktet inntil den uttreddende deltaker må anses for å være fritatt av kreditor.»

#### **Selskapsavtalen for IHM (sist endra i representantskapet 29.04.2014)**

Av § 4 i selskapsavtalen kjem det fram at «kommunane heftar uavgrensa for sin prosentdel av selskapet sine plikter»

#### **Vedtektene for IHM**

§ 11 seier noko om opptak av nye medlemmer. Det står mellom anna at vedtak om opptak av nye medlemmer kan gjerast av representantskapet med 2/3 fleirtal. Representantskapet skal fastlegge ny prosentdeling og representasjon. Vidare kjem det fram at nye medlemmer skal innbetale ein kontantsum eller aktiva av tilsvarende verdi. Denne summen skal tilsvare den nye medlemmen sin prosentvise del av selskapet sin egenkapital.

§ 12 omhandlar utmelding, og det står følgjande: «ein kommune kan med eitt års varsel seie opp medlemskapet i selskapet og krevje seg utløyst frå dette. Utløsningssummen vert fastlagt til nettoverdien

av kommunen sitt innskot når oppseiingsfristen går ut. Summen skal ikkje vere høgare enn verdien av dei midlane kommunen har innbetalt». Vidare står det at «den kommunen som går ut av selskapet, heftar framleis for den gjelda det interkommunale selskapet har på det tidspunktet kommunen går ut av selskapet».

## 8.2 Data

### 8.2.1 Endring i eigarforhold?

IHM er eit interkommunalt avfallsselskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss. Eidfjord og Ulvik vert ikkje del av noko kommunesamanslåing og eigarskap i IHM held fram som tidlegare. Voss og Granvin skal slå seg saman til ein kommune, men vil framleis halde fram med same renovasjonsordning som tidlegare. Kommunesamanslåinga mellom Ullensvang, Jondal og Odda er den som er mest relevant å sjå nærmare på under dette kapitlet. Ullensvang herad og Jondal kommune har eigarskap i og har renovasjonsordning i IHM, medan Odda kommune handterer renovasjonsordninga i eigen regi.

Saka om renovasjonsordning i Ullensvang kommune 2020 var oppe i partssamansett utval 4. desember 2018, sak 024/18. Prosjektleiар for Ullensvang kommune si innstilling var mellom anna at det bør gjerast ei grundig utgreiing om renovasjonsordninga i Ullensvang kommune, der to alternativ vert vurdert: IHM og kommunal regi. I samband med arbeidet kring renovasjonsordning for Ullensvang kommune 2020 vart det etablert ei koordinert arbeidsgruppe for eigarskap og interkommunalt samarbeid. Denne arbeidsgruppa gjennomførte dialogmøte med begge renovasjonsordningane. Arbeidsgruppa si tilråding var å utgreie dei to alternativa og henta inn naudsynt kompetanse for å samanlikna dei to ordningane.

I det partsamansette utvalet vart det fleirtal for eit framlegg frå Roald Aga Haug (Ap) om at renovasjonsordninga i Ullensvang kommune skal vera i eigen regi, og at Jondal kommune og Ullensvang herad difor må sei opp avtalen og eigarskapet i IHM innan 31.12.2018<sup>62</sup>. Følgande vedtak vart gjort<sup>63</sup>:

1. Ullensvang kommune skal ikkje vera eigar i IHM IKS.
2. Jondal kommune og Ullensvang herad sitt eigarskap vert sagt opp frå og med 31.12.2019.
3. Ullensvang kommune skal ha renovasjonsordning i eigen regi. Prosjektleiар får i oppdrag å setja i gang arbeid med renovasjonsordning og leggja fram sak innan juni 2019.
4. Oppseiing må då sendast innan 31.12.2018.

---

<sup>62</sup> Hardanger Folkeblad, 14. desember 2018: Fellesnemnda vil ha renovasjonsordning i kommunal regi

<sup>63</sup> Partsamansett utval for kommunen Ullensvang, Jondal og Odda i perioden 2017-2019. Møteprotokoll, 04.12.2018 (sak 024/18): Renovasjonsordning Ullensvang kommune 2020.

Saka om renovasjonsordning var også oppe i fellesnemnda for Ullensvang kommune 12. desember 2018. Fellesnemnda gjekk inn for at Ullensvang kommune skal ha renovasjon som ei kommunal teneste i eigen regi. Følgjande vedtak vart gjort<sup>64</sup>:

1. Ullensvang kommune skal ha renovasjon som kommunal teneste.
2. Prosjektleiar får i oppdrag å få fram, til neste fellesnemndsmøte, økonomisk oppgjør for utløysing av Jondal og Ullensvang frå IHM.
3. Det er ein føresetnad at den kommunale renovasjonsordninga i Ullensvang kommune frå 01.01.2020 skal ha eit like godt tilbod til alle innbyggjarane som i dag og at kvaliteten på avfallshandteringa og kjeldesorteringa skal bli enno betre i den felles kommunale renovasjonsordninga i heile Ullensvang kommune.

Styreleiar i IHM deltok på møte i fellesnemnda til Ullensvang kommune 08.02.2019. Vedtaket frå møte i fellesnemnda 12.12.2018 er framleis gjeldande.

Konsekvensane av ei utmelding for IHM vil vera at dei mistar ca. 4,4 tusen innbyggjarar. Ved ei utmelding av Ullensvang herad og Jondal kommune vil IHM tape 5,8 mill. kroner i årlege gebyrinntekter.<sup>65</sup>

I protokoll frå representantskapsmøte 25.04.2019 kjem det fram at styreleiar orienterte om status for utmeldinga og konsekvensar for IHM. Det er ikkje motteke utmelding frå Jondal kommune og Ullensvang herad<sup>66</sup>, men ein planlegg ut frå at utmeldinga vil gjelde frå sommaren 2021. Vidare i protokollen står det at styret vil legge fram forslag til sluttavtale med dei utmelde kommunane, som representantskapet skal ta endeleg stilling til.

Etter kommunesamanslåinga må IHM få på plass ein ny selskapsavtale.

Tidlegare dagleg leiar<sup>67</sup> i IHM seier at dei har fått førespurnad frå BIR om å hente avfall i Eksingedalen og på Dale. Dette betyr at det kan vera andre mogelegheiter for IHM. I følgje referat frå styremøte til IHM 12.03.2019 (sak 21/19) skal styreleiar kontakte Vaksdal og Aurland kommune for å kome i posisjon dersom dei skal legge avfallshandteringa ut på anbod.

---

<sup>64</sup> Fellesnemnd for kommunane Ullensvang, Jondal og Odda i perioden 2017-2019. Møteprotokoll, 12.12.2018 (sak 048/18): Renovasjonsordning Ullensvang kommune 2020.

<sup>65</sup> Referat frå styremøte IHM 12.02.2019, sak 13/19

<sup>66</sup> IHM har per juni 2019 ikkje motteke oppseiing frå Ullensvang herad eller Jondal kommune.

<sup>67</sup> Fram til og med januar 2019

## 8.2.2 Etterdrift og andre forpliktingar

Eigarkommunane gjekk totalt inn med kr 100 000 i grunnkapital ved etablering av renovasjonsselskapet i 1994.

Det er dialog mellom IHM og kommunane som skal melde seg ut, men ein har ikkje kome endeleg i mål med tanke på kva dei økonomiske konsekvensane vil verta. Det vert jobba med å fastsette nettoverdien av selskapet.

Selskapet sin nettoverdi er summen av marknadsverdien av selskapet sine eigendeler med fråtrekk av marknadsverdien av selskapet si gjeld og forpliktingar. Ein positiv nettoverdi vil vera når marknadsverdien av eigendelane har høgare verdi enn marknadsverdien av gjeld og forpliktingar, og ein negativ nettoverdi vil vera når marknadsverdien av gjeld og forpliktingar er større en marknadsverdien av eigendelar.

Som det kjem fram i kapittel 5 gjennomførte Indre Hordaland Revisjonsdistrikt i byrjinga av 2019 ei verdivurdering av IHM på oppdrag frå Ullensvang kommune, det var nettoverdien som her vart berekna. Formålet med verdivurderinga var å kunne gi fellesnemnda i Ullensvang kommune innsikt i kva økonomiske konsekvensar det kan vera å tre ut av ei etablert renovasjonsordning for noverande Ullensvang herad og Jondal kommune. I møte i fellesnemnda til Ullensvang kommune 08.02.2019 la revisor frå Indre Hordaland Revisjonsdistrikt fram verdiberekning av IHM, som tilseier at dei to kommunane som melder seg ut totalt må betale 5,4 mill. kroner til IHM. Tala som vart presentert var ikkje endelege. I følge lova skal verdsetjinga skje på tidspunkt for faktisk utmelding, jf. lov om interkommunale selskap § 30 (3); «utløsningssummen fastsettes til andelens nettoverdi ved oppsigelsesfristens utløp».

I etterkant engasjerte Ullensvang kommune revisjonsselskapet BDO for ei ny verdivurdering av IHM.<sup>68</sup> BDO skal gjere ei berekning av nettoverdien av IHM. I artikkel frå KommunalRapport står det at i følge prosjektleiar for Ullensvang kommune vil nettoverdien avgjere om Jondal og Ullensvang skal ha med seg pengar ut av selskapet eller betale for å gå ut.<sup>69</sup> Per juni 2019 har ikkje revisjonen motteke informasjon om at BDO har rapportert si vurdering av IHM sin berekna nettoverdi til Ullensvang kommune.

Verdivurderinga som revisjonsselskapa har utarbeida vil vera eit grunnlag for forhandling mellom partane knytt til verdsetting av nettoverdien i IHM.

---

<sup>68</sup> Referat frå styremøte IHM 12.03.2019, sak 21/19

<sup>69</sup> KommunalRapport (04.06.2019): <https://kommunal-rapport.no/2019/06/uklare-regler-ved-utmelding-av-interkommunale-selskaper>

### 8.2.3 Sjå på selskapsavtale i høve inn- og uttreten av kommunar i selskapet.

Selskapsavtalen til IHM regulerer ikkje innmelding av nye kommunar eller utmelding av eksisterande eigarkommunar, men det går fram av selskapsavtalen § 4 at kommunane heftar uavgrensa for sin prosentdel av selskapet sine plikter.

I samband med ei eventuell utmelding av Ullensvang og Jondal har det vore reist spørsmål rundt korleis nettoverdien av selskapet skal bereknast. IHM sin selskapsavtale seier ikkje noko om dette, den seier heller ikkje noko om korleis ein skal ordna eit økonomisk oppgjer dersom nokon av eigarkommunane vil melde seg ut. Vedtektene til IHM tek derimot opp temaet kring ei utmelding. I § 12 står det at «utløysingssummen vert fastlagt til nettoverdien av kommunen sitt innskot når oppseiingsfristen går ut. Summen skal ikkje vere høgare enn verdien av dei midlane kommunen har innbetalt». Vidare står det at «den kommunen som går ut av selskapet, heftar framleis for den gjelda det interkommunale selskapet har på det tidspunktet kommunen går ut av selskapet». Dette samsvarar med det som kjem fram av lov om interkommunale selskap § 30 tredje, femte og sjette ledd.

Når det gjeld ei eventuell innmelding av nye kommunar vert dette omtala i vedtektene til IHM under § 11.

## 8.3 Vurdering og konklusjon

### Endring i eigarforhold

Både i partsamansett utval og i fellesnemnda til Ullensvang kommune er det gjort vedtak om at Ullensvang kommune skal ha renovasjon som ei sjølvstendig kommunal teneste. Tenesta er i dag også i eigen regi, men av vedtak som no er gjort skal Ullensvang kommune drifte dette sjølv i kommunen og ikkje i eit IKS. Konsekvensen er at Ullensvang herad og Jondal kommune må sei opp avtalen dei har med IHM. Etter det revisjonen kjenner til har IHM foreløpig ikkje mottatt noko skriftleg oppseiing av avtalen frå verken Ullensvang eller Jondal. Den daglege drifta av IHM går difor soleis som normalt, men leiinga arbeidar ut i frå at dei to kommunane vil melde seg ut og ein planlegg ut frå at utmeldinga vil gjelde frå sommaren 2021.

Konsekvensane av ei utmelding for IHM vil vera at dei mistar ca. 4,4 tusen innbyggjarar. Ved ei utmelding av Ullensvang herad og Jondal kommune vil IHM tape 5,8 mill. kroner i årlege gebyrinntekter.

### Etterdrift og andre forpliktingar

Det er dialog mellom IHM og kommunane som skal melde seg ut, men ein har ikkje kome endeleg i mål med tanke på kva dei økonomiske konsekvensane vil verta. Det vert jobba med å fastsette nettoverdien av selskapet. På møte i fellesnemnda til Ullensvang kommune 08.02.2019 la revisor frå Indre Hordaland Revisjonsdistrikt fram verdiberekning av IHM, som tilseier at dei to kommunane som melder seg ut totalt må betale 5,4 mill. kroner til IHM ved ei utmelding. Ullensvang kommune har i etterkant engasjert revisjonsselskapet BDO til hjelp med berekning av nettoverdien av IHM. Per juni 2019 har IHM ikkje motteke noko ny verdivurdering.

Det er usikkerheit knytt til endeleg utfall av forhandling mellom Ullensvang kommune og IHM. Slik revisjonen tolkar regelverket skal ikkje IHM betale ut meir enn Ullensvang herad og Jondal kommune

sin del av innskote kapital om nettoforpliktinga er positiv, jf. lov om interkommunale selskap § 30 (3). Mest truleg er nettoforpliktinga negativ, noko som medfører at kommunane må betale inn til selskapet for å dekkja sin del av forpliktinga, jf. § 30 (5) og § 3 (1).

### **Selskapsavtalen i høve inn- og uttrede**

Selskapsavtalen til IHM regulerer ikkje inn- eller utmelding av kommunar, men det kjem klart fram av § 4 at kommunane heftar uavgrensa for sin prosentdel av selskapet sine plikter. For utmelding er det lov om interkommunale selskap § 30 som er gjeldande, denne samsvarar i stor grad med det som kjem fram av selskapet sine vedtekter under § 12. Når det gjeld ei eventuell innmelding av nye kommunar vert dette omtala i selskapet sine vedtekter under § 11.



# Vedlegg 1: Høyring IHM

## Høyringssvar til IHR frå IHM

Voss, 12.08.2019

### Høyringssvar på tre hovudpunkt frå selskapskontroll.

#### 1. Anskaffelse

#### 2. Personalkostnader

#### 3. Etterdrift av deponi

##### 1. Anskaffelse:

IHM sine rutiner for innkjøp og anskaffelser er revidert i 2018. Dei nye rutinane set strengare krav til kven som har rett prokura i selskapet.

**sjå vedlagt** nye rutiner



Interne rutiner for  
anskaffelser.pdf

##### 2. Personalkostnader:

Styret har observert auken i personalkostnader og gitt administrasjonen fylgjande oppgåve:

### **Kopi frå styrereferat frå styremøte 11.06.2019.**

#### *Tiltak:*

*Basert på utviklinga vist over er det naudsynt at styret ber administrasjonen legge fram forslag til mogelege tiltak for å få betre kontroll på kostnadsutviklinga. Det er spesielt dei auka personalkostnadane som må vurderast. I tillegg ser ein at driftskostnadane for innsamling, transport, avfallshandsaming og andre driftskostnader aukar monaleg i høve auke i omsetnad.*

#### *Forslag til vedtak:*

*Styret diskuterte den negative utviklinga innan personal- og driftskostnader, og ber administrasjonen foreslå kostnadsreduserande tiltak, herunder organisering av selskapet.*

*Vurderingar må gjerast uavhengig om eigarkommunar trekkjer seg ut av IHM. Styret ber også administrasjonen lage ein fleirårig plan på omsetnad, kostnader og likviditet. Administrasjonen legg fram eit forslag til kostnadsreducerande tiltak og nemnde planar på styremøtet 24. september 2019.*

### **3. Etterdrift av deponi:**

Etter forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) § 9 – 10 skal ethvert deponi ha tilfredsstillende finansiell garanti eller tilsvarende sikkerhet for å sikre at forpliktelse som følge av tillatelsen, herunder avslutning og etterdriftsproseduren som kreves etter § 9 - 15.

- IHM sitt avfallsmottak ble etablert i 1980. IHM overtok driftsansvaret i 1996 og konsesjonen fra Voss Kommune i 1999.
- Etter ekspropriasjon i 1999 har IHM bruksrett over deponiområdet fram til 2059. IHM regner med deponi fram til 2059. Etterdriftsperiode blir fra 2059 til ca. 2070.
- Det er sett av i overkant av MNOK 10,9 til avslutning og etterdrift av deponidelen.
- Det ble opprette en egen bankkonto som hvert år blir tilført det beløpet som er nødvendig å sette av. Konto blir tilført ca. MNOK 1,0 årlig. Renteinntektene blir stående i fondet.
- Etterdriftsbankkonto er sperret og pantsatt til fordel for Fylkesmannen.
- I rapporten, under kapittel 5.1.3, vert det vist til to alternativ for etterdrift; alternativ 1 med dagens teknologi og alternativ 2 med eit enklare reinseanlegg med kummar / utfelling. IHM har valt å gå for alternativ 1, dagens teknologi, då det stiller seg for mykje usikkerheit rundt alternativ 2.

## Interne rutiner for anskaffelser

|                           |                                                                                                                                                                      |
|---------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Hva beskrivelsen omfatter | Rutinen omfatter kjøp av alle varer og tjenester fra et registrert firma med organisasjonsnummer.                                                                    |
| Mål                       | Innkjøpsrutinen skal sikre kvaliteten og kontrollen av innkjøpene i IHM                                                                                              |
| Styrende dokumenter       | Retningslinjer for innkjøp, lov om anskaffelse (Lov av 16. juli 1999 nr. 69) og forskrift om offentlige anskaffelser (fastsatt ved kgl. res. 7. april 2006 nr. 402). |
| Ansvarlig                 |                                                                                                                                                                      |

### Innledning

Denne rutinen er utarbeidet i henhold til lov om offentlige anskaffelser og bestemmelser om økonomistyring i staten. Innkjøpsrutinen skal sikre kvaliteten og kontrollen av innkjøpene i IHM, samt bidra til å øke kvaliteten av regnskapet. Rutinen omfatter inngåelse av avtaler og kjøp av alle varer og tjenester fra et registrert firma med organisasjonsnummer.

Rutinen omfatter ikke innleid personell som skal lønnes av IHM som vanlig lønsmottaker. Rutiner omfatter foreløpig ikke utenlandske leverandører eller refusjon av utgifter til personer og ansatte.

## 1. Vurdere behov og foreta bestilling

| Aktivitet                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Utføres av |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------|
| <b>1.1 Utøve budsjettdisponering</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Før bestilling har den som utøver sin budsjettansvarlig ansvaret for å: <ul style="list-style-type: none"> <li>påse at anskaffelsen er i overensstemmelse med gjeldende lover og regler</li> </ul> </li> </ul> |            |

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |  |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>o påse at det er budsjettmessig dekning for anskaffelsen</li> <li>o påse at anskaffelsen er økonomisk forsvarlig</li> </ul> <p><b>1.2 Delegere bestillingsrett</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Den som har budsjettansvar har automatisk rett til å bestille varer og tjenester og kan delegere denne bestillingsretten videre til andre tilsatte.</li> <li>• Delegering av bestillingsrett skal gjøres skriftlig i form av en fullmakt og skal inneholde:             <ul style="list-style-type: none"> <li>- beløpsgrense</li> <li>- innkjøpsomfang</li> <li>- type vare/tjeneste</li> </ul> </li> <li>• Det skal føres oversikt over alle som har bestillingsrett i IHM</li> </ul> |  |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |                                                                                     |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------|
| <p><b>1.3 Innkjøpsprosedyre</b></p> <p>Innkjøpsprosedyre avhenger av anskaffelsens verdi.</p> <p>Bestiller plikter å foreta en forsvarlig vurdering av anskaffelsens verdi for å vurdere om anskaffelsen kommer over eller under de aktuelle terskelverdiene</p> <p>Uansett anskaffelsens verdi skal bestiller kontrollere om det finnes en rammeavtale som varen eller tjenesten kan bestilles under.</p> <p>En oversikt over IHM rammeavtaler skal finnes tilgjengelig på IHM sine interne sider (Landax). IHM (bestiller) er ansvarlig for vedlikehold av alle rammeavtaler.</p> <p>Hvis det ikke eksisterer en rammeavtale og anskaffelsens verdi er under kr 100.000,-: Anskaffelsen skal så langt det er mulig være basert på konkurranse, og det skal innhentes tilbud fra flere leverandører. budsjettansvarlig <u>kan</u> kobles inn.</p> <p>Hvis det ikke eksisterer en rammeavtale og anskaffelsens verdi er over kr 100.000,-: Anskaffelsen skal være basert på konkurranse, og det skal innhentes tilbud fra flere leverandører. Innkjøpsansvarlig <u>skal</u> kobles inn.</p> | <p>Bestiller</p> <p>Budsjettansvarlig</p> <p>Bestiller</p> <p>Budsjettansvarlig</p> |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------|

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |                                                                                      |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------|
| <p>Se spesielle regler og krav i forhold til anskaffelsens verdi:</p> <p><u>Anskaffelses verdi over kr 100.000,- og under kr 500.000,-</u></p> <p><u>Anskaffelses verdi over kr 500.000,- og under kr 1.650.000,-</u></p> <p><u>Anskaffelses verdi over kr 1.650.000,-</u></p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                      |
| <p>1.4 Foreta bestilling</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle bestillinger skal bekreftes skriftlig med <u>rekvisisjon</u>. De med budsjettansvar (evt de med fullmakt) får tildelt en <b>rekvisisjonsblokk</b> med egen nummerserie.</li> <li>• Når en med budsjettansvar selv foretar et innkjøp skal vedkommende også benytte rekvisisjon (her må en annen person kontrollere bestilling og attestere).</li> <li>• Det skal føres oversikt over hvem som har hvilke blokker og nummerserier</li> <li>• Effektivering av bestillingen kan foretas av en annen tilsatt i virksomheten kun ved bruk av rekvisisjon godkjent av den med budsjettansvar og/eller fullmakt. Den med bestillingsrett er uansett ansvarlig for bestillingen.</li> </ul> <p>1.4.1 Bruk av rekvisisjon</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ved bestilling angir man at en ønsker leveranse og denne er bindende etter mottak av ordrebekreftelse fra leverandør. Bestilling skal primært gjøres via <u>netthandel, epost eller telefon</u> med bruk av IHM rekvisisjoner.</li> <li>• Attestantnummeret og kostnadsbærer som står på rekvisisjonen identifiserer personen/enheten som har budsjettansvar/fullmakt for bestillingen. Hvis det er hensiktsmessig med andre bestillingsformer som nettbestilling, mail eller telefon skal alle opplysninger fra rekvisisjonen og kostnadsbærer meddeles leverandøren. <u>Merk at attestantnummer alltid skal oppgis.</u></li> <li>• Det skal så langt det er mulig påføres kontering på rekvisisjon før bestilling effektueres.</li> <li>• Ved bestilling per telefon, internet eller mail skal dette avmerkes på bestilling med kostnadsbærer.</li> </ul> <p>1.6 Bestilling på rammeavtaler</p> | <p>Bestiller</p> <p>Bestiller</p> <p>Øk</p> <p>Bestiller/ansatt</p> <p>Bestiller</p> |

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |                            |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>Enkeltbestillinger på rammeavtaler følger samme rutine som ved vanlig bestilling</li> </ul>                                                                                                                                                                                            |                            |
| <b>1.7 Løpende avtale</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Ved inngåelse av avtaler/kontrakter er avtalen å betrakte som bestillingsdokument.</li> <li>Faktura på inngåtte avtaler skal identifiseres med kostnadsbærer i stedet for attestant eller bestiller.</li> </ul>                                              | Bestiller                  |
| <b>1.8 Bestilling av IKT-utstyr</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Ved bestilling av IKT-utstyr skal ha en skriftlig bekreftelse per rekvisisjon eller mail sendes ØK for effektivering av bestillingen på vanlig måte.</li> <li>ØK sørger for å gi resterende informasjon om bestillingen til leverandør.</li> </ul> | Bestiller<br><br>Bestiller |

## 2. Varemottak og kontroll

| Aktivitet                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | Utføres av          |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------|
| <b>2.1 Mottak av tjenester</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Ved mottak av tjenester (konsulentttjenester og andre fremmedytelser) skal det gjøres en periodevis oppfølging av tjenesten i henhold til avtale/kontrakt.</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | Bestiller           |
| <b>2.2 Mottak av varer</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Ved mottak av varer, kontrolleres følgende <u>før</u> følgeseddel eller tilsvarende dokumentasjon signeres: <ul style="list-style-type: none"> <li>Fysiske skader, herunder tegn på fuktskader</li> <li>Antall kolli</li> <li>Ved avvik skal følgeseddel påføres mangler/endringer. <ul style="list-style-type: none"> <li>Dersom varen ikke aksepteres skal bestiller varsles umiddelbart og leverandør kontaktes.</li> </ul> </li> </ul> </li> <li>Følgeseddel/varedokumentasjon arkiveres lokalt</li> <li>Varen kontrolleres i IHM til bestilling (rekvisisjon og ordrebekreftelse)</li> </ul> | Resepsjon/<br>vekta |

|                                                                                  |                                                  |
|----------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>Ved avvik varsles leverandøren</li> </ul> | Resepsjon<br>Bestiller<br>Budsjett-<br>ansvarlig |
|----------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------|

### 3. Fakturamottak og kontroll

| Aktivitet                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   | Utføres av                                                     |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------|
| <b>3.1 Fakturamottak sentralt</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Alle fakturaer sendes sentralt til fakturaadresse: Indre Hordaland Miljøverk IKS, Postboks 161, 5701 Voss</li> <li>Fakturaen kontrolleres sentralt og skal inneholde følgende opplysninger for å bli godkjent: <ul style="list-style-type: none"> <li>Fakturaadresse</li> <li>Attestant-/rekvisisjonsnummer/kostnadsbærer</li> <li>Bestillersnavn</li> <li>Forfall 30 dager</li> </ul> </li> </ul> | Leverandør<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>Øk/Bestiller |
| <b>3.1.1 Leverandørkontroll</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Leverandør sjekkes mot leverandørregisteret</li> <li>Nye leverandører sjekkes mot Brønnøysundsregisteret og dokumentasjon skrives ut og lagres i egen perm. Ny leverandør opprettes i leverandørregisteret.</li> </ul>                                                                                                                                                                               | Øk                                                             |
| <b>3.1.2 Document Center</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Mottatte faktura behandles elektronisk (EHF og pr epost) i Document Center(D-C) under leverandørnummer med følgende opplysninger; <ul style="list-style-type: none"> <li>Kostnadsbærer</li> <li>Fakturanummer</li> <li>Fakturadato</li> <li>Bilagsdato</li> <li>Beløp</li> <li>Forfallsdato</li> </ul> </li> </ul>                                                                                      | Bestiller<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>Bestiller     |
| <b>3.2 Fakturamottak</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    | Bestiller                                                      |

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |                                                            |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Attestanten vil motta e-post hver morgen på fakturaer som er tilsendt.</li> <li>• Faktura kontrolleres opp mot opplysninger i rekvisisjon, kostnadsbærer og ordrebekreftelse</li> <li>• Faktura attesteres (signatur/godkjenning) av to personer med attestasjonsmyndighet før den sendes til utbetaling. <i>Merk at den med bestillingsmyndighet kan ikke alene attestere på egne bestillinger.</i></li> <li>• Oversikt over de med attestasjonsmyndighet oppbevares sentralt i økonomiavdeling</li> </ul> | <p>Budsjettansvarlig.</p> <p>Bestiller<br/>IHM/Øk</p>      |
| <p><b>3.2.1 Avvikshåndtering</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ved avvik må det gjøres en vurdering om fakturaen/avviket skal godkjennes.</li> <li>• Dersom det er vesentlig avvik mellom rekvisisjon, kostnadsbærer og faktura er ikke budsjettansvarlig gyldig og faktura må godkjennes/signeres av den med bestillingsmyndighet</li> <li>• Hvis faktura ikke godkjennes, kommentar i D-C, sendes til bestiller og leverandør varsles umiddelbart. Det kreves kreditnota hvis faktura skal endres</li> </ul>                        | <p>Bestiller</p> <p>Budsjettansvarlig</p> <p>Bestiller</p> |

## 4. Bokføre og betale faktura

| Aktivitet                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | Utføres av                              |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------|
| <p><b>4.1 Etterkontroll av faktura</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Attestasjon / godkjenning i D-C må stemme overens med den som har bestillingsrett og riktig kostnadsbærer</li> <li>• Etterkontroll av leverandør, konto, fakturadato, bilagsdato, forfallsdato og fakturabeløp</li> </ul> | <p>Bestiller/Øk</p> <p>Bestiller/Øk</p> |
| <p><b>4.2 Bokføring</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bokføring av fakturaer i D-C skjer når etterkontroll er utført og gjøres under Leverandørreskontro -&gt; Bokføring av leverandørfakturaer</li> </ul>                                                                                     | <p>Bestiller/Øk</p>                     |
| <b>4.3 Betaling</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                           |                                         |



- Fakturaene remitteres fortløpende

Bestiller/Øk

## Vedlegg 2: Høyring rådmenn i eigarkommunane



Indre Hordaland revisjonsdistrikt

**Dykkar ref.:**      **Vår ref.:** 19/307-2 **Arkivkode:** K2 - M52, K3 - &14      **Dato:** 27.08.2019

**Selskapskontroll av Indre Hordaland miljøverk, rådmannen i Granvin sin kommentar**  
Rådmannen i Granvin takker for framlagt rapport og merker seg revisjonen sine tilrådingar.

Rådmannen er glad for at revisjonen konkluderer med at Indre Hordaland miljøverk føl opp selskapsavtala og andre føringar frå eigarane. Dette er eit viktig premiss for kommunale selskap. På den andre sida er rådmannen uro over funna av brot på anskaffingsregelverket, og støtter revisjonen sine prioriterte tilrådingar og forventar at Indre Hordaland miljøverk i framtida etterlever lov om offentlege anskaffingar.

Med helsing

Trude Hoflandsdal Letnes  
Rådmann  
Telefonnummer: 41679533



**Postadresse:**  
Postboks 13, 5733 Granvin  
**Besøksadresse:**  
Hardangervegen 2581

**Telefon:**  
56 52 40 00  
**E-post:** postmottak@granvin.kommune.no  
**Internettside:** www.granvin.kommune.no

**Org.nr.:**  
844162502  
**Bankontonr.:**  
6501 05 67305

## Vedlegg 3: Litteraturliste

### **Lover og forskrifter**

Lov om interkommunale selskaper. Lov 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskaper. Lova vart endra ved lov nr. 101/2017.

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova). Lov 25. september 1992, nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner. Lova vart endra ved lov nr. 115/2017.

Lov om offentlige anskaffelser (anskaffingslova). Lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser. Lova vart endra ved lov nr. 18/2017.

Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova). Lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall.

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta). Forskrift 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall.

Forskrift om offentlige anskaffelser (anskaffingsforskrifta). Forskrift 12. august 2016 nr 974 om offentlige anskaffelser. Forskrifta vart sist endra ved forskrift nr. 533/2018.

### **Anna litteratur, retningslinjer og rettleiarar**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (februar 2014): Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstenester (H-3/14)

Miljødirektoratet (M-258/2014), Veileder: beregning av kommunale avfallsgebyr – utdypning av avfallsforskriften kapittel 15

NKRF (01.02.2011): RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon

NKRF (22.10.2018): Veileder i selskapskontroll – med vekt på eierskapskontroll

Nærings- og fiskeridepartementet (november 2017): Veileder til reglene om offentlig anskaffelser (anskaffelsesforskriften)

Resch-Knudsen, Vibeke (2011): *Kommunalt eierskap - roller, styring og strategi*.

### **Interne dokument**

Betalingsregulativ for gebyr etter forureiningslova § 34. Kommunal forskrift for Eidfjord kommune, Granvin herad, Jondal kommune, Ullensvang herad, Ulvik herad og Voss kommune. Forskrifta var gjeldande frå 01.01.2019.

Budsjett 2019

Investering- og finansieringsplan HBio 2018 – 2020

Miljørapport 2017: IHM sit avfallsmottak, Bjørkemoen – Voss

Selskapsavtalen for Indre Hordaland Miljøverk IKS, sist endra i representantskapsmøte 29. april 2014.

Styre- og representantskapsmøte 2018 – 2019, protokollar, innkalling og saksframlegg/ presentasjonar.

Vedtektene for Indre Hordaland Miljøverk IKS, sist endra i representantskapsmøte 21. april 1999. Styre stadfesta at dette er gjeldande vedtekter for IHM med signatur 13.12.2018.

Årsmelding IHM 2018 og fleire år tilbake i tid.

### **Anna offentlig dokument**

Fellesnemnd for kommunane Ullensvang, Jondal og Odda i perioden 2017-2019. Møteprotokoll, 12.12.2018 (sak 048/18): Renovasjonsordning Ullensvang kommune 2020.

Fylkesmannen i Hordaland (21.09.2018): Løyve til mottak og lagring av farleg avfall og smittefarleg avfall for Indre Hordaland Miljøverk IKS.

Fylkesmannen i Hordaland (29.06.2009): Løyve etter forureiningslova til Indre Hordaland Miljøverk IKS for deponering og mellomlagring av avfall på Bjørkemoen i Voss kommune

Kommunedelplan avfall 2006 – 2009, <https://www.ihm.no/dokumentarkiv/kommunedelplan/62-kommunedelplan-avfall-2006-2009>

KommunalRapport (04.06.2019): Etterlyser klarere regler for utmelding av IKS-er, <https://kommunal-rapport.no/2019/06/uklare-regler-ved-utmelding-av-interkommunale-selskaper>

Partsamansett utval for kommunen Ullensvang, Jondal og Odda i perioden 2017-2019. Møteprotokoll, 04.12.2018 (sak 024/18): Renovasjonsordning Ullensvang kommune 2020.

Voss kommunestyre, 16.03.2017, sak 15/17: Detaljreguleringsplan avfallsmottak Bjørkemoen, IHM. 2. gongs handsaming, endeleg godkjenning.

## Vedlegg 4: Liste over tabellar og figurar i rapporten

### Figurar

|                                                                                     |    |
|-------------------------------------------------------------------------------------|----|
| Figur 2.1 Organisasjonskart for IHM (gjeldande frå hausten 2018) .....              | 18 |
| Figur 7.1 Hordaland Bioenergi AS – oversikt dotterselskap og tilknytta selskap..... | 52 |

### Tabellar

|                                                                                             |    |
|---------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| Tabell 2.1 Oversikt frå rekneskapen til IHM 2018.....                                       | 19 |
| Tabell 2.2 Oversikt personalkostnader IHM 2014 – 2018 .....                                 | 23 |
| Tabell 3.1 Oversikt rekneskapstal IHM 2014 - 2018 .....                                     | 26 |
| Tabell 3.2 Oversikt utjamningsfond hushald 2014 - 2018 .....                                | 27 |
| Tabell 3.3 Oversikt rekneskapstal 2018 med fordelingsnøklar .....                           | 31 |
| Tabell 3.4 Oversikt rekneskapstal 2017 med fordelingsnøklar .....                           | 31 |
| Tabell 4.1 Oversikt kunngjeringar i Doffin i perioden 2011 til mai 2019.....                | 37 |
| Tabell 7.1 Oversikt rekneskapstal for HBio med dotterselskap / tilknytta selskap 2018 ..... | 54 |



## Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

### Notat

#### Selskapskontroll IHM

##### Gjennomført høyring

Rapporten var sendt på høyring til leiinga i Indre Hordaland Miljøverk (IHM). Det vart gjennomført høyringsmøte og høyringssvar er lagt ved rapporten.

Deretter vart rapporten sendt på høyring til rådmennene i eigarkommunane i felles e-post datert 14.08.19 med høyringsfrist 26.08.19. Påminning vart sendt 28.08.19.

Det vart motteke 1 høyringssvar frå Granvin herad. Vi har ikkje motteke fleire svar pr. 16.09.19.

Rådmennene har fått anledning til gi ein uttale, og manglande høyringssvar vert vurdert til at rådmennene ikkje har nytta sin moglegheit til å gje eit slikt svar.

Voss 16.september 2019

Elin Bye  
Revisjonssjef

Vedlegg 1: e-post datert 14.08.2019

Vedlegg 2: e-post datert 28.08.2019



Indre Hordaland Revisjonsdistrikt  
Vangsgata 30  
Postboks 274  
5702 VOSS

## Uttale til rapport – selskapskontroll av IHM

Voss kommune har motteke rapport gjeldande selskapskontroll av Indre Hordaland Miljøverk (IHM).

*Rådmannen tek rapporten til etterretning med fylgjande merknader:*

Selskapskontrollen av IHM verkar vera grundig og omfattande. Det er Voss kommune sitt syn at IHM bør arbeida med tiltaka revisjonen foreslår. Ikkje minst vert dette viktig i samband med kommunesamanslåinga og tilhøyrande endringar i eigarskap.

Det er stilt spørsmål om IHM varetek sjølvkostreglane og om renovasjonsgebyra burde vore justert då utjamningsfondet kan vera for stort. Voss kommune vil i samband med framtidig budsjetthandling be om meir detaljert grunnlag for utrekning av gebyrsatsane for å bidra til at det vert korrekt nivå på gebyrsatsar og utjamningsfond.

Rapporten avdekkjer at gjeldande regelverk knytt til anskaffingslova ikkje er nytta i fleire høve. Dette er alvorleg, men Voss kommune ser at IHM allereie har tatt i bruk nye rutiner som burde innebera at framtidige innkjøpsavtalar fylgjer relevant regelverk til ei kvar tid.

Voss kommune vil halda fram med å styrka eigarskapen vår i selskapet gjennom ekstern opplæring av kommunale styre- og representantskapsmedlemmer og ei målretta eigarskapsmelding.

Med helsing  
Voss kommune  
Klikk her for å skrive inn tekst.

Einar Hauge  
Rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Mottakar:  
Indre Hordaland Revisjonsdistrikt







Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216  
Arkivnr: 2015/48-58  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                              | Saknr. | Møtedato   |
|------------------------------------|--------|------------|
| Kontrollutvalet i Eidfjord kommune | 30/19  | 01.10.2019 |

## IHR presenterer overordna revisjonsplan for Eidfjord kommune 2019

### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Eidfjord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. Ny kommunelov § 23.2, der det m.a. står:

*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.*

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83/KAPITTEL\\_7#KAPITTEL\\_7](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83/KAPITTEL_7#KAPITTEL_7)

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. Ny forskrift om kontrollutvalg § 3, der det m.a. står:

*Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at*

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*

[https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904/KAPITTEL\\_1?q=forskrift kontrollutvalg](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904/KAPITTEL_1?q=forskrift%20kontrollutvalg)

### Drøfting:

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan og informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2019, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskaper vert revidert på ein tryggande måte og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Sekretariatet har motteke revisjonsplan for 2019 og den ligg ved saka.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å koma med innspel til fokusområde i interimrevisjonen som skal gjennomførast denne hausten, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset den endelege revisjonsplanen.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 90189542 - E-postadresse: [kjartan.haugsnnes@hfk.no](mailto:kjartan.haugsnnes@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Etter planen skal interimsrevisjonsrapport leggjast fram for kontrollutvalet til handsaming i siste møte dette året.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå IHR til orientering.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2019 frå IHR til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 IHR presenterer overordna revisjonsplan for Eidfjord kommune 2019



Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

Forvaltningsrevisjon | Rekneskapskontroll | Intern kontroll | Rådgjeving og oppdrag



## Eidfjord kommune | Overordna revisjonsstrategi 2019

Planlegging

## Innhald

|     |                                   |   |
|-----|-----------------------------------|---|
| 1   | Innleiing.....                    | 3 |
| 2.  | Fokusområda 2019 .....            | 4 |
| 2.1 | Inntekter.....                    | 4 |
| 2.2 | Innkjøp.....                      | 5 |
| 2.3 | Løner .....                       | 5 |
| 2.4 | Lovbestemte oppgåver .....        | 5 |
| 3.  | Område i rekneskapen .....        | 5 |
| 3.1 | Innkjøpsområde .....              | 5 |
| 3.2 | Lønsområdet .....                 | 5 |
| 3.3 | Inntektsområdet/Salsområdet ..... | 6 |
| 3.4 | Overføringsområdet.....           | 6 |
| 3.5 | Finansområdet .....               | 6 |
| 3.6 | Likvidområdet .....               | 6 |
| 3.7 | Budsjett.....                     | 6 |
| 4.  | Framdriftsplan .....              | 6 |
| 5.  | Avslutning .....                  | 7 |

## 1 Innleiing

I vårt revisjonsarbeid vert kommunelova §78 og god kommunal revisjonsskikk lagt til grunn.

Revisor sitt overordna mål ved revisjon av årsrekneskapen er å oppnå tryggande sikkerheit for at rekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil. Revisjonen skal gi revisor grunnlag for å gi uttrykk for om rekneskapen i det alt vesentlege er utarbeidd i samsvar med eit gjeldande regelverk for finansiell rapportering. Rammeverket for revisjon av årsrekneskapen er kommunelova § 48 med tilhøyrande forskrifter, bokføringslova med tilhøyrande forskrifter og god kommunal revisjonsskikk.

Den overordna strategien skal gi kontrollutvalet ei innsikt i kva fokus revisjonen har, og årets framdriftsplan.

### Metodikk

Vi nyttar Descartes, som er ei programvare utarbeida av blant anna Den norske Revisorforening. Programvara sikrar at revisjonsstandardane (ISA) vert handsama på ein god måte. Programvara tek omsyn til den kommunale revisjonsmetodikken, som også bygger på dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA)

### Planlegging ISA 300

Planlegging inneber innhenting av kunnskap om kommunen der risikoelement vert avdekka og identifisert. Vurdering av kommunen sin art er kjelde til å identifisere risikofaktorar og faktorar som kan auke risikoen for misleghald (ISA 315).

Det vert føretatt ei kartlegging av intern kontroll og ei foreløpig vurdering av kontrollrisiko. Vidare vert det gjort ei vurdering av kva som vil vera vesentlege feil i rekneskapsrapporteringa for kommunen, samt å kartlegga kor det er størst risiko for at vesentlege feil oppstår.

### Risikovurdering ISA 315

Revisor skal utføre risikovurderingshandlingar for å danne eit grunnlag for å identifisere og anslå risiko for vesentleg feilinformasjon i rekneskapen. Risikovurderingshandlingar vil blant anna vera:

- Førespurnad til leiinga, relevante personar og andre som kan bidra til å identifisera risiko for vesentleg feilinformasjon
- Analytiske handlingar
- Observasjon og inspeksjon

Revisjonen skal opparbeide ei forståing av kommunen og omgjevnaden sin dynamikk. Dette inneber blant anna ei forståing av kommunen sin eigen intern kontroll, som skal redusera risikoen for vesentlege feil eller manglar ved informasjonen som kjem fram av årsrekneskapen.

Vår midlertidige vurdering av risiko for at det er vesentleg feilinformasjon i rekneskapen, er at risikoen er middels.

Moment for denne vurderinga er grunna i:

- Kommunen er ei offentlig verksemd som vert drifta av offentlege tilskot og underlagt offentleglova
- Kommunen er regel- og budsjettstyrt
- Kommunen er ei relativt stor verksemd med etablert organisering og internkontrollsystem
- Vår erfaring med kommunen.

### **Vurdering av grense for vesentleg feil ISA 320**

Revisor må ta standpunkt til grensa for feilinformasjon i rekneskapen som kan aksepterast av brukarane av rekneskapen. Det må definerast ei grense for kva som vert sett på som vesentleg feilinformasjon i rekneskapen. Vurderinga av risiko for vesentlege feil i planleggingsfasen er ein metode som skal bidra til ein effektiv og hensiktsmessig revisjon.

Grensa for vesentlege feil vert talfesta i planleggingsfasen og er revisor sin skjønsmessige vurdering. Feilinformasjon er vesentleg om det er rimeleg å forventa at feilen vil påverke dei økonomiske vala til brukarane av rekneskapsinformasjonen, om feilen var kjent for dei.

Vår midlertidige vurdering av grense for vesentleg feilinformasjon for rekneskapen totalt sett, er at grensa vert sett til middels nivå.

Desse momenta er lagt til grunn for denne vurderinga:

- Kommunen har middels til høg lånegjeld
- Kommunen har eit høgt investeringsbudsjett
- Kommunen er eksponert for omtale i media

### **Revisjonsstrategi ISA 330**

Revisjonsstrategien er basert på vurderingane i planleggingsfasen og skal enda ut i ein revisjonsplan som syner revisjonsmessig angrepsvinkel.

## **2. Fokusområda 2019**

Det er sendt førespurnad om samtale med rådmann og personale på økonomi og løn.

Vi ynsker blant anna å fylgje opp merknadar som går fram av årsoppgjersbrev datert 9. mai 2019. Blant anna gjeld dette:

- a) Regulert budsjett
- b) Avstemming av utlån
- c) Fondsavsetning utlån
- d) klassifiseringar

### **2.1 Inntekter**

Her ynskjer vi framleis å ha fokus på interne rutinar som sikrar fullstendigheit av inntekter knytt til brukarbetalingar. Det vert valt ut eit område som vert testa og kontrollert.

## **2.2 Innkjøp**

Revisjonen ynskjer her å sjå på leverandørar. Testing ved avstemming av saldo og transaksjonar vil vera dømme på handlingar. Vi ynskjer og å sjå nærare på om det føreligg nære relasjonar mellom bestillarar og leverandørar i kommunen.

## **2.3 Løner**

På løn ynskjer vi å vurdere om avstemmingsrutinar er på plass. Vi ser på blant anna reiserekningar og andre naturalytingar.

## **2.4 Lovbestemte oppgåver**

Forutan risiko- og fokusområda nemnd over skal revisjonen gjere desse lovpålagte oppgåvene:

- a) Kontroll av vesentlege budsjettavvik, jf. kommunelova § 78 med tilhøyrande forskrift.
- b) Vurdere om leiinga har oppfylt si plikt til å syta for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og forskrifter jf. kommunelova § 78 med tilhøyrande forskrift.

# **3. Område i rekneskapen**

## **3.1 Innkjøpsområde**

Vår revisjon vil bestå av:

- 1) Kartlegging av rutinar og intern kontroll
- 2) Sjølvkost – kostnader, kontering
- 3) Prosjekt – kostnader, kontering
- 4) Kontroll av uvanlege kjøpstransaksjonar
- 5) Momskompensasjon
- 6) Analysar
- 7) Substanskontrollar

Årsoppgjersrevisjon vil i tillegg ta omsyn til avstemming og analyser av blant anna leverandørar og avtaler.

## **3.2 Lønsområdet**

Vår revisjon vil bestå av:

- 1) Kartlegging av rutinar og intern kontroll frå grunnlagsdata til system
- 2) Vurdere om løn på sjølvkostområde og prosjekt er korrekt klassifisert og bokført
- 3) Analysar
- 4) Substanskontrollar

### 3.3 Inntektsområdet/Salsområdet

Vår revisjon vil bestå av:

- 1) Kartlegging og testing av rutinar og intern kontroll
- 2) Testing av innlagt grunnlagsdata i systemet
- 3) Systemtest
- 4) Kontroll av uvanlege salstransaksjonar

### 3.4 Overføringsområdet

Vår revisjon vil bestå av:

- 1) Kontroll av ekstern dokumentasjon
- 2) Analysar
- 3) Vurdering av interne overføringer

Område vert i hovudsak revidert i samband med årsoppgjeret.

### 3.5 Finansområdet

Vår revisjon vil bestå av:

- 1) Kontroll av ekstern dokumentasjon
- 2) Testing av endringar mot vedtak og budsjett
- 3) Kartlegging av rutine og intern kontroll
- 4) Testing av regelbunden avsetningar/betalingar

Området vert i hovudsak revidert i samband med årsoppgjeret.

### 3.6 Likvidområdet

Vår revisjon vil bestå av:

- 1) Kontroll av ekstern dokumentasjon
- 2) Vurdering av rutinar og intern kontroll

Området vert i hovudsak revidert i samband med årsoppgjeret

### 3.7 Budsjett

Vår revisjon vil bestå av:

- 1) Kontroll av vedtak med budsjett- konsekvens
- 2) Vurdering av rutinar og intern kontroll
- 3) Analysar

## 4. Framdriftsplan

Revisjonen vert delt inn i tre hovudfasar:

|             |                    |                            |
|-------------|--------------------|----------------------------|
| Planlegging | august - september | Oppstartsmøter med leiinga |
|             |                    | Møter med administrasjonen |



|                     |                                     |                                                                                                                                              |
|---------------------|-------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                     |                                     | Planleggja ut i frå identifiserte risikoområde                                                                                               |
| Interim             | september - januar                  | Gjennomføre planlagde kontrollar og handlingar<br><br>Oppfølgingsmøte med administrasjonen og leiinga<br><br>Informasjon til kontrollutvalet |
| Årsoppgjersrevisjon | februar – april<br><br>april - juni | Revisjon av årsrekneskapen<br><br>Møter med leiinga<br><br>Informasjon til kontrollutvalet<br><br>Delta på kommunestyremøte                  |

Lovfesta frist for revisjonsmelding er 15. april 2020.

## 5. Avslutning

Det er i 2019 etter vår meining eit noko auka risikobilde for rekneskapen, men ikkje så mykje at vi har endra vår vurdering på risiko og grense for vesentlege feil og manglar frå i fjor.

Revisjonen vil ha stort fokus på administrasjonen sin dokumentasjon av balansepostar og deira verdivurdering ved årsavslutninga.

Målet er å kunne gjennomføre revisjon av Eidfjord herad sin rekneskap for året 2019 i tråd med våre revisjonsstandardar og bidra til å sikre at Eidfjord herad legg fram eit årsrekneskap utan vesentlege feil og manglar.

Voss, 23. september 2019

Elin Bye

Registrert Revisor



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2017/44-51  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                              | Saknr. | Møtedato   |
|------------------------------------|--------|------------|
| Kontrollutvalet i Eidfjord kommune | 31/19  | 01.10.2019 |

### Milepælsorientering forvaltningsrevisjon Bygging av ny sjukeheim i Eidfjord.

Bakgrunn for saka.

I heile denne perioden har kontrollutval og revisjon arbeidd med forvaltningsrevisjon av ny sjukeheim i Eidfjord. Kontrollutvalet har i alle sin møte hatt milepælsorienteringar om arbeidet etterkvart som ny sjukeheim har vore under bygging.

Dette er det siste møtet i kontrollutvalet for valperioden 2015 – 2019 og sekretariatet har bedd revisjonen oppsummere arbeidet so langt og avtale med utvalet når sjølv rapporten kan handsamast i kontrollutval og kommunestyre.

### Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering
2. Kontrollutvalet vil handsame forvaltningsrevisjonsrapporten «Ny sjukeheim i Eidfjord kommune» i sitt møte.....

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2019/43-1  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                              | Saknr. | Møtedato   |
|------------------------------------|--------|------------|
| Kontrollutvalet i Eidfjord kommune | 32/19  | 01.10.2019 |

## Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024, bestilling av prosjektplan

### Bakgrunn for saka

Ny kommunelov vart vedteken 22.06.2018 og skal i hovudsak tre i kraft frå konstituerande møte i kommunestyret som gjeld valperioden 2019 - 2023. Av § 23-3 Forvaltningsrevisjon går det frem bl.a. dette:

*«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»*

Nytt i forhold til gjeldande kommunelov er at plan for forvaltningsrevisjon no og skal innehalda eventuelle forvaltningsrevisjonar i selskap som kommunen har eigarskap i.

Dette inneber at kontrollutvalet innan utgangen av 2020 må sørgja for:

- å gjennomføra ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap.
- å utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2020 – 2024 basert på den gjennomførte risiko og vesentlegvurderinga
- at planen blir vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.
- Fram til ny plan er vedteken vil plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020 gjelda

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 90189542 - E-postadresse: [kjartan.haugsnnes@hfk.no](mailto:kjartan.haugsnnes@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Drøfting:

Gjennomføring av ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap, og utarbeiding av forslag til plan for forvaltningsrevisjon, kan gjerast av den valde revisor, sekretariatet eller anna eksternt selskap med kompetanse på området. Det som er mest vanleg i dei kommunar me er sekretariat for er å be kommunen sin eigen revisor gjennomføra oppdraget. IHR har vore revisor for kommunen lenge og kjenner organisasjonen godt. Det gjer at dei vil ha eit godt grunnlag for å gjennomføra dette arbeidet på ein god måte.

Kontrollutvalet bør og drøfta seg fram til enkelte føringar for gjennomføring av arbeidet. Slike føringar kan f.eks. vera kven som bør involverast i gjennomføringa av risiko og vesentlegvurderinga, i kor stor grad kontrollutvalet sjølv bør involverast i arbeidet, kor djupt skal analysen gå (omfanget), kor mange timar skal ein kunna bruka på jobben og når skal arbeidet leverast ferdig til kontrollutvalet for endeleg handsaming. Denne drøftinga bør munna ut i ei skisse for vidare framdrift i saka.

Det skal og utarbeidast plan for eigarskapskontroll i løpet av 2020, jf. anna sak til dette møtet, og det vil vera føremålstenleg og kostnadssparande å sjå arbeidet med utarbeiding av begge planane under eitt. Dersom ein skal dela dette arbeidet opp i eit prosjekt innan forvaltningsrevisjon, og eit prosjekt innan eigarskapskontroll, vil det truleg føra til meir ressursbruk.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber IHR utarbeida forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av risiko- og vesentlegvurderingar av Eidfjord kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap. Vidare bør prosjektplanen omfatta utarbeiding av forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024, inkludert ressursbruk og forventa levering.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber IHR innan 20.11.2019, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering.  
Prosjektplanen skal omfatta:
  - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Eidfjord kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap skal gjennomførast.
  - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggst fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i nytt utval.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggst fram for kommunestyret i juni 2020.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2019/44-1  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                              | Saknr. | Møtedato   |
|------------------------------------|--------|------------|
| Kontrollutvalet i Eidfjord kommune | 33/19  | 01.10.2019 |

## Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024, bestilling av prosjektplan

### Bakgrunn for saka

Ny kommunelov vart vedteken 22.06.2018 og skal i hovudsak tre i kraft frå konstituerande møte i kommunestyret som gjeld valperioden 2019 - 2023. Av § 23-4 Eigarskapskontroll går det fram bl.a. dette:

*«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»*

Nytt i forhold til gjeldande kommunelov er at plan for eigarskapskontroll ikkje skal innehalda forvaltningsrevisjon i selskap som kommunen har eigarskap i, men desse skal eventuelt inn i plan for forvaltningsrevisjon.

Dette inneber at kontrollutvalet innan utgangen av 2020 må sørgja for:

- å gjennomføra ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sine eigarskap i selskap.
- å utarbeida ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll i perioden 2020 – 2024 basert på den gjennomførte risiko og vesentlegvurderinga
- at planen blir vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.
- Fram til ny plan er vedteken vil plan for selskapskontroll 2016 – 2020 gjelda

Drøfting:

Gjennomføring av ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sine eigarskap i selskap, og utarbeiding av forslag til plan for eigarskapskontroll, kan gjerast av kommunen sin revisor, sekretariatet eller anna eksternt selskap med kompetanse på området. Det som er mest vanleg i dei kommunar me er sekretariat for er å be kommunen sin revisor om gjennomføra oppdraget. IHR har vore revisor for kommunen lenge og kjenner organisasjonen godt. Det gjer at dei vil ha eit godt grunnlag for å gjennomføra dette arbeidet på ein god måte.

Kontrollutvalet bør og drøfta seg fram til enkelte føringar for gjennomføring av arbeidet. Slike føringar kan f.eks. vera kven som bør involverast i gjennomføringa av risiko og vesentlegvurderinga, i kor stor grad kontrollutvalet sjølv bør involverast i arbeidet, kor djupt skal analysen gå (omfanget), kor mange timar skal ein kunna bruka på jobben og når skal arbeidet leverast ferdig til kontrollutvalet for endeleg handsaming. Denne drøftinga bør munna ut i ei skisse for vidare framdrift i saka.

Det skal og utarbeidast plan for forvaltningsrevisjon i løpet av 2020, jf. anna sak til dette møtet, og det vil vera føremålstenleg og kostnadssparande å sjå arbeidet med utarbeiding av begge planane under eitt. Dersom ein skal dela dette arbeidet opp i eit prosjekt innan forvaltningsrevisjon, og eit prosjekt innan eigarskapskontroll, vil det truleg føra til meir ressursbruk.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber IHR utarbeida forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av risiko- og vesentlegvurderingar av Eidfjord kommune sine eigarskap i selskap. Vidare bør prosjektplanen omfatta utarbeiding av forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024, inkludert ressursbruk og forventa levering.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber IHR innan 20.11.2019, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering.  
Prosjektplanen skal omfatta:
  - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Eidfjord kommune sin eigarskap i selskap skal gjennomførast.
  - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i nytt utval.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for eigarskapskontroll kan leggjast fram for kommunestyret i juni 2020.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



**PS 34/19 Referatsaker**

**Fra:** Anne-Karin Femanger Pettersen (fkt@fkt.no)

**Sendt:** 05.09.2019 11:37:00

**Til:** Forum for Kontroll og Tilsyn

**Kopi:**

**Emne:** Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon september 2019

**Vedlegg:**

Kjære medlemmer,



Det viktigste som skjer denne høsten er selvfølgelig kommune- og fylkestingsvalget. Nye kontrollutvalg skal velges og læres opp!

**Opplæringspakke:**

- FKT har laget en opplæringspakke/samling av pp-presentasjoner som vi vil sende ut til medlemssekretariatene ganske snart. Her kan man velge presentasjoner og tilpasse som man ønsker. Dette vil også bli lagt ut på medlemssidene til FKT.
- Det kan også være verdt å notere seg allerede nå at vi vil tilby et eget dagskurs for kontrollutvalgsledere «**KU-lederskolen**» i uke 17 2020. Her vil vi gå dypere inn i den viktige rollen det er å være KU-leder.
- I tillegg til dette har vi sendt oppfordring til alle kommuner om at hele kontrollutvalget bør delta på folkevalgtopplæringen til kommunestyret. Samtidig oppfordret vi også til at den kommunale egenkontrollen må gis god plass i folkevalgtopplæringen. Et godt lokaldemokrati krever en god egenkontroll. Kunnskap er bærebjelken for å få dette til.

**Veileder påse-ansvar overfor regnskapsrevisor:**

Flere har etterspurt veilederen. Den er like rundt hjørnet den også 😊



**Kurs i påse-ansvaret overfor regnskapsrevisor:**

Invitasjon kommer! Noter datoene **5.-6. november**, Lillestrøm Scandic Hotel

**Styret:**

Styret hadde møte 14. august 2019. Protokollen er lagt ut på [medlemssiden](#) (krever pålogging) her finner du også et lite bildereferat fra FKTs arrangement i Arendal.

Da gjenstår det å ønske lykke til med valget og tusen takk for følge til dere som ikke blir med videre.

Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær



FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN



**PS 35/19 Eventuelt**